



## MØTEINNKALLING

**Utval:** Formannskapet  
**Møtestad:** Formannskapssalen Herøy rådhus  
**Dato:** 03.03.2015  
**Tid:** 13:30

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møter i kommunale organer skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

---

**Dersom du ønskjer din habilitet vurdert i ei sak, må du melde skriftleg frå til Fellesekretariatet om dette i god tid før møtet (Forvaltningslova § 8, 3. ledd).**

Fosnavåg, 25.02.2015

Arnulf Goksøy  
ordførar

## OFFENTLEG SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 34/15	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 35/15	Protokoll frå førre møte
PS 36/15	Referatsaker
PS 37/15	Vakanse lærlingar 2015
PS 38/15	Tilsetjingsstopp - konsekvensar for brannvern og anlegg- og drift
PS 39/15	Løyve til utlysing av stillingsressurs i bu- og habiliteringsavdelinga
PS 40/15	Søknad om utlysing av stilling
PS 41/15	Vakanse personal- og organisasjonsavdelinga 2015
PS 42/15	Vakanse innan psykisk helsevern - behov for vikar
PS 43/15	Utlysing av stilling for avdelingsleiar ved Myrvåg omsorgssenter
PS 44/15	Reguleringsendring for deler av Myklebust vest - offentlig ettersyn
PS 45/15	Søknad om overtaking av privat veg i Bondestokksund.  Referatsaker
RS 7/15	Arealberekning og avgiftsgebyr - oppsummering etter møte 02.02.2015
RS 8/15	Kommunalt ansvar for ei markering ved Fiskarkona
RS 9/15	Uttale til sak om utlysing av vakante stillingar i 2015



PS 34/15 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 35/15 Protokoll frå førre møte

PS 36/15 Referatsaker





HERØY KOMMUNE  
HERØY KOMMUNE

Personal- og organisasjonsavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

-

---

Sakshandsamar:	JVDH	Arkivsaknr:	2015/91
		Arkiv:	411

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
37/15	Formannskapet	03.03.2015

### VAKANSE LÆRLINGAR 2015

#### Tilråding frå rådmannen:

Formannskapet godkjenner at det kan vere inntil 8 lærlingplassar i kommunen i 2015.

Særutskrift:

- Personalavdelinga
- Økonomiavdelinga

## Vedlegg: 3

### Saksopplysningar:

Budsjettet for 2015 er ei vidareføring av budsjettet for 2014 korrigert for prisauke.<sup>1</sup> Måltalet for 2014 var 9 lærlingar i snitt i løpet av året. Per 9. februar 2015 er det 7 lærlingar som er i kontrakt. Ein av desse er langtidssjukmeld. I løpet av 2015 skal 3 lærlingar vere ferdig med lærlingperioden. I tillegg til dette er det planlagt at 1 lærling skal vere ferdig i januar 2016, sjå oversyn nedanfor.

Måltal 2014	I kontrakt per 09.02.2015	Langtids-sjukmeld	Planlagt avslutning t.o.m. januar 2016	Estimert tal på lærlingar i kontrakt per februar 2016
9				
	7			
		1		
			4	
				3

Nettobudsjettet for 2015 er på om lag kr. 1 470 000,- og inkl. refusjon frå fylkeskommunen er budsjettet på om lag kr. 1 650 000,-.

Eit lærlingløp er normalt på 2 år ved vanleg progresjon. Det vil sei at i snitt vil lønstandane per år utgjere 50% av minste tariff løn for fagarbeidar.

For tida er minste tariff løn i 100% stilling kr. 316 300,- per år. Inklusiv sosiale kostnader (ca. 25%) er minste tariff løn for fagarbeidar om lag kr. 395 000,- per år.

Det vil sei at kostanden for ein lærling i snitt er om lag kr. 198 000,- per år.

Variablar som ein ikkje får tatt høgde for er sjukefråvær, permisjonar, terminering og opphøyr av kontraktar, progresjon, godkjenning av tidlegare praksis og tidspunkt for bestått fagprøve. Desse variablane er med på redusere den faktiske snitt kostanden per år.

Det er på dette grunnlag administrasjonen har sett måltalet.

### Vurdering og konklusjon:<sup>2</sup>

Det er viktig at Herøy kommune er sitt samfunnsansvar og samfunnsoppdrag bevisst, ved aktivt tilsette lærlingar og utdanne fagarbeidarar. Herøy kommune har over tid etablert eit godt samarbeid både med ungdomsskulane i kommunen og Herøy vidaregåande skule. Herøy kommune har over tid bidrege med å motivere elevar og rekruttere lærlingar. Ei svekking av arbeidet vil på sikt kunne demontere gode relasjonar og samarbeidsarena.

<sup>1</sup> Sjå vedlegg 3

<sup>2</sup> Sjå vedlegg 1 og 2

Vi veit at skule og arbeid er avgjerande for om folk blir buande og flyttar til kommunen. Herøy kommune er soleis avhengig av at ungdommen tek relevant utdanning og får arbeid. På den eine sida er kommunen stadig avhengig av dyktige fagfolk, og på den andre sida er lærlingløpa viktig mtp. rekrutteringa til den vidaregåande skulen. Ein langvarig og/eller dramatisk reduksjon av utdanning og lærlingløp vil med andre ord ikkje berre kunne få direkte verknader for kommunen sitt tenestetilbod, men også påverke andre viktige samfunnsbærar i kommunen. Døme på nemnde høve var å lese i Vestlandsnytt den 10. februar 2015.

**Utklipp frå Vestlandsnytt 10. februar 2015:**





Herøy kommune er i starten av eit generasjonsskifte. I t.d. Pleie- og omsorgsavdelinga er over 40% av fagarbeidarane mellom 50-59 år og 20% er over 60 år. I nemnde aldersgrupper er det over dobbelt so mange fagarbeidarar samanlikna med sjukepleiarar. Om ein ser på fagarbeidarar samanlikna med sjukepleiarar i aldersgruppa under 30 år og mellom 30-39 år, ser ein at det under 1 fagarbeidar på 2 sjukepleiarar. Dette tilsei at Herøy kommune har eit stort behov for å utdanne og halde på fagarbeidarar innan helse- og omsorgsfaga.

Vår vurdering er at ein aktiv og velfungerande lærlingpolitikk ikkje berre er god økonomi og bra for tenesteytinga. Moglegheita for og god ivaretaking under lærlingløpet er òg god omdømmebygging.

Vidare er det eit moment i saka at Landstinget i KS har uttala seg om måltalet. KS skriv;<sup>3</sup>

«Landstinget i KS fremhevet i 2012 et måltall for kommunene om 1 lærling pr 1000 innbygger. I tillegg til å se på antall lærlinger i kommunene opp mot innbyggertall, anbefaler KS at inntak av lærlinger også ses opp mot framtidig rekrutteringsbehov.

For å kunne rekruttere for framtida, er det viktig at unge og nyutdannede tilbys faste, hele stillinger. Rapporten «Å bli helsefagarbeider» (NIFU rapport 5/2013) viser at en av de viktigste grunnene til at elevene ikke fullførte fagbrev innenfor helsearbeiderfaget var mangel på faste hele stillinger når de var ferdige med opplæringen.»

<sup>3</sup> <http://www.ks.no/tema/Skole-og-oppvekst/Skole/Skoleeier/Larlinger-i-kommunesektoren---tema-pa-hostkonferansene/>

Når dette er sagt, er det administrasjonen sitt utgangspunkt at alle tiltak må vurderast. Herøy kommune skal redusere driftskostandane og i den samanheng er det ikkje urimeleg at også lærlingområdet vert gjenstand for ei reell vurdering av reduksjon i driftskostandar. Likevel er det administrasjonen si haldning at ein bør søke å balansere omsyna, slik at ikkje reduksjonen vere større enn at kommunen maktar å rekruttere naudsynt fagkompetanse og ressursar.

### Personal- og organisasjonsavdelinga si risikoanalyse:

Verknaden på sikt av å ha 8 lærlingplassar	Lita fåre	Noko fåre	Fåre	Vurderingstema:
Mykje truleg				1. Reduserte tenester på sikt
Truleg		2.		2. Kvalitet på sikt
Lite truleg	3.	1.		3. Omdømme på sikt

Verknaden på sikt av å redusere frå 8 til 6 lærlingplassar	Lita fåre	Noko fåre	Fåre	Vurderingstema:
Mykje truleg				1. Reduserte tenester på sikt
Truleg		1. og 3.	2.	2. Kvalitet på sikt
Lite truleg				3. Omdømme på sikt

Verknaden på sikt av å redusere frå 8 til 4 lærlingplassar	Lita fåre	Noko fåre	Fåre	Vurderingstema:
Mykje truleg		1.	2.	1. Reduserte tenester på sikt
Truleg			3.	2. Kvalitet på sikt
Lite truleg				3. Omdømme på sikt

Etter ei konkret og heilskapleg vurdering kjem administrasjonen til fylgjande konklusjon;

**Reduksjon av måлтаlet med 1 lærling i snitt, slikt at måлтаlet for 2015 vert 8 lærlingar i snitt.**

#### Konsekvensar for folkehelse:

Det kan på lang sikt skape utfordringar ved at Herøy kommune ikkje har tilstrekkeleg med kvalifiserte helsearbeidarar.

#### Konsekvensar for beredskap:

Få eller ingen konsekvensar.

Konsekvensar for drift:

Stans i rekruttering av lærlingar vil kunne få konsekvensar for drift, då at erfarne lærlingar vert nytta i staden for å leige inn vikar.

Konsekvensar for økonomi:

For 2015 vil stans i rekrutteringa av lærlingar føre til ein direkte innsparingar på om lag kr. 198 000 per år per lærling. På sikt vil dette kunne auke faktiske driftskostnadar ved auka bruk av overtid og vikar.

Fosnavåg, 13.02.2015

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann


Jan Vidar Dammen-Hjelmeseth  
Personalleiar

Sakshandsamar: Jan Vidar Dammen-Hjelmeseth

## Vakanse lærlingar 2015 – konsekvensvurdering

I følge rapporten, *Læreplasser i kommunesektoren- omgang og utfordringer*, skisseres det fire hovedårsaker til at offentlig sektor tar inn lærlinger (Hagen & Nyen, 2006). Disse er at de ønsker å ta et samfunnsansvar med at ungdom får læreplass, ta et fag- og bransjeansvar og bidra til videreføring av faget og dets tradisjoner, rekruttering til bedriften og betydningen av den innsatsen en lærling kan bidra med inn i bedriften i løpet av læretiden. For siste tilfellet vektlegges det at innsatsen overgår kostnadene til lønn for lærlingen. Liv Signe Navarsete (SP) har uttalt til Aftenposten «Med det vi vet om eldrebølgen i dag, hva den vil koste og hvor mange som må jobbe i omsorgssektoren, må vi se i øynene at det ikke kommer til å gå» (Hornburg, 2012). Hun viser til at mellom halvparten og en tredjedel av alle som går ut av videregående skole etter 2025 må velge seg jobb i helse- og omsorgssektoren dersom i sektoren skal få tilstrekkelig rekruttering i fremtiden. Dette sier både noe om behovet for rekruttering og behov for utvikling i helse- og omsorgssektoren.

1. **Samfunnsansvar** (<http://lærlingløftet.no/samfunnskontrakten/>)
  - Kva skjer om vi ikkje tek vare på ungdommen og gir dei eit tilbod? Fråflytting? Dårleg omdømme?
2. **Fag- og bransjeansvar og bidra til vidareføring av faget og tradisjonar det har**
  - Herøy har eit godt samarbeid med HVS. Skulen er avhengig av bedriftene for å utdanne fagarbeidarar. Kva skjer med skulen sine yrkesfaglinjer dersom vi legg ned læreplassar? Mistar vi dei? Mistar vi ungdommen også då?
3. **Rekruttering til bedrifta**
  - Rekrutteringsbehov i Herøy
    - Alderssamansetninga i Pleie- og omsorgsavdelinga; august 2013



Demografien seier oss at når dei mellom 50-59 går ut av yrkeslivet, har vi enorme rekrutteringsbehov.

- Omdømme ;
  - Har jobba aktivt med rekruttering både i ungdomskulen og på vidaregåande i fleire år. Dette har verka til at vi, saman med Ulstein, no har hatt brorparten av søkjarane til læretid siste åra.
  - Mister ein omdømmearena . Ein lærling som trives, framsnakkard ordninga og yrket. Vi har laga gode system som tek vare på lærlingen gjennom heile læretida
- 4. **Betydninga av innsatsen ein lærling kan bidra med inn i bedrifta i løpet av læretida**
  - Kjøkkenet er avhengig av lærling for å få til den daglege drifta.
  - Ved sjukdom hender det at avdelinga kan unngå å sette inn vikar, for den erfarne lærlingen tek over ansvaret.





## Jan Vidar Dammen-Hjelmeseth

---

**Fra:** Gro Anette Frøystad Voldsund  
**Sendt:** 26. januar 2015 10:13  
**Til:** Jan Vidar Dammen-Hjelmeseth; Ragnhild Velsvik Berge; Renathe Rossi-Kaldhol  
**Emne:** SV: Ifht konsekvensar og lærlingar

Vedlegget er ei felles vurdering, frå alle tre.

Helsing

### GRO ANETTE FRØYSTAD VOLDSUND

Fagutviklingssjukepleiar

7008 1511

[www.heroy.kommune.no](http://www.heroy.kommune.no)

---

**Fra:** Jan Vidar Dammen-Hjelmeseth  
**Sendt:** 23. januar 2015 11:25  
**Til:** Ragnhild Velsvik Berge; Renathe Rossi-Kaldhol; Gro Anette Frøystad Voldsund  
**Emne:** SV: Ifht konsekvensar og lærlingar

Hei alle!

Spørsmål!

Er det slik å forstå at vedlegget er tilbakemeldinga frå PO, Bu/hab og opplæringskoordinator, eller kjem det nokre ytterlegare vurderingar/meldingar?

Helsing

### JAN VIDAR DAMMEN-HJELMESETH

Personalleiar

7008 1327 / 99 015 025

[www.heroy.kommune.no](http://www.heroy.kommune.no)

---

**Fra:** Ragnhild Velsvik Berge  
**Sendt:** 21. januar 2015 21:48  
**Til:** Jan Vidar Dammen-Hjelmeseth  
**Kopi:** Renathe Rossi-Kaldhol; Gro Anette Frøystad Voldsund  
**Emne:** VS: Ifht konsekvensar og lærlingar

Hei. Viser til vedlegget som godt skildrar behovet for å få tilsette i desse stillingane. Eg vil understreke viktigheita av dette då vi stadig erfarer at kampen om arbeidskrafta er i full gang. Vi miste no ein dyktig kandidat til Ulstein fordi vi ikkje kunne svare bekreftande på tilsetting. Lærlingane har rekrutteringsverdi både på kort (vikarar) og lang sikt (fagarbeidarar som må erstatte alle seniorane) Alternativet på kort sikt er oftast ufaglært arbeidskraft. I fjor sommar brukte vi vikarbyrå for første gang. Dette var ved avdelinga A. I år vil vi treng å bruke dette også ved andre avdelingar. Vi får då ekstra utgifter både til byrå og husleige til vikar. Lærlingstillingar er god kost/nytte og eg ber om dei vert lyst ut snarast.

Helsing

**RAGNHILD VELSVIK BERGE**

Pleie- og omsorgsleiar

7008 1488 / 99 21 00 13

[www.heroy.kommune.no](http://www.heroy.kommune.no)

---

**Fra:** Gro Anette Frøystad Voldsund

**Sendt:** 20. januar 2015 14:08

**Til:** Ragnhild Velsvik Berge; Renathe Rossi-Kaldhol

**Emne:** VS: Ifht konsekvensar og lærlingar

Kva tenkjer de om dette? De må gjerne legge til / trekkje i frå :)

Helsing

**GRO ANETTE FRØYSTAD VOLDSUND**

Fagutviklingssjukepleiar

7008 1511

[www.heroy.kommune.no](http://www.heroy.kommune.no)

---

**Fra:** Renathe Rossi-Kaldhol

**Sendt:** 20. januar 2015 11:09

**Til:** Ragnhild Velsvik Berge

**Kopi:** Gro Anette Frøystad Voldsund

**Emne:** Ifht konsekvensar og lærlingar

Ragnhild:

Eg har satt Gro- Anette på saken med å vurdere konsekvensar ifht å ha lærlingar og ikkje. Jmf sak til formannskapet som personalleiaren skal forfatte.

Ho ville lage eit utkast til oss, som grunnlag for innspel og vurdering.

Helsing

**RENATHE ROSSI-KALDHOL**

Bu- og habiliteringsleiar

7008 1491/9488 1303

[www.heroy.kommune.no](http://www.heroy.kommune.no)

**Jan Vidar Dammen-Hjelmeseth**

Vedlegg 2.

**Fra:** Sølvi Lillebø Remøy  
**Sendt:** 26. januar 2015 11:38  
**Til:** Jan Vidar Dammen-Hjelmeseth  
**Emne:** SV: Ifht konsekvensar og lærlingar

Hei,

Har ikkje andre innspel enn dei eg nemnde då saka vart drøfta på leiarmøtet:

Det er vanskeleg å få tak i fagarbeidarar innan barne- og ungdomsarbeidarfaget. Dermed er dei fleste assistentar i skulen ufaglærte. Samtidig vert oppgåvene til ein assistent stadig meir krevjande, sidan stillingane i hovudsak er relatert til barn med særlege behov - anten læremessig eller åtferdsmessig.

Å kunne forme og bygge opp lærlingar, er dermed ein viktig faktor både for kompetanse og for rekruttering.

Helsing

**SØLVI LILLEBØ REMØY**  
Skulesjef

7008 1387/ 9576 4125

[www.heroy.kommune.no](http://www.heroy.kommune.no)

---

**Fra:** Jan Vidar Dammen-Hjelmeseth  
**Sendt:** 26. januar 2015 08:50  
**Til:** Sølvi Lillebø Remøy  
**Emne:** VS: Ifht konsekvensar og lærlingar

Hei Sølvi!

Har du nokre innspel til saka om vakanse for lærlingplassar?

Helsing

**JAN VIDAR DAMMEN-HJELMESETH**  
Personalleiar

7008 1327 / 99 015 025

[www.heroy.kommune.no](http://www.heroy.kommune.no)

---

**Fra:** Ragnhild Velsvik Berge  
**Sendt:** 21. januar 2015 21:48  
**Til:** Jan Vidar Dammen-Hjelmeseth  
**Kopi:** Renathe Rossi-Kaldhol; Gro Anette Frøystad Voldsund  
**Emne:** VS: Ifht konsekvensar og lærlingar

Hei. Viser til vedlegget som godt skildrar behovet for å få tilsette i desse stillingane. Eg vil understreke viktigheita av dette då vi stadig erfarer at kampen om arbeidskrafta er i full gang. Vi miste no ein dyktig kandidat til Ulstein fordi vi ikkje kunne svare bekreftande på tilsetting. Lærlingane har rekrutteringsverdi både på kort (vikarar) og lang sikt (fagarbeidarar som må erstatte alle seniorane) Alternativet på kort sikt er oftast ufaglært arbeidskraft. I fjor sommar

brukte vi vikarbyrå for første gang. Dette var ved avdelinga A. I år vil vi treng å bruke dette også ved andre avdelingar. Vi får då ekstra utgifter både til byrå og husleige til vikar. Lærlingstillingar er god kost/nytte og eg ber om dei vert lyst ut snarast.

Helsing

**RAGNHILD VELSVIK BERGE**

Pleie- og omsorgsleiar

7008 1488 / 99 21 00 13

[www.heroy.kommune.no](http://www.heroy.kommune.no)

---

**Fra:** Gro Anette Frøystad Voldsund

**Sendt:** 20. januar 2015 14:08

**Til:** Ragnhild Velsvik Berge; Renathe Rossi-Kaldhol

**Emne:** VS: Ifht konsekvensar og lærlingar

Kva tenkjer de om dette? De må gjerne legge til / trekkje i frå :)

Helsing

**GRO ANETTE FRØYSTAD VOLDSUND**

Fagutviklingssjukepleiar

7008 1511

[www.heroy.kommune.no](http://www.heroy.kommune.no)

---

**Fra:** Renathe Rossi-Kaldhol

**Sendt:** 20. januar 2015 11:09

**Til:** Ragnhild Velsvik Berge

**Kopi:** Gro Anette Frøystad Voldsund

**Emne:** Ifht konsekvensar og lærlingar

Ragnhild:

Eg har satt Gro- Anette på saken med å vurdere konsekvensar ifht å ha lærlingar og ikkje. Jmf sak til formannskapet som personaleiaren skal forfatte.

Ho ville lage eit utkast til oss, som grunnlag for innspel og vurdering.

Helsing

**RENATHE ROSSI-KALDHOL**

Bu- og habiliteringsleiar

7008 1491/9488 1303

[www.heroy.kommune.no](http://www.heroy.kommune.no)

Vedlegg 3

Herøy Konsekvensjusteringsrapport: Lærlingar

Lærlingar		Regnskap 2013	Budsjett 2014	Endring i fastlønn (fra lønnsark)	Andre endringer (må forklares)	Omposeringer (må gå i null)	For økonomi rådmann	Sum 2015	Prijustert 2015
<b>Konto</b>	<b>Beskrivelse</b>								
<b>1264</b>	<b>Ansvar: Lærlingar (1264) Lærlingar</b>								
1264.10100.180.0	Fast lønn	134 694	0	0	0	0	0	0	0
1264.10100.273.0	Fast lønn	-2 459	0	0	0	0	0	0	0
1264.10300.180.0	Ekstrahjelp	0	0	0	0	0	0	0	0
1264.10501.180.0	Lønn lærlingar	522 225	0	0	0	0	0	0	0
1264.10501.253.0	Lønn lærlingar	0	0	0	0	0	0	0	0
1264.10501.273.0	Lønn lærlingar	503 248	1 393 037	-464 489	471 588	0	0	1 400 136	1 435 140
1264.10508.180.0	Diverse lønnsutbetaling	0	0	0	0	0	0	0	0
1264.10900.180.0	Pensjon	0	0	0	0	0	0	0	0
1264.10900.273.0	Pensjon	0	0	0	0	0	0	0	0
1264.10902.180.0	Kollektiv ulykkes- og gruppelivsforsikring	3 225	0	0	0	0	0	0	0
1264.10902.202.0	Kollektiv ulykkes- og gruppelivsforsikring	0	0	0	0	0	0	0	0
1264.10902.253.0	Kollektiv ulykkes- og gruppelivsforsikring	0	10 000	0	0	0	0	10 000	10 250
1264.10902.273.0	Kollektiv ulykkes- og gruppelivsforsikring	1 755	0	0	0	0	0	0	0
1264.10990.180.0	Arbeidsgiveravgift	92 279	0	0	0	0	0	0	0
1264.10990.202.0	Arbeidsgiveravgift	0	0	0	0	0	0	0	0
1264.10990.253.0	Arbeidsgiveravgift	0	217 436	0	0	0	0	1 410	1 445
1264.10990.273.0	Arbeidsgiveravgift	70 461	196 416	-65 490	66 494	0	0	197 422	202 357
1264.11151.253.0	Serverting møter, kurs, representasjon	0	1 500	0	0	0	0	1 500	1 530
1264.11207.253.0	Fordele løner/utgifter	0	0	0	0	0	0	0	0
1264.11207.273.0	Fordele løner/utgifter	243 538	0	0	0	0	0	0	0
1264.11600.120.0	Reiseutgifter, oppgavepliktige	0	0	0	0	0	0	0	0
1264.11600.180.0	Reiseutgifter, oppgavepliktige	1 673	0	0	0	0	0	0	0
1264.11600.273.0	Reiseutgifter, oppgavepliktige	843	0	0	0	0	0	0	0
1264.11650.180.0	Klegodtgjersle, oppgavepliktige	633	0	0	0	0	0	0	0
1264.11650.273.0	Klegodtgjersle, oppgavepliktige	317	0	0	0	0	0	0	0
1264.11703.180.0	Reiseutgifter, ikkje oppgavepliktige	0	0	0	0	0	0	0	0
1264.11703.253.0	Reiseutgifter, ikkje oppgavepliktige	0	2 000	0	0	0	0	2 000	2 040
1264.11703.273.0	Reiseutgifter, ikkje oppgavepliktige	152	0	0	0	0	0	0	0

Herøy Konsekvensjusteringsrapport: Lærlingar

Lærlingar									
Konto	Beskrivelse	Regnskap 2013	Budsjett 2014	Endring i fastlønn (fra lønnsark)	Andre endringer (må forklares)	Omposteringer (må gå i null)	For økonomi rådmann	Sum 2015	Prisjustert 2015
1264.14290.180.0	Moms generell kompensasjonsordning	0	0	0	0	0	0	0	0
1264.14290.253.0	Moms generell kompensasjonsordning	0	160	0	0	0	0	160	163
1264.14290.273.0	Moms generell kompensasjonsordning	0	0	0	0	0	0	0	0
1264.17000.180.0	Refusjon frå staten	-81 665	0	0	0	0	0	0	0
1264.17000.253.0	Refusjon frå staten	0	0	0	0	0	0	0	0
1264.17100.180.0	Refusjon sjukeløn	-2 823	0	0	0	0	0	0	0
1264.17100.273.0	Refusjon sjukeløn	-6 468	0	0	0	0	0	0	0
1264.17102.180.0	Refusjon feriepengar	-243	0	0	0	0	0	0	0
1264.17102.273.0	Refusjon feriepengar	-660	0	0	0	0	0	0	0
1264.17290.180.0	Kompensasjon mva Driftsrekneskapen	0	0	0	0	0	0	0	0
1264.17290.253.0	Kompensasjon mva Driftsrekneskapen	0	-160	0	0	0	0	-160	-163
1264.17290.273.0	Kompensasjon mva Driftsrekneskapen	0	0	0	0	0	0	0	0
1264.17300.273.0	Refusjon frå fylkeskommuner	0	-180 000	0	0	0	0	-180 000	-180 000
<b>Sum netto 1264</b>		<b>1 480 725</b>	<b>1 640 389</b>	<b>-529 979</b>	<b>538 082</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>1 432 468</b>	<b>1 472 762</b>
<b>(Andre endringer (må forklares)) Talet på lærlingar auka frå 5 til 9.</b>									
<b>Sum inntekter</b>		<b>-91 859</b>	<b>-180 160</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>-180 160</b>	<b>-180 163</b>
<b>Sum utgifter</b>		<b>1 572 584</b>	<b>1 820 549</b>	<b>-529 979</b>	<b>538 082</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>1 612 628</b>	<b>1 652 925</b>
<b>Sum netto</b>		<b>1 480 725</b>	<b>1 640 389</b>	<b>-529 979</b>	<b>538 082</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>1 432 468</b>	<b>1 472 762</b>



Anlegg- og driftsavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

-

---

Sakshandsamar:	JRV	Arkivsaknr:	2015/260
		Arkiv:	411

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
38/15	Formannskapet	03.03.2015

### TILSETJINGSSTOPP - KONSEKVENSAAR FOR BRANNVERN OG ANLEGG- OG DRIFT

#### Tilråding frå rådmannen:

1. Formannskapet vurderer det slik at den vakant ingeniørstillinga som var nytta til driftsoppgåver og gjennomføring av anleggsprosjekt må utlysast for at kommunen skal kunne legge nødvendig til rette for næringsetablering og busetjing.
2. Når det gjeld utlysing av ingeniørstillinga på drifta, ber formannskapet om at ein kjem tilbake til dette i samband med saka om hamneforvaltninga.
3. Rådmannen får fullmakt til å gjennomføre dei budsjettendringane som følgjer av saka.

Særutskrift:  
Anlegg og drift, her  
Økonomiavdelinga

## Bakgrunn

Saka vert lagt fram med bakgrunn i at kommunestyret i samband med budsjettet for 2015 har vedteke tilsettingsstopp. For Anlegg og drift har det i realiteten vore tilsettingsstopp sidan hausten 2014. Ein vil nedanfor gjere greie for konsekvensane av tilsettingsstoppen for avdelinga sine ansvarsområde.

## Saksopplysningar

I K-sak 166/14, Budsjett 2015 og økonomiplan 2015-2018, vart det i punkt 9 vedteke at. Sitat: **«Kommunestyret ynskjer ein ekstern gjennomgang av organisering, struktur og tenestnivå, for å sjå kvar drifta kan effektiviserast. Ein plan for dette må snarast rådleggast fram for kommunestyret for handsaming. Fram til denne planen er godkjent innfører kommunestyret stans i tilsetting og vikarbruk i alle vakante stillingar, med unntak av turnusstillingar, undervisningsstillingar, stillingar knytt til ressurskrevjande brukarar, samt reinhald.»** Sitat slutt.

Vedtaket har alt fått og vil få aukande negative konsekvensar for gjennomføringa av Anleggs- og driftsavdelinga sine arbeidsoppgåver dess lenger det vert ståande. Avdelinga sin stab er så liten at redusert kapasitet/bemanning nær sagt umiddelbart påverkar alle ansvarsområde.

Brannvernet/Anleggs- og driftsavdelinga har ansvaret for følgjande **driftsoppgåver**

- Førebyggjande brannvern
- Brann- og ulukkesberedskap
- Feiing (sjølvfinansierande)
- Vegvedlikehald
- Veg- og gatelys
- Idrett
- Hamn (sjølvfinansierande ved innføring av hamneavgifter)
- Sentrum og grøntanlegg
- Avlaup (sjølvfinansierande)
- Tøming av private slamavskiljarar (sjølvfinansierande)

**Av ansvara/tenestene ovanfor er feiing, avlaup og tøming av private slamavskiljarar sjølvfinansierande. Ved innføring av hamneavgifter vil også Hamn bli sjølvfinansierande. Enkelt sagt belastar ikkje sjølvfinansierande tenester drifta då dei vert finansierte ved innkrevjing av gebyr/avgifter. Evt. overskot skal først i fond og kan ikkje brukast på andre tenester. Fleire stillingar ved avdelinga inkludert uteseksjonen samt store delar av ei stilling ved servicetorget vert finansiert med inntekter frå sjølvkosttenestene. Ei nedbemanning vil for desse tenestene ikkje ha noko netto effekt på kommunen sine driftsutgifter.**

Avdelinga har i tillegg ansvar for følgjande **investeringstiltak**

- Kommunale byggeprosjekt
- Kommunale anleggsprosjekt

**Prosjektlearane av bygge- og anleggsprosjekt vert løna ved bruk av investeringsmidlar på dei ulike prosjekta og belastar såleis ikkje driftsbudsjettet.**

Brannvern er lovpålagt og brannvernet skal vere dimensjonert/bemanna i samsvar med gjeldande dimensjoneringsforskrift og vedteken brannordning for Herøy kommune. Det er stilt ei rekke spesifikke kompetansekrav til dei ulike stillingane i brannvernet.



**Frå sommaren 2015 vil to av fem overbefal i brannvernet gå av med pensjon. Når ny brannbil kjem til sommaren vil ein også mangle ein brannbilsjåfør ved Fosnavåg stasjon. Med totalt 30 deltidstilsette brannmannskap vil det naturleg nok, over tid, vere behov å ta inn nye både pga. naturleg avgang, pensjonering og at nokon sluttar av andre årsaker.**

I følgje brannordninga som vart revidert og vedteken i 2014 manglar brannvernet fem deltidsbrannmannskap. Totalt utgjer dette ein 10% stillingsheimel. Det er tenkt at dette vert gjennomført i 2016.

Anleggs- og driftsavdelinga har i dag ei vakant ingeniørstilling som var nytta til driftsoppgåver og gjennomføring av anleggsprosjekt.

Frå juli/august 2015 vert ei ingeniørstilling på drifta vakant pga. pensjonering.

Frå midten av desember 2014 har prosjektleiar anlegg vore sjukmeld og vil vere det i alle fall fram til og med 8. mars. Vi har berre ein prosjektleiar på anlegg så fråværet medfører forseinka igangsetting på nye prosjekt.

Årsplan 2015 er utarbeidd med bakgrunn i dei stillingsheimlane avdelinga har pr. i dag. Planen er ambisiøs. Ved redusert bemanning som følgje av tilsetjingsstoppen og evt. sjukefråvær vil store delar av planen ikkje vere mogleg å gjennomføre.

Ein ser m.a. føre seg følgjande konsekvensar av tilsettingsstoppen:

- Redusert brann- og ulukkesberedskap frå sommaren 2015.
- Gjennomføring av ulike anleggsprosjekt vert forsinka/må utsettast
- Innføring av hamneavgifter vil ikkje vere mogleg
- Redusert sakshandsamingskapasitet
- Leidningskart vert ikkje ajourført
- Avtalar med vassverk vert ikkje følgde opp/gjennomførte
- Dårligare publikumsservice
- Drifta av ISPS-terminalen på Mjølstadneset industriområde kan vere i fare
- Store delar av avdelinga sin Årsplan 2015 vil ikkje vere mogleg å gjennomføre med dei følgjer det får for utbygging av infrastruktur for nærings- og bustadutvikling.

Enkelte av konsekvensane er alt ein realitet. Lista er ikkje utfyllande.

## **Vurderingar/konklusjon**

Avdelinga er pr. i dag i ein svært vanskeleg situasjon med ei vakant stilling på drift/anleggsprosjekt og ei stilling der prosjektleiar anleggsprosjekt er langtidssjukmeldt. Dette fører til at dei resterande på drifta må ta seg av arbeidsoppgåvene/utfordringane etter kvart som dei dukkar opp i den grad ein har kompetanse/kapasitet til det. Enkelte oppgåver må ein berre legge til sides. Melding om redusert kapasitet er publisert på kommunen si heimeside. Situasjonen er ikkje på nokon måte haldbar.

Brannvernet vil uavhengig av tilsetjingsstoppen få problem med å oppretthalde brann- og ulukkesberedskapen frå sommaren 2015. Dette pga. at

- To av fem overbefal går av med pensjon. Pga. av manglande kursplassar ved Norges Brannskule har vi ikkje fått lært opp nye befal.

- Når ny hovudbrannbil ved Fosnavåg stasjon kjem til sommaren vil ein mangle ein sjåfør. Brannbilsjåfør må i tillegg til lastebilsertifikat ha eige kurs i uttrykingskøyning. Dette er eit kurs som går over om lag 14 dagar.

Vert tilsetjingsstoppen oppheva kan det, i alle fall delvis og på kort sikt, vere mogleg å avhjelpe situasjonen. M.a. ved å søkje sentrale myndigheiter om dispensasjon frå kompetansekrav.

Anlegg og drift har som det framgår ovanfor hatt ei vakant ingeniørstilling sidan september 2014. Stillinga belastar ikkje netto drift då løna vert dekt 50% over avlaupskapittelet som er sjølvfinansierande og 50% som er finansiert på investeringsprosjekt anlegg. Stillinga har stått ledig då dåverande rådmann sin «ryggmargsrefleks» tilsa at utlysing burde setjast på vent. Anleggs- og driftsleiar var ikkje samd i denne avgjerda.

Driftsingeniørstillinga som vert ledig pga. pensjonering frå sommaren 2015 er den einaste stillinga som ein kan sei belastar driftsbudsjettet meir eller mindre fullt ut. Hovudoppgåvene i tilknytning til denne stillinga er tenestene Hamn, Vegvedlikehald, Idrett, Sentrum og grøntanlegg og funksjon som driftskoordinator for uteseksjonen.

**Leiar for anlegg- og drift vurderer det slik at tilsettingsstopp for brannvernet vil medføre redusert brann- og ulukkesberedskap som ikkje er akseptabel.**

**Rådmannen vurderer det slik at den vakant ingeniørstillinga som var nytta til driftsoppgåver og gjennomføring av anleggsprosjekt må utlysast for at kommunen skal kunne legge nødvendig til rette for næringsetablering og busetjing.**

**Når det gjeld utlysing av ingeniørstillinga på drifta, vil rådmannen rå til at ein kjem tilbake til dette i samband med saka om hamneforvaltninga.**

Fosnavåg, 17.02.2015

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

Jon Rune Våge  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Jon Rune Våge



Bu- og habiliteringsavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

-

---

Sakshandsamar:	RRK	Arkivsaknr:	2014/1977
		Arkiv:	410

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
39/15	Formannskapet	03.03.2015

### LØYVE TIL UTLYSING AV STILLINGSRESSURS I BU- OG HABILITERINGSAVDELINGA

#### Tilråding frå rådmannen:

1. Formannskapet ser at det er uheldig at det står ledig 0,5 stilling i bu- og habiliteringsavdelinga. Formannskapet oppfattar det likevel slik at kommunen kan yte eit forsvarleg tilbod sjølv om denne stillinga står vakant ei periode. Dersom ein ikkje lenger kan yte eit forsvarleg tilbod, ber formannskapet om at saka vert lagt fram på nytt.
2. Rådmannen får fullmakt til å gjere dei budsjettendringane som fylgjer av saka.

Særutskrift:  
Bu- og habiliteringsleiar  
Økonomileiar

## **Saksopplysningar:**

Kommunestyret gjorde i K-sak 166/14 vedtak om å innføre stans i tilsetting og vikarbruk i alle vakante stillingar, med unntak av turnusstillingar, undervisningsstillingar, stillingar knytt til ressurskrevjande brukarar, samt reinhald.

a. Ved presserande behov for tilsetting i vakant stilling skal dette avgjerast av formannskapet.

Med dette som bakgrunn ber rådmannen om ei avklaring frå formannskapet for ei stilling som vert vurdert som presserande av bu- og habiliteringsleiar.

Bu- og habiliteringsavdelinga har ein 50% vernepleiarressurs/heimel, som skal yte tenester frå born til vaksen, som anten bur i foreldreheimen eller i eigen bustad utan døgnkontinuerlege omsorgstenester. Til stillingsressursen ligg ansvar for oppfølging av innbyggjarar i eigen heim, samarbeid med andre kommunale instansar, NAV, vidaregåande skule og spesialisthelsetenesta. Ressursen har omfattande ansvar for oppfølging og koordinering av individuell plan for den målgruppa som ligg til bu- og habiliteringsavdelinga. Vedkomande som er tilsett i denne ressursen har sagt opp stillinga si på grunn av overgang til anna stilling i kommunen. Stillinga vart ledig frå 01.01.15.

## **Vurdering og konklusjon:**

Bu- og habiliteringsleiar ber om løyve til å lyse ut denne stillingsressursen. Det er bu- og habiliteringsleiar si vurdering at det ikkje er tilrådeleg å halde denne ressursen vakant over lengre tid. Presset i denne delen av tenesteytinga har vore aukande i kraft av at bu- og habiliteringsavdelinga har fått eit utvida mandat. Avdelinga er ikkje kun ansvarleg for tenester til dei som har ei utviklingshemming, men også for personar som har andre utviklingsforstyringar.

For å klare det auka presset i heimetenestene har avdelinga i 2014 nytta 40% stilling ekstra til dette arbeidet, noko som har vore mogleg ved å omdisponere ressursar frå Herøy aktivitetssenter. Denne ressursen har bu- og habiliteringsleiar sett seg nøydte til å overføre til Toftestøvegen i 2015, for å levere auka tenester, utan å be om «friske» midlar til auka tenestelevering. Den samla ressursen på 90% har i 2014 hatt koordineringsoppfølging på 11 personar med ein lovpålagt rett og derav plikt til kommunen på slik oppfølging. I det vidare arbeidet må avdelinga «klare seg» med kun denne 50% stillingsressursen.

Bu- og habiliteringsavdelinga har ingen andre ressursar som kan utføre dette arbeidet innanfor stillinga si utan å auke opp ressursar til dette. Alle øvrige tilsette er anten knytt til turnus i bustad eller institusjon. Dagtilboda har marginal bemanning.

Rådmannen skal etter mandat frå kommunestyret vurdere organisasjon og struktur, og vurdere om det er mogleg å samkøyre tenestelevering meir effektivt i organisasjonen. Bu- og habiliteringsavdelinga har samkøyrte tenester godt i eiga avdeling. Eit vidare arbeid på tvers av avdelingar i kommunen vil ta lengre tid. Herøy kommune har i mellomtida krav på seg til å levere pliktige tenester til innbyggjarane.

Bu- og habiliteringsleiar ber difor om løyve til å lyse ut den 50% stillingsressursen i februar, og pårekne tilsetting frå 1.mai. Då har avdelinga spart ressursar i 4 månader på denne stillinga.

Rådmannen ber om at spørsmålet vert avklart av formannskapet. Kor vidt det er mogleg med ei anna samordning av tenestelevering her, må rådmannen ta med seg vidare i prosessarbeidet kring vurdering av organisasjonsstruktur.

Rådmannen legg til grunn at det på grunn av budsjettsituasjonen er behov for stram styrings av drifta.

Rådmannen ser at det er uheldig at det står ledig 0,5 stilling. Rådmannen oppfattar det likevel slik at kommunen kan yte eit forsvarleg tilbod sjølv om denne stillinga står vakant ei periode. Dersom ein ikkje lenger kan yte eit forsvarleg tilbod, vil rådmannen legge fram saka på nytt.

Konsekvensar for folkehelse: Stillingsressursen har betydning for innbyggjarar i bu- og habiliteringsavdelinga si målgruppe, som treng hjelp til å klare seg sjølv i kvardagen.

Konsekvensar for beredskap:

Konsekvensar for drift:

Stor betydning for levering av tenester til målgruppa.

Konsekvensar for økonomi:

4 månader innsparing i denne stillingsressursen.

Fosnavåg, 11.12.2014

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

Renathe Rossi Kaldhol  
Bu- og habiliteringsleiar

Sakshandsamar: Renathe Rossi Kaldhol



Skuleavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

-

---

Sakshandsamar:	SLR	Arkivsaknr:	2014/1991
		Arkiv:	410

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
40/15	Formannskapet	03.03.2015

### SØKNAD OM UTLYSING AV STILLING

#### Tilråding frå rådmannen:

1. Formannskapet ser at det er uheldig at det står ledig ei 0,5 stilling i PPT, sett i forhold til den satsinga kommunen har på tidleg innsats. Formannskapet oppfattar det likevel slik at kommunen kan yte eit forsvarleg tilbod sjølv om denne stillinga står vakant ei periode. Dersom ein ikkje lenger kan yte eit forsvarleg tilbod, ber formannskapet om at saka vert lagt fram på nytt.
2. Rådmannen får fullmakt til å gjere dei budsjettendringane som fylgjer av saka.

Særutskrift:

Skuleavdelinga  
Økonomiavdelinga

### **Saksopplysningar:**

Viser til kommunestyret sitt budsjettvedtak, pkt. 9.a. «Ved presserende behov for tilsetjing i vakant stilling, skal dette avgjerast av formannskapet».

Ei 50% fagstilling i PPT står no vakant etter ei oppseiing pr.30.12.2014.

Det er eit ønskje og eit sterkt behov å få erstatta denne stillinga, og saka vert derfor lagd fram for formannskapet.

PPT Herøy har 4,55 stillingsheimlar i fagstillingar, der 0,75 vert refundert av Møre og Romsdal fylke for bruk av tenester ved Herøy vidaregåande skule, avd. Herøy og Vanylven.

I tillegg har PPT 0,5 stilling merkantil medarbeidar.

Der er 5 rådgivarar tilsette i fagstillingane. Dei fordeler tenestene sine mellom barnehage, grunnskule, vidaregåande skule og vaksne med rett til spesialundervisning. Dei arbeider både individretta (sakkunnig organ) og systemretta (førebyggande og tverrfagleg).

Rådgivaren i fagstillinga som no står vakant, har kompetanse inn mot barnehage/småskule. Ho har hatt ei delt stilling mellom PPT Herøy og PPT Ulstein/Hareid.

Årsaker til at behovet for ny tilsetjing er stort:

#### 1) Kapasitet.

Kapasiteten ved kontoret, sett opp mot alle barnehagar/skular/avdelingar rådgivarane skal arbeider inn mot, både individretta og systemretta. I tillegg til alle elevsaker, deltar PPT i dei tverrfaglege teama, samt går inn med rettleiing på enkeltsaker og miljøsaker, for at det raskt kan leggest til rette for målretta tiltak tidleg. Om stillinga ikkje vert erstatta, vil dette få konsekvensar for systemarbeidet, som då vil bli redusert.

#### 2) Kompetanse.

For at PPT skal kunne arbeide inn mot heile breidda av aldersgrupper, trengst det kompetanse inn mot alle aldrar og ulike vanskar. Stillinga som no står vakant, er ei stilling med kompetanse i spesialpedagogikk, primært i barnehage og småskule. Vakansen tilseier at det er her mangel på kapasitet vil merkast. Dette er uheldig, sett i forhold til den satsinga kommunen har på tidleg innsats. Forsking viser at tidleg innsats nyttar, og at å setje inn tiltak og ressursar her, gir størst positiv effekt. Dersom stillinga vert ståande vakant, vil PPT Herøy ha kun 75% stilling med kompetanse til å jobbe særleg inn mot barn i barnehage og småskule. Dette er for lite til å kunne imøtekome alle behov og fange opp nødvendige signal. Det vil dessutan medføre auka ventetid på å få utgreidd tilvisingar, med kartlegging og sakkunnig vurdering.

## **Vurdering og konklusjon:**

Rådmannen legg til grunn at det på grunn av budsjettsituasjonen er behov for stram styring av drifta.

Rådmannen ser at det er uheldig at det står ledig ei 0,5 stilling i PPT, sett i forhold til den satsinga kommunen har på tidleg innsats. Rådmannen oppfattar det likevel slik at kommunen kan yte eit forsvarleg tilbod sjølv om denne stillinga står vakant ei periode. Dersom ein ikkje lenger kan yte eit forsvarleg tilbod, vil rådmannen legge saka fram på nytt.

### Konsekvensar for folkehelse:

Dersom ny tilsetjing, vil dette bidra til tidleg oppdaging og tidleg innsats.

### Konsekvensar for beredskap:

Ingen

### Konsekvensar for drift:

Dersom ny tilsetjing, vil dagens drift halde fram. Alternativt vil tenestene bli redusert.

### Konsekvensar for økonomi:

Stillinga ligg i budsjettet, og tilsetjing får dermed ingen konsekvensar. Alternativt vil ein spare inn 50% stilling.

Fosnavåg, 29.12.2014

Olaus-Jon Kopperstad  
Konstituert rådmann

Sølvi Lillebø Remøy  
Skuleleiar

Sakshandsamar: Sølvi Lillebø Remøy





Personal- og organisasjonsavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

-

---

Sakshandsamar:	JVDH	Arkivsaknr:	2015/90
		Arkiv:	411

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
41/15	Formannskapet	03.03.2015

### VAKANSE PERSONAL- OG ORGANISASJONSAVDELINGA 2015

#### Tilråding frå rådmannen:

1. Formannskapet legg til grunn at det skal gjennomførast ein analyse av administrativ organisering og bruk av administrative ressursar innan 01.06.2015. Formannskapet kan difor ikkje godkjenne at det vert lyst ut stilling som omsøkt før det er gjort slik analyse.
2. Rådmannen får fullmakt til å gjere dei budsjettendingane som fylgjer av saka.

Særutskrift:  
Personalavdelinga  
Økonomiavdelinga

## Saksopplysningar:

Personal- og organisasjonsavdelinga har stab og støttefunksjon til dei andre avdelingane og skal arbeide med å utvikle kommunen sin personalpolitikk og verkemiddel på personalområdet i samarbeid med leiarar og arbeidstakarorganisasjonane. Den har ansvar for lønnsutbetaling, søknad om tenestepensjon frå Kommunal Landspensjonskasse (KLP) og Statens pensjonskasse (SPK) samt innkrevjing av refusjon sjukepengar. Avdelinga har eit overordna ansvar for sjukefråversoppfølging, koordinering av tenester frå Bedriftshelsetenesta, AKAN arbeidet og HMS i organisasjonen. Ei viktig oppgåve er og å gi leiarane støtte og hjelp i personalfaglege spørsmål og i utøvinga av leiarane sitt personalansvar, samt å være kontaktledd mellom arbeidsgjevar og arbeidstakarorganisasjonane.<sup>1</sup>

Personal- og organisasjonsavdelinga «eig» i utgangspunktet samla sett 5,3 (530%) stillingar. Per dags dato nyttar avdelinga 5,1 (510%) stillingar, medan 0,2 (20%) stilling har vore vakant sidan sumaren 2013. I løpet av 2015 vil to medarbeidarar, i til saman 1,1 (110%) stilling, gå av med alderspensjon. Endeleg tidspunkt for avgang er ikkje avtalt, men utgangspunktet er sumaren 2015.

Personal- og organisasjonsavdelinga vil etter dette sitje att med 4 (400%) stillingar av til saman 5,3 (530%) stillingar. Med andre ord vil 1,3 (130%) stilling vere vakant frå sumaren av.

Oppgåver som vert løyst innanfor 0,4 (40%) stilling er i hovudsak;

- A-meldinga og Aa-registeret
- Pålegg- og utleggstrekk
- Rapport skattetrekk og arbeidsgjevaravgift
- Reiserekningar
- PAI og fråværsstatistikk
- Søknadar og personkontakt i høve KLP
- Arbeid i utval

Oppgåver som vert løyst innanfor 0,7 (70%) stilling er i hovudsak;

- Fylgje opp sjukepenge- og foreldrepengerefusjonar i høve avdelingar og NAV
- Registrering motteke refusjonar
- Inntektsopplysningar til NAV
- Registrering av eigenmeldingar og permisjonar
- Registrering av lønsbilag

Det er eit faktum at organisasjonen og avdelinga her misser medarbeidarar med stor fag- og realkompetanse, so vel som kunnskap om organisasjonen. Dette vil i alle høve verte krevjande for avdeling på kort og mellomlang sikt.

Det er også eit faktum at arbeidsmengda i avdelinga har auka siste åra. Etter at ny lønskonsulent vart tilsett, har avdelinga gått frå lønsansvar for to til fire verksemder. I same periode har stillingsprosenten som er knytt til løns- og refusjonsarbeid, gått frå 2,7 til 2,1 stilling. Ved ein ytterlegare vakanse vil avdelinga stå att med 1,0 stilling på

---

<sup>1</sup> Utklipp frå Herøy kommune si nettside;  
<http://www.heroy.kommune.no/PersonOversikt.aspx?Pkid=51&Mid1=16>

løn. Det tyder at personalmedarbeidar må endre arbeidsoppgåver, og lære seg lønsarbeid. Dette igjen vil føre til mindre tid til å fylgje opp reine personal- og organisasjonssaker.

Det er òg ei reell fare for at naudsynt spesialkompetanse kan forlate avdelinga, ved ein omdisponering og endring av arbeidsoppgåver.

### **Vurdering og konklusjon:**

Det er klart at ein ytterlegar auke av vakanse vil ha stor verknad for produksjonen i avdelinga, og soleis direkte påverke avdelinga si evne til å yte stab- og støttefunksjon ut mot avdelingane. Likeeins vil avdelinga måtte omdisponere ressursane internt, prioritere dei aller viktigaste oppgåvene og gjennomføre omfattande opplæring for å sikre at organisasjonen har naudsynt kompetanse.

Mange av dei arbeidsoppgåvene som vert løyst i personal- og organisasjonsavdelinga er av ein slik art og karakter at det krev mykje røynsle og innsikt i organisasjonen for å utføre oppgåvene på ein effektiv og god måte. Det same gjeld bruk av ulike dataprogram og -system. Det er soleis viktig med god opplæring og kompetanseoverføring i førekant. Dette også for å tryggje gode data, våre plikter i høve andre offentlege organisasjonar og våre medarbeidarar sine rettar.

I K-sak 166/14: Budsjett og økonomiplan 2015-2019 pkt. 9, har Kommunestyret bestemt at det skal gjennomførast gjennomgang av organisering, struktur og tenestenivå. Personal- og organisasjonsavdelinga skal i fylgje tenesteskildring og intensjon vere pådrivar og rettleiar i slike endringsprosessar. For å kunne skjøtte dei oppgåvene og ansvaret er det avgjerande at avdelinga har naudsynte ressursar og kompetanse.

Utan tilførsel av nye ressursar til personal- og organisasjonsavdelinga, må somme oppgåver nedprioriterast og/eller overførast til andre einingar og den einskilde leiar. Oppgåver ein kan sjå føre seg i den samanheng er;

- Sakshandsaming av permisjonssøknadar
- Oppgåver knytt til tilsetting
- Ansvar i høve pensjonskasse
- Andre oppgåver som gjeld oppfylgning av medarbeidar\*

\*Personal- og organisasjonsavdelinga vil ikkje makte å drive leiarstøtte og rådgjeving i den utstrekning som vert gjort i dag. På det jamne yter avdelinga til ein kvar tid støtte i mellom 25-50 saker. Mange av desse sakene er sær s ressurs- og kompetansekreivjande, saken gjeng over lengre periodar og oftast er fleire partar impliserte.

Personal- og organisasjonsavdelinga må då i all hovudsak prioritere fylgjande oppgåver;

- Saker til politiske utval m.m.
- Lønsutbetaling
- Oppfylgning i høve refusjonar\*\*
- Utarbeider overordna planar og retningsliner
- Rapportering og statistikk
- Samarbeid med tillitsvalde
- Lovpålagde oppgåver knytt til helse, miljø og tryggleik

\*\*Det er bl.a. avgjerande viktig for Herøy kommune å ha system, kompetanse og ressursar til å fylgje opp refusjonskrav i høve NAV. Dette er uteståande som Herøy kommune i all hovudsak aktivt må krevje refundert. Dei 3 siste åra (2012, 2013 og 2014) har Herøy kommune fått refundert vel kr. 11 300 000,- berre i høve sjukepengerefusjonar, og samla sett vel kr. 15 800 000,- jf. vedlegg 1.

### Personal- og organisasjonsavdelings si risikoanalyse av rekruttering versus vakanse:

Verknaden av rekruttering av ny medarbeidar i 100% stilling	Lita fåre	Noko fåre	Fåre	Vurderingstema:
Mykje truleg				1. Redusert service på stabs- og støttefunksjon
Truleg				2. Kvalitet på kompetanse innan personalarbeid
Lite truleg	1. og 2.	3.		3. Strengare prioriteringar og truleg overføring av arbeidsoppgåver

Verknaden av <u>ikkje</u> å rekruttere ny medarbeidar i 100% stilling	Lita fåre	Noko fåre	Fåre	Vurderingstema:
Mykje truleg			1. og 3.	1. Redusert service på stabs- og støttefunksjon
Truleg			2.	2. Kvalitet på kompetanse innan personalarbeid
Lite truleg				3. Strengare prioriteringar og truleg overføring av arbeidsoppgåver

### Konklusjon:

Personal- og organisasjonsavdelinga ber om å få tilsette ein personalmedarbeidar i 100% fast stilling. Tilsettinga bør skjer so raskt som råd, slik at ein sikrar god opplæring og naudsynt kompetanseoverføring. Dette bør søkast gjort ved at ny medarbeidar byrjar i god tid før dei to medarbeidarane gjeng av med pensjon (overlapping).

**Rådmannen legg til grunn at det skal gjennomførast ein analyse av administrativ organisering og bruk av administrative ressursar innan 01.06.2015. Rådmannen kan difor ikkje rå til at det vert lyst ut stilling som omsøkt før det er gjort slik analyse.**

Konsekvensar for folkehelse:

Ingen direkte konsekvensar.

Konsekvensar for beredskap:

Ingen direkte konsekvensar.

Konsekvensar for drift:

Vakansen vil få store konsekvensar for organisasjonen, då personal- og organisasjonsavdelinga må avstemme og prioritere sine arbeidsoppgåver og tenester.

Konsekvensar for økonomi:

Vakansen vil kunne få potensielt store negative økonomiske konsekvensar for organisasjonen.

Fosnavåg, 24.02.2015

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

Jan Vidar Dammen-Hjelmeseth  
Personalleiar

Sakshandsamar: Jan Vidar Dammen-Hjelmeseth

Skjerm bilde: GL30  
Bruker : ELSKVA

Herøy kommune  
Eise 2009

Side: 1  
20.01.2015 14:40:44

*Vedlegg 1.*

Konto	Konto (T)	Beløp
17100	Refusjon sjukeløn	-12 105 127,00
17101	Refusjon av foreldrepenget	-3 152 815,00
17102	Refusjon feriepenger	-849 870,00
17103	Refusjon omsorgspenger	-118 473,00
		-16 226 285,00

Periode=[201400,201412]

Konto	Konto (T)	Beløp
17100	Refusjon sjukeløn	-11 359 375,99
17101	Refusjon av foreldrepenget	-3 298 025,00
17102	Refusjon feriepenger	-663 881,01
17103	Refusjon omsorgspenger	-21 557,00
		-15 342 839,00

Konto	Konto (T)	Beløp
17100	Refusjon sjukeløn	-10 490 681,00
17101	Refusjon av foreldrepenget	-4 428 901,00
17102	Refusjon feriepenger	-1 072 697,01
17103	Refusjon omsorgsenger	-22 487,00
		-16 014 766,01





HERØY KOMMUNE  
HERØY KOMMUNE

Avdeling for Barn, Familie og Helse

## SAKSFRAMLEGG

-

---

Sakshandsamar:	IMT	Arkivsaknr:	2014/1957
		Arkiv:	G70

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
42/15	Formannskapet	03.03.2015

### VAKANSE INNAN PSYKISK HELSEVERN - BEHOV FOR VIKAR

#### Tilråding frå rådmannen:

1. Formannskapet gir løyve til mellombels å tilsette ein sjukepleiar i 40 % stilling samt ein psykiatrisk hjelpepleiar i 20 % stilling for ein periode på 6 månader.
2. Rådmannen får fullmakt til å gjere dei budsjettendingane som fylgjer av saka.

Særutskrift:  
Personal- og organisasjonsavd.  
Seksjonsleiar psykisk helsevern  
Barn, familie og helse  
Økonomiavdelinga

## **Saksopplysningar:**

Det har over tid vore vakansar ved psykiatrisk seksjon. Dette skapar store utfordringar når det gjeld å kunne drive forsvarleg innan dette området. Pasientane får ikkje den oppfølginga dei bør ha i alle samanhengar, sjølv om det vert gjort harde prioriteringar innan dei ressursane som er tilgjengelege.

Kommunepsykologstillinga har stått ledig sidan 1. juli. I tillegg har det over tid vore sjukdom ved psykiatrisk seksjon slik at arbeidsbelastninga for dei som er på arbeid har vore og er for stor. Det er sannsynleg at det fortsatt vil vere sjukmeldingar i seksjonen. I seksjonen er det til saman 300% stilling som psykiatrisk sjukepleiar og psykolog. Vakansen har no over tid vore på om lag 200%.

Seksjonen har sjølve utvist stor kreativitet og har mellom anna endra bruken av Solheim Dagsenter, slik at personalet der, også deltek i oppfølgingsarbeidet av psykisk sjuke utanom dagsenteret. Kapasiteten er fullt ut utnytta, og det er til tider store utfordringar i kvardagen. Psykisk helseteneste har oppfølging i nært samarbeid med legetenesta. Sidan det i tillegg er vakanse og sjukmelding i legetenesta, er det ekstra sårbart for oppfølginga av psykisk sjuke for tida.

Rekruttering av psykolog har vore forsøkt ved utlysning to gonger. Det har vist seg vanskeleg å få rekruttert i denne stillinga. Dette har no løyst seg ved at kommunepsykologen som var tilsett vil kome tilbake til kommunen. Han vil tiltre kommunepsykologstillinga den 1. juli 2015. Dette er vi særst glade for.

Sande og Vanylven kommunar har saman nå også fått midlar til ei psykologstilling. Vi vil saman med dei vurdere eit tettare samarbeid innan dette fagfeltet. Dette særleg med omsyn til å få eit breiare fagleg miljø som gjer det lettare å rekruttere og behalde gode fagfolk. Dersom formannskapet gir si tilslutning til at det kan arbeidast vidare med dette, vil vi svært gjerne gjere det.

Dersom den vanskelege situasjonen varer ved, vil vi komme tilbake med meir informasjon og eventuelt be om ytterlegere ressursar.

## **Vurdering og konklusjon:**

Med den store vakansen seksjonen no har hatt over tid seier det seg sjølv at kommunen ikkje kan gi ei fullgod og forsvarleg teneste med 100% i aktivt arbeid når det til vanleg er 300%. Seksjonen har vore kreativ og sett på ulike løysningar for å kunne gi eit minimum av tilbod for dei som treng det aller mest. Kapasiteten innan psykisk helsevern er fullt ut nytta, og det er til tider store utfordringar i kvardagen. Dei tilsette har over tid ikkje kunne prioritere meir enn det som er aller mest naudsynt og har og eit stort etterslep av oppgåver. Dette gjer situasjonen vanskeleg over tid.

Psykisk helseteneste har oppfølging i nært samarbeid med legetenesta. Sidan det i tillegg er vakanse i legetenesta, er det ekstra sårbart for oppfølginga av psykisk sjuke for tida.

Vi ber på denne bakgrunn om å få tilsette i midlertidig stilling ein sjukepleiar i 40% i eit halvt år og ein psykiatrisk hjelpepleiar i 20% i eit halvt år. Vi har aktuelle personar som kan gå inn i dette og som også elles er tilset i kommunen. Dei er og delvis kjent med brukarane/pasientane. Det er viktig med ei rask tilbakemelding på denne saka

då vi elles er redd for at arbeidsbelastninga vert slik at det utløyser ytterlegare sjukmeldingar.

Konsekvensar for folkehelse:

Det har store konsekvensar for folkehelsa at brukarar/pasientar over tid ikkje får forsvarleg oppfølging innan psykisk helsevern. Problem som kunne vere teken på eit tidleg tidspunkt kan få vekse seg store og føre til ekstra store skader og ulemper for den einskilde.

Konsekvensar for beredskap:

Dersom kommunen skulle komme opp i ein beredskapssituasjon kor omsorgsteamet vert aktivisert vil dette verte ein ekstra stor belastning med den bemanninga som er per dato.

Konsekvensar for drift:

Store konsekvensar for å kunne levere ein forsvarleg teneste innan psykisk helsevern.

Konsekvensar for økonomi:

Ved den skisserte løysningen vil det ikkje føre til ekstra kostnader for kommunen. Det nyttast sjukepengar samt at psykologstillinga er vakant fram til 1. juli 2015.

Fosnavåg, 17.2.2015

Olaus-Jon Kopperstad  
Konst. rådmann

Inger Marie Tofthagen  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Inger Marie Tofthagen



HERØY KOMMUNE  
HERØY KOMMUNE

Pleie- og omsorgsavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

-

---

Sakshandsamar:	RVB	Arkivsaknr:	2015/284
		Arkiv:	411

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
43/15	Formannskapet	03.03.2015

### UTLYSING AV STILLING FOR AVDELINGSLEIAR VED MYRVÅG OMSORGSSENTER

#### Tilråding frå rådmannen:

1. Leiarstillinga ved Myrvåg omsorgssenter avdeling A vert lyst ut snarast råd.
2. Rådmannen får fullmakt til å gjere dei budsjettendingane som fylgjer av saka.

#### Særutskrift:

Leiar ved avdeling A og B ved Myrvåg omsorgssenter  
HTV NSF, HTV Fagforbundet, HTV Delta, HVO  
Eldrerådet  
Komite for helse- og omsorg  
Økonomiavdelinga

## Vedlegg:


Mal for delegasjonsfullmakt frå pleie- og omsorgsleiar til avdelingsleiar

### Saksopplysningar:

Den eine avdelingsleiaren ved Myrvåg omsorgssenter har sagt oppstillinga si i samband med at ho har fått stilling som kommunalsjef i Hareid kommune. Ho slutter i stillinga 1 mars. Pleie- og omsorgsleiaren ber om å få lyse ut stillinga snarast råd slik at ein kan få på plass ny leiar til hausten.

Det er sett tilsetningsstopp på stillingar, og rådmannen set krav om at ein må vurdere alternative driftsløysingar som ein del av saksutgreiinga dersom ein må be om unntak frå denne regelen.

Pleie- og omsorgsavdelinga er organisert med ein leiar med eit overordna og koordinerande ansvar for sju underavdelingar med kvar sin avdelingsleiar.



Pleie- og omsorgsavdelinga har prøvd ut ulike driftsmodellar, og avdelingane er ikkje likt oppbygde. Ein har erfart at bygningane legg mykje av føresetnadane for drifta. Kommunen har to omsorgssenter og tenestene er bygd opp med utgangspunkt i desse.

### Ein kort gjennomgang av noverande driftsmodell ved Myrvåg omsorgssenter:

- Avdeling A
  - o 17 sjukeheimsplassar, derav mange korttidsplassar
  - o heimeteneste distrikt 3 er organisert under denne avdelinga

- 2 plassar for kommunal øyeblikkelig hjelp døgnopphald (KØHD), der lege eller sjukehus kan legge inn direkte utan å gå om pleie- og omsorgsleiar
- Avdeling B
  - 18 sjukeheims plassar for demente

Her er to sjukeheimsavdelingar i same bygningskropp, med heimesjukepleiekontor som ein integrert del i sjukeheimen. Avdeling B har i hovudsak langtidspasientar og driftsforma legg stor vekt på miljøarbeid og skjerming i mindre grupper.

Avdeling A har eit anna fokus der målet ofte er at pasientane skal heim. Under ombygginga av sjukeheimen laga ein felles vaktrom for personalet ved avdeling A og distrikt 3. Dei har felles leiar som ser personalressursen under eit, og kan styre denne dit behovet er størst. Avdelinga opplever denne fleksibiliteten som avgjerande viktig for at dei kan dekke kravet om sjukepleiardekning på KØHD-plassane.

#### Evaluering av driftsmodell med tanke på endring ved vakanse i leiarstilling:

Pleie- og omsorgsleiar hadde den 5.02.15 felles møte/drøfting med plasstillitsvalte for NSF og Fagforbundet, verneombod og nøkkelpersonell ved avdeling A. Det kom fram at det var stor samling om noverande driftsmodell. Alle meinte at dette var ein modell som fremja både pasientane og personalet sitt beste. Vi vurderte alternative løysingar med ein eller tre leiarar på omsorgssenteret. Kort oppsummert var tilbakemeldinga slik:

- Myrvåg omsorgssenter har for stor pasient- og personalgruppe for ein leiar.
- Alternativet med å dele heimesjukepleien og sjukeheimen gir ei meir fragmentert, mindre effektiv og sårbar teneste
- Nærleing er viktig - i periodar der leiinga har vore borte har t.d. sjukefråværet auka.
- Myrvåg omsorgssenter bør driftast vidare med noverande organisering

Det er interessant at alle grupperingar, på tvers av institusjon- og heimeteneste og profesjon, var heilt samstemde.

Saka har også vore drøfta med leiar for avdeling B. Ho meiner at Myrvåg omsorgssenter er eit så stort område at der bør vere to likestille leiarar som kan samarbeide og utfylle kvarandre, og støtter vidareføring av noverande driftsform. Dette er også synet til dei andre leiarane i pleie- og omsorgsavdelinga.

#### Midlertidig løysing på vakanseproblematikken:

Nøkkelpersonell i avdelinga er innstilte på å yte ekstra i ein overgang for å sikre drifta. Dersom ein annan avdelingsleiar kunne stille seg til disposisjon eit par dagar i veka, ville dei i fellesskap sikre dei mest presserande funksjonane. Løysinga vert at avdelingsleiar ved grøn avdeling dekkjer dette behovet med utgangspunkt i at dette vert ei kortvarig periode. Nøkkelpersonell på A og grøn får frikjøpt tid for å dekke opp

viktige funksjonar knytt til pasientane. Det må gjerast lokale avtaler om endra arbeidsforhold og evt kompensasjon for dette. Det meste knytt til organisasjon må leggest på is, men dekning av vakter og funksjonar knytt til dagleg drift må følgast opp så godt det let seg gjere.

### **Vurdering og konklusjon:**

#### Konsekvensar for folkehelse:

Erfaring viser at i periodar der ei avdeling er utan sin faste leiar så vil fráværet auke, og rutineane vatnar ut. Med dette minkar både kvalitet og effektivitet. Slike periodar bør difor vere kortast råd, og om mogleg unngåast. Grøn avdeling reagerer negativt på at avdelinga vert tappa for leiarressurs, og er opptekne av at dette må verte kortvarig.

#### Konsekvensar for beredskap:

Eit ansvar for så mange pasientar med krav til fagleg forsvarleg drift vert raskt utvatna om ein ikkje har ei tydeleg og nær leiing. Dette vil få konsekvensar for avdelinga si evne til beredskap i akutte situasjonar. Ein ny leiar burde ha vore på plass før ferien, men under dei gjeldande omstende er det ikkje mogleg å få til før tidlegast i august/september.

#### Konsekvensar for drift:

Personalet ved tillitsvalde, verneombod og nøkkelpersonell ved Myrvåg omsorgssenter meiner at driftsmodellen dekkjer behova på ein god og effektiv måte. Dei to noverande leiarane har gode erfaringar med modellen og rår til at den vert vidareført etter same lest.

Myrvåg har to likestilte leiarar med ulike avdelingar, både når det gjeld storleik og fagleg innhald. Idielt sett burde personellgruppa vore meir likt fordelt mellom dei to leiarane, men heimesjukepleien høyrer naturleg saman med den avdelinga som har mest korttid, og difor vil her verte ein ubalanse. Leiaren for den minste avdelinga har tatt på seg andre arbeidsoppgåver som kjem fellesskapet, og dei andre leiarane til gode.

På grunn av stor deltidsandel har avdelingsleiarane ansvar for store personellgrupper. Avdeling A er den største avdelinga, med ca 60 personar inklusive vikarar. Det er viktig å merke seg at kommunen ikkje har mellomledet med styrar på sjukeheim.


#### Erfaring frå liknande område med alternativ organisering:

Enkelte politikarar har tidvis stilt spørsmål ved om det er for mange leiarar i pleie- og omsorg. I 2010-11 vart det etablert eit prøveprosjekt som gjekk over eit år der leiaren for grøn tok leiaransvar for både raud og grøn. Samstundes vart det frikjøpt tid til fagkoordinator på begge avdelingane. Fagkoordinator har ansvar for å avlaste leiaren med den daglege drifta, i hovudsak knytt til koordinering av pasientrelaterte saker. Raud avdeling hadde ei periode hatt vakanse i leiarstillinga, og det var viktig å

sikre leiarfunksjonen på avdelinga, samstundes som ein ynskta å prøve ut ein alternativ driftsmodell med samdrift av raud og grøn avdeling. Konsekvensen av omlegging til slik modell ville gitt færre leiarar med større ansvarsområde.

Det vart tatt ei skalamåling blant personalet på begge avdelingane både i for- og etterkant av prosjektet, **spørsmålet var om ei ordning med felles leiar og fagkoordinator ville vere ei betre driftsløysing for dei to avdelingane.**

Resultatet av skalamålinga var tydeleg:



Før prosjektet tenkte mange at felles leiar ville gi betre samarbeid internt på huset. Sluttresultatet vart det motsette, og ein gjekk vidare med ein modell med eigen leiar for kvar avdeling.

Raud/grøn og A/B er dei to avdelingane som er mest samanliknbare sidan dei har drift i felles bygg. Det at Myrvåg sine to avdelingar er så ulike driftsmessig ville gitt endå større utfordringar enn i ytre.

#### Konsekvensar for økonomi:

Historisk sett har heimesjukepleien i Herøy vore ei eining med base i ytre. Dette førte til mykje køyring, noko som er ineffektiv bruk av både personell og pengar. Ein såg det difor hensiktsmessig å dele det i tre geografiske distrikt, der distrikt 3 er frå Lanternen og innover.

Pleie- og omsorgsavdelinga har eit stort budsjett, og samstundes som det er viktig at ein har ei overordna koordinering av dette, er det viktig for sluttresultatet at der er leiarar på grunnplanet som har budsjettansvar og kontroll med det daglige forbruket.

Pleie- og omsorgstenester handlar om drift 24/7 heile året. Dei fagfolka som ikkje er i ferie må yte ekstra når kollegane er ute, og for leiarane er det eit enormt ansvar å få det til å henge saman. Utan god planlegging raser utgiftene i vei med forskjøve arbeidstid og overtid. Tida frå tidleg vår til slutten av august er svært krevjande for avdelingsleiarane. Avdelinga går difor inn i ei sårbar tid med vakanse i viktige funksjonar. Under ferieavviklinga må leiarane sjølve dekkje opp vakter der det ikkje er mogleg på anna måte. I år er hola større enn før og avdelinga må bruke vikarbyrå i større utstrekning enn før.

Kommunen sin ferske Kostrarapport frå våren 2014 viser at pleie- og omsorg i Herøy har ei svært effektiv drift. Det er ei kjennsgjerning at leiing er sentralt for å oppnå



gode resultat. Pleie- og omsorg synest å ha funne ein modell som gir gode resultat. Fleire forskarar peiker på at pleie- og omsorgstenestene har vesentlig lågare leiartettleik enn andre avdelingar. Også i Herøy er pleie- og omsorg sine leiarar blant dei som har flest tilsette og størst budsjett å administrere. Det er såleis ikkje grunnlag for å stille spørsmål ved leiartettleiken i pleie- og omsorgsavdelinga.

Pleie- og omsorgsleiar meiner at nærleiing er viktig, og at den noverande driftsforma er den beste for avdelinga no. Avdelinga har funne midlertidige tiltak, men dette vil raskt gå utover drifta så det er viktig at denne tida vert korttast råd. Etter ei samla vurdering rår rådmannen til at leiarstillinga ved Myrvåg omsorgssenter vert lyst ut snarast råd.

Fosnavåg, 23.02.2015

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

Ragnhild Velsvik Berge  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Ragnhild Velsvik Berge



## HERØY KOMMUNE

<b>DELEGERINGSFULLMAKT</b>	<b>AVDELINGSLEIAR I PLEIE OG OMSORG</b>
<b>Ansvarsområde:</b>	
<b>Namn:</b>	
<b>Dato:</b>	

jmfr. Herøy kommune sitt administrative delegasjonsreglement av 1.02.00, og rådmannen sin delegasjon til pleie – og omsorgsleiar

### I. UTGANGSPUNKT FOR DELEGERING AV MYNDE

Kommunestyret har ved delegasjonsreglement fastsett delegering av mynde til rådmannen, jfr. K-sak 32/96. Etter kommunelova skal all delegasjon frå politisk nivå til administrativt nivå gjevast til rådmannen. Rådmannen fått delegert avgjerdsmynde frå kommunestyret i saker som ikkje er prinsipielle. Det kan i enkelte høve vere uklart kva som er prinsipielle/ikkje-prinsipielle saker. Der det er tvil må pleie – og omsorgsleiar ta dette opp med rådmannen som evt. bringer spørsmålet til politisk avklaring. Rådmannen kan delegere mynde vidare så lenge det ikkje står at mynde i ei sak er lagt til "rådmannen sjølv." Rådmannen kan trekke delegert mynde attende. Det same gjeld for dei som får vidaredelegert mynde.

I den grad det er gjort vedtak om delegering av mynde frå politisk organ direkte til tenesteleiarer det å forstå slik at delegeringa formelt er gjort til rådmannen. Delegering direkte til tenesteleiarer skal opprettast formelt.

Rådmannen har i eiga delegasjonsfullmakt delegert mynde til leiar for pleie – og omsorgsavdelinga. Pleie – og omsorgsleiar står fritt til å delegere vidare mynde i samsvar med den delegasjonsfullmakta rådmannen har gitt.

Denne delegasjonsfullmakta gjeld det myndet som er delegert frå pleie- og omsorgsleiar til avdelingsleiar i pleie- og omsorg.

### II. ORGANISERING

Den politiske styringsstrukturen er vedteken av Herøy kommunestyre i K-sak 047/02. Rådmannen er pleie – og omsorgsleiar sin overordna. Pleie – og omsorg har avdelingsleiarar på kvar avdeling etter ein to-nivå modell. Avdelingsleiar er medlem i pleie - og omsorgsleiar si leiargruppe. Medlemmar i leiargruppa deltek i overordna planlegging, utvikling og samordning på tvers av avdelingane i pleie - og omsorg.

Avdelingsleiar er leiar for eit definert ansvarsområde, og rapporterer direkte til pleie - og omsorgsleiar. Avdelingsleiaren er tillagt ansvaret for sitt tenesteområde i høve målområda økonomi, organisasjon, teneste og lokalsamfunn.

### III. DELEGERING SOM GJELD AVDELINGSLEIAR

Pleie - og omsorgsleiar fastsett følgjande vidaredelegering til avdelingsleiar, jfr. delegering frå rådmannen til pleie - og omsorgsleiar. Delegering etter dette reglement gjeld inntil anna blir bestemt.

1. **Avdelingsleiar vert delegert avgjerdsrett i einskildsaker av ikkje-prinsipiell karakter** for det område som sorterer avdelingsleiaren i samsvar med det til ei kvar tid gjeldande ansvarsområde og organisering, så langt mynde elles er delegert avdelingsleiaren.
2. **Avdelingsleiar vert delegert det daglege planleggings- leiings- og driftsansvaret** for ansvarsområdet tillagt avdelinga.

**Totalansvar.** Avdelingsleiaren har fagleg ansvar, ansvar for personaleiing og for økonomistyring i avdelinga. Innanfor dette ligg også ansvar for interne rutiner, kontroll, organisasjon, informasjon og arkiv. Dette skal skje i tråd med kommunen og pleie- og omsorgsavdelinga sine retningsliner. Styrande planar, retningsliner og prosedyrer skal vere i Kvalitetslosen og avdelingsleiar plikter å sørge for at avdelinga aktiv bruker dette som eit kvalitetsforbetningsverktøy. Herunder å få inn ein forbetningskultur der avvik vert analyserte og brukte til konkret kvalitetsforbetring. Dersom leiaren ser at det mangler prosedyrer skal ein ta initiativ til å utvikle desse.

Avdelingsleiar har ansvar for å bidra til eit godt vedlikehald og drift av "indre liv" innanfor ansvarsområdet. Herunder å sørge for at inventaret er tidsmessig og at lokala som kjem inn under ansvarsområdet er i god orden. Kommunen sine bygg er offentleg eige og det skal vere ein eigen plan for møbløring og kunst. Ansvaret for dette skal vere avgrensa til utvalde personar.

Avdelingsleiaren har ansvar for å bidra til effektiv bruk av energi ved å følge med forbruket, etablere rutiner som bidreg til straumsparing, og jamleg ha dette som tema på personalmøter

Avdelingsleiaren har ansvar for plassering og fordeling av ansvar og arbeid i avdelinga ut frå overordna prinsipp for organisering i Herøy kommune som er vedtekne av kommunestyret. Organiseringa skal gjennomførast etter spelereglane i lov og avtaleverk og i samråd med pleie - og omsorgsleiar. Organisering skal godkjennast av pleie - og omsorgsleiar.

3. Avdelingsleiar skal **ivareta pasienten sine behov og rettar** jamfør gjeldande lov – og regelverk, og sjå til at pasienten får nødvendig helsehjelp. Tildelt hjelp skal vere forankra i eit enkeltvedtak, formelt vedteke av pleie- og omsorgsleiar. Men der det vert vurdert som fagleg nødvendig skal tiltak iverksettast før formelt vedtak er på plass. Avdelingsleiar har delegert mynde til å kome med ei fagleg tilråding som utgjer ein del av grunnlaget for vedtaket. Tenesteomfanget skal vurderast individuelt med utgangspunkt i lovverket og tenesteerklæringane. Avdelingsleiar har ansvar for at det til ei kvar tid er samsvar mellom den hjelpa avdelinga yter og dei vedtaka som er gjort.

Pleie – og omsorgsleiar og sekretæren for tiltaksnemnda skal snarast orienterast om pasientar som har eit tenesteomfang som går utover vanleg standard.

4. "FOR 2008-04-03 nr 320: Forskrift om **legemiddelhandtering** for virksomheter og helsepersonell som yter helsehjelp" skal ligge i botnen for legemiddelhandteringa.

Avdelingsleiar har delegert mynde til å ivareta dette ansvaret i tråd med § 4:

“Virksomhetsleder er ansvarlig for at legemiddelhåndtering i virksomheten utføres forsvarlig og i henhold til gjeldende lover og forskrifter. Virksomhetsleder skal sørge for at helsepersonell med tilstrekkelig kompetanse utfører oppgaver innen legemiddelhåndtering på en forsvarlig måte. Helsepersonells kompetanse må vurderes individuelt ut fra vedkommendes formelle og reelle kvalifikasjoner, oppgavens art og den oppfølging som gis. Virksomhetsleder skal sørge for at studenter bare gis oppgaver i tråd med helsepersonelloven § 5 annet ledd.”

Avdelingsleiar skal sørge for internkontroll, herunder:

- ❖ Gi skriftleg delegasjon til dei som kan handtere legemiddel og gjere desse kjende i avdelinga. Dette skal gjerast i nært samarbeid med tilsynslegen, som er fagleg rådgjevar jamfør legemiddelforskrifta § 4, andre ledd.
- ❖ Kome med framlegg til pleie- og omsorgsleiar om etablering og oppdatering av skriftlege prosedyrer for legemiddelhandteringa, herunder prosedyrer for evaluering og kontroll og vurdering av risikoforhold. Prosedyrene skal vere kjende i avdelinga .
- ❖ Avdelingsleiar skal sørge for at avvik vert rapporterte, og gjere statistikken kjent på avdelinga som eit verktøy for kvalitetsforbetring. Nye tiltak skal etablerast i etterkant av gjennomgangen.
- ❖ Sørge for at helsepersonell får nødvendig opplæring.
- ❖ Sørge for å ha oversikt over innkjøpte legemiddel i gruppe B, og at dette vert kontrollert opp mot faktisk bruk på avdelings- eller einingssnivå.

Avdelingsleiar skal sørge for ekstern kvalitetskontroll av avdelinga si legemiddelhandtering.

5. **Føre var prinsippet.** Avdelingsleiaren skal praktisere "bedre føre var" - prinsippet og konferere med pleie - og omsorgsleiaren i saker når det kan vere grunn til å tru at saka kan vere konfliktfylt eller har særleg interesse for politiske utval, berørte partar, pårørande eller andre.
6. Uttalerett til media kan delegerast vidare frå pleie - og omsorgsleiar i enkeltsaker eller fast etter konkret avtale. Slik delegering skal skje skriftleg.
7. **Vidaredelegering.** Avdelingsleiaren kan gi underordna fullmakt til å ta avgjerd på egne vegne (intern vidaredelegering). I samband med ferieavvikling, reisefråvær m.v kan slik fullmakt utvidast til å gjelde heile området for delegert mynde. Intern vidaredelegering skal skje skriftleg, med kopi til pleie - og omsorgsleiaren, rådmannen, kommunerevisjonen og økonomisjefen.

#### IV. PLANLEGGING - SAMHANDLING

Planlegging skal skje med utgangpunkt i årsplanen, styringshjulet og andre sentrale plandokument som t.d. PLUSS, brukarundersøkingar, HMS-plan, kompetanseplan

Avdelingsleiaren har planleggingsansvar for sitt ansvarsområde. Avdelingsleiaren skal følge opp pålegg om utarbeiding av planar, og på eige initiativ gjennomføre planlegging av verksemda der dette er naudsynt.

Avdelingsleiaren skal melde inn grunnlagsdokumentasjon for dei behov som avdelinga har, til pleie – og omsorgsleiar, i samband med budsjettarbeidet.

Avdelingsleiaren skal delta i felles planlegging for å sørge for at den som til ei kvar tid treng tenesta mest er den som vert prioritert med t.d. institusjonsplass

Som ein del av leiinga i pleie- og omsorgsavdelinga ligg der eit ansvar i å ivareta heilskaps- og framtidsperspektivet.

Leiaren skal sørge for å halde seg fagleg oppdatert på lov- og regelverk og utvikle sin leiar – og samhandlingskompetanse . Vidare bruke ny teknologi og nye behandlingsformer. I

planlegginga av arbeidet skal ein legge spesielt til rette for tverrfagleg samhandling, internt i kommunen og mellom tenestenivå. Samhandlingsavtalen med Helseforetaket, og mellom avdelingar i kommunen, skal vere sentrale i planlegginga av drifta.

## V. BUDSJETTANSVAR

1. Avdelingsleiaren har ansvar for gjennomføring av vedtatt budsjett for avdelinga, med overordna mål og avtalt handlingsplan. Avdelingsleiaren har medansvar for samsvar mellom budsjett og rekneskap for heile pleie - og omsorgsavdelinga – sett under eit.

Avdelingsleiaren har budsjettansvar for si avdeling, som inneber at ein skal:

- sjå under eitt inntektsførte sjukepengar og inntak av sjukevikarar.
- sjå under eitt budsjetterte utgifter og inntekter innafør den enkelte hovudpostgruppe.
- myndet gjeld ikkje disponering av ikkje-budsjetterte inntekter !

Avdelingsleiaren skal rapportere til pleie - og omsorgsleiaren på gjennomføring av budsjettet ved kvart månadsskifte. Rapporteringa skal gi grunnlag for orientering til politiske styringsorgan om utviklinga i tenesteomfang og -innhald i høve til dei mål og resultatkrav som ligg i vedtatt budsjett.

Avdelingsleiaren skal melde frå til pleie - og omsorgsleiarn så tidleg som råd om det oppstår problem i høve til gjennomføring av gjeldande budsjett innanfor vedtatt ramme, og skal foreslå dei tiltak som er naudsynt for å gjennomføre budsjettet og oppretthalde balanse i budsjettet.

2. Avdelingsleiaren har innkjøpsmynde / rekvisisjonsrett i høve til gjeldande innkjøpsreglement (vedtatt av kommunestyret i K-sak 102/94) og i høve til reglar for bilagshandsaming.
3. Avdelingsleiaren har tilvisingsrett for heile ansvarsområdet, jfr. eiga oppstilling over budsjettansvar. Tilvising skal skje i høve til gjeldande rutine for bilagshandsaming.

Avdelingsleiaren kan ikkje tilvise rekningar der varer m.v. er tinga av avdelingsleiaren sjølv, eller rekningar som vedkjem avdelingsleiaren sjølv (kurs, køyregodtgjersle, overtid m.v.). Slike rekningar skal tilvisast av pleie - og omsorgsleiaren. Tilsvarende regel gjeld ved videredelegering i avdelinga.

## VI. PERSONALANSVAR OG INSTRUKSJONSMYNDE

1. Avdelingsleiaren har personalansvar og instruksjonsmynde for alle tilsette, skal syte for god intern kommunikasjon i avdelinga og ha jamnleg oppfølging av sine medarbeidarar, herunder syte for at det vert halde jamnlege personalmøter og PLUSS-samtaler, kvart eller minimum annakvart år. Evt behov for andre samtaler kjem i tillegg til PLUSS. Det skal då skrivast referat frå samtalen, og dette arkiverast i personalmappe og stemplast unntatt off. Ein må lage ein plan for oppfølging.

Der skal ikkje vere personalarkiv ute på avdelingane. Alt dokument som gjeld ein tilsett skal vere lagra i vedkomande si personalmappe på Personal- og organisasjonsavdelinga.

Avdelingsleiaren peikar ut stedfortredar ved fråver, ferie o.l. Ved lengre sjukefråvær hos avdelingsleiar peiker pleie - og omsorgsleiar ut ein stedfortredar.

Avdelingsleiaren skal ivareta samarbeid med arbeidstakarorganisasjonane og oppfølging av hovudavtalen og hovudtariffavtalen. Avdelingsleiaren pliktar å følgje vedtekte rutiner for arbeidsplan, fråversstatistikk, oppfølging av eigenmeldingsrutinene og HMS/internkontroll.

Avdelingsleiaren har ansvar for kompetansebygging i avdelinga, i høve til mål og resultatkrav til leiing, utvikling av tenester og forvaltningsoppgåver.

Avdelingsleiaren har sjølv ansvar for at ledige stillingar vert lyste ut i høve til etablert rutine. Avdelingsleiaren sjølv har innstillingsrett, og gjennomfører intervju etter eiga vurdering i samarbeid med tillitsvalde. Avdelingsleiar si innstilling vert sendt til pleie- og omsorgsleiar som gjer den formelle tilsettinga.

Når ei stilling vert ledig skal det vurderast om ein ynskjer å nytte denne på ein annan måte, ved til dømes å få inn anna kompetanse. Avdelingsleiar har ansvar for å gjere slike vurderingar i samråd med pleie - og omsorgsleiar.

Pleie - og omsorgsleiar godkjenner utlysingstekst før den vert sendt frå pleie - og omsorgsavdelinga.

Personalfunksjonen i kommunen gir støtte og råd i personalsaker.

2. Avdelingsleiaren sjølv vert delegert mynde til å gjere vedtak i personalsaker ut frå permisjonsreglement for Herøy kommune, vedteke i ADM-sak 063/00 vedkomande:
  - a) § 2 velferdspermisjonar
  - b) § 3 permisjon for utføring av tillitsverv
  - c) Påskjønne tilsette i samsvar med kommunalt reglement. Ved overrekking der reglementet tilseier at ordførar skal gjere det, skal ein følge tenestevei nedover i organisasjonen.
3. Avdelingsleiaren sjølv har fullmakt til å tilsetje vikarar i korttidsengasjement for inntil 6 månader når dette gjeld sjukevikariat og permisjonsvikariat under føresetnad av budsjettmessig dekning. Slik tilsetjing skal skje i samsvar med gjeldande lov, reglement og avtalar; Mellombels tilsetjing skal skje i samsvar med vilkåra i Arbeidsmiljølova § 58 A. Mellombels tilsetjing skal skje skriftleg (standard arbeidsavtale) og løns- og personalkontoret skal ha kopi av arbeidsavtalen. Lønnsfastsetjing skal skje i samråd med løns- og personalkontoret.

## VII. SAKSHANDSAMING – INNSTILLINGSRETT - RAPPORTERING

1. Pleie - og omsorgsleiaren har ansvar for all sakshandsaming i etaten.
2. Konsulentane i administrasjonen har ansvar for fullført sakshandsaming i klientsaker, og sakshandsamar skal gå fram av den enkelte sak.
3. Avdelingsleiaren plikter å halde seg oppdatert på gjeldande lov- og regelverk, og bidra med faktaopplysningar og faglege skjønsvurderingar. Desse skal leverast snarast råd, og seinast innan fastsette fristar frå saksbehandlar.
4. Sakshandsaming til politiske utval skal skje i god tid. Avdelingsleiaren skal bidra med faktaopplysningar og faglege skjønsvurderingar i saker der det vert etterspurt.
5. Avdelingsleiaren sjølv har innstillingsrett i tilsettingssaker, men det er pleie- og omsorgsleiar som har formelt tilsettingsmynde. Referanse skal alltid sjekkast. Ein bør som hovedregel nytte intervju ved tilsettingar.

6. Avdelingsleiaren skal innanfor gitt fristar rapportere i tråd med styringshjulet. Dette skal skje fortløpande og dersom det ikkje er mulig å overhald fristen skal dette avtalast i god tid i førevegen.

## VIII. YMSE

1. Avdelingsleiaren skal rapportere skriftleg til pleie- og omsorgsleiaren om forvaltinga av det delegerte myndet gjennom fastsette fristar i styringshjulet. Viktige saker skal rapporterast fortløpande.
2. Når det står "avdelingsleiaren sjølv" inneber dette at mynde ikkje kan delegerast vidare.
3. Presisering av delegeringa vert gjort etter behov
4. Leiarprinsipp for Herøy kommune og konsekvensar/retningsliner for delegering ligg til grunn for utøving av leiarrolla og det delegerte myndet.

Ragnhild Velsvik Berge  
Pleie- og omsorgsleiar

(Den enkelte lear si fullmakt ligg i e-phorte)



HERØY KOMMUNE  
HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

-

---

Sakshandsamar:	AZT	Arkivsaknr:	2014/1389
		Arkiv:	L12

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
44/15	Formannskapet	03.03.2015

### REGULERINGSENDRING FOR DELER AV MYKLEBUST VEST - OFFENTLEG ETTERSYN

#### Tilråding frå rådmannen:

Formannskapet vedtek, i medhald av plan- og bygningslova § 12-10, at reguleringsplanforslag «Reguleringsendring for Myklebustvatnet vest II», datert 22.01.2015, vert lagt ut til offentlig ettersyn.

Særutskrift:

- Utviklingsavdelinga, her



**Vedlegg:**

01 – Plankart, datert 22.01.2015

02 - Reguleringsføresegner, datert 22.01.2015

03 - Planomtale med vedlegg, datert 22.01.2015

**Saksopplysningar:**

På vegne av tiltakshavar Herøy eigedom AS, har konsulentfirma AG Plan & Arkitektur AS utarbeidd planforslag med detaljregulering for eigedom gnr 37 bnr 380 mfl. i Herøy kommune. Planforslaget medfører ei reguleringsendring av deler av godkjent plan Reguleringsplan Myklebustvatnet vest PlanID: 200701» OG «Reguleringsendring Myklebustvatnet vest PlanID: 201209». Rådmannen viser til at kommunen sitt vedtak om reguleringsendring frå 2012 blei påklaga, handsama og avgjort av Fylkesmannen i Møre og Romsdal den 05.09.2013. Kommunestyret sitt vedtak blei opprettheldt, for bygning med totalt 2 etasjer på gnr 37 bnr 381, der 2.etg skal romme leilegheiter.

Herøy kommune har i DS-sak 394/14 gitt løyve til oppføring av 1 etasje (med 7 nye leilegheiter) over eksisterande kontor på gnr. 37 bnr. 381. Det er gitt løyve til tiltaket i samsvar med gjeldande reguleringsplan og med føresetnad om at også rekkjefølgjekrava som ligg i den godkjente reguleringsplanen blir oppfylt. Det er registrert at byggjearbeidet med nye leilegheiter er starta og ein føreset desse vert ferdigstilt parallelt med dette planarbeidet.

Føremålet med denne reguleringsendringa er å flytte leikeplassen i gjeldande reguleringsplan til gnr. 37 bnr. 78 og endre den regulerte leikeplassen til parkering/garasjeanlegg for bustader/leilegheiter innan området. Tiltakshavar finn at leikeplassen er ugunstig plassert i gjeldande plan og har kjøpt eigedomen gnr. 37 bnr. 78 med sikte på å flytte leikeplassen til denne tomta. Ei flytting av leikeplass til bnr 78 vil medføre at huset på eigedomen må rivast.

Det er halde oppstartsmøte for planarbeidet 03.09.2014. Rådmannen viser til at ein oppstartsmøte var positive til intensjonen med reguleringsendringa, der det nye leikeområdet vert flytta lenger vekk frå den trafikkbelasta fylkesvegen og til eit alternativ areal som ligg meir skjerma og mindre utsett for støy og trafikk.

Samla areal for planframlegget er på 3.1 daa. Tiltaket er av ein slik karakter at det ikkje er naudsynt med planprogram eller konsekvensutgreiing etter plan og bygningslova §§ 4-1 og 4-2. Planarbeidet vart varsla med annonse i lokalavisa og informasjon på internett. Det er kome inn 7 innspel til planarbeidet.

Plankonsulent har kommentert og gjort greie for innspela som har kome. Desse går fram av vedlegg til planomtalen. Rådmannen finn ikkje grunnlag for å gå nærare inn på desse innspela og ser konsulent sine vurderingar som tilfredstillande.

Ein vil i den komande delen av saka skildre dei mest vesentlege delane av planforslaget:

**Arealbruk:**

Planforslaget omfattar arealformåla energianlegg, leikeplass, bustad/kontor, køyreveg og parkeringsanlegg og vist innanfor plangrensa.

#### Energianlegg (E):

Arealet er ikkje endra i høve gjeldande plan og vil soleis vere ei vidareføring.

#### Leikeplass (LP):

Det er sett av eitt areal til leikeplass/opphaldsareal innanfor planområdet som har like stort bruksareal som for arealet som ligg inne i gjeldande plan. Arealet har ein storleik på 0.4 daa.

#### Bustad/kontor (B/K):

Arealet er ikkje endra i høve gjeldande plan og vil soleis vere ei vidareføring.

#### Køyreveg (V):

Vegen er regulert slik som den ligg i gjeldande plan. Veg o\_V5 gjeld del av offentleg (kommunal) veg Svingen. Del av frisktline er teke inn i etter gjeldande plan nordvest i planområdet.

#### Parkeringsplass (SPH):

Dette arealformålet er nytt og er teke inn der det i gjeldande reguleringsplan er vist leikeplass. I tillegg er areal mellom eksisterande bustadhus og tidlegare leikeplass teke med. Arealet har ein storleik på 0.6 daa. Avgrensinga er gjort av omsyn til at tiltakshavar ynskjer å byggje garasje/carportanlegg inntil eksisterande bustadhus på gnr. 37 bnr. 92. Det er også gjort ei avgrensing av parkering/garasjeareal mot eksisterande transformatorstasjon merka (E). Det er vist omsynssone i breidd 5,0 m frå bygning som tidlegare. Parkeringsplass kan etablerast inntil 1 meter frå denne bygning. Garasje/carport kan etablerast innan vist byggjegrænse. Sona kjem i berøring med areal avsett til parkeringsplass SPH. Møre Nett AS meiner dette er akseptabelt, då dette er eit trafikkareal/bygg der brukarane berre vil opphalde seg i korte periodar.

### **Vurdering og konklusjon:**

Rådmannen viser til at plankonsulent i reguleringsendringa har gjort ei fagleg god vurdering av flytting av leikeplassen i høve rikspolitiske retningslinje (RPR) for barn- og unge som er nedfelt i temarundskriv T-2-08. Det er sett av eitt areal til leikeplass/opphaldsareal innanfor planområdet som har like stort bruksareal som for arealet som ligg inne i gjeldande plan. Brukskvaliteten er også tilsvarande eller betre. Nye berekningar viser at den nye leikeplassen ikkje er utsett for støy over grenseverdiane i T-1442. Det er også gjennomført ei revidert sol/skugge-analyse som viser at soltilhøva vil vere tilfredstillande, då leikeplassen har minst 50 % solareal i utvalte dagar i mars, juni og september. Den nye leikeplassen vert ikkje utsett for forureining, støy, trafikkfare eller anna helsefare. Leikeplassen skal sikrast med gjerde og grind mot bilvegen. Arealet som leikeplassen skal plasserast på er flatt og vil kunne nyttast til ulike typar aktivitetar og for ulike aldersgrupper gjennom året.

Når det gjeld garasje/carportanlegg (SPH) ser rådmannen det som positivt at parkeringsplass/parkeringsanlegg (her i også garasje-/carportanlegg) kan gje betre parkeringsdekning for utbygginga på B/K-området og gje plass til framtidig garasje-/carportanlegg for leilegheitene og tilgrensande bustad. Utfordringane for dette tiltaket vil kunne vere i høve arkitektonisk og estetisk utforming for fasade mot FV654.

Det er utarbeidd revider støyutgreiing av omsyn til flytting av leikeplassen og pågåande byggjetiltak. Moment frå denne utgreiinga er teke inn i planforslaget. Det er utarbeidd eiga ROS-analyse som vedlegg til planomtalen.

Etter det rådmannen kan sjå av offentlege databasar er det ikkje forhold knytt til risiko og sårbarheit eller andre samfunnsmessige konsekvensar som talar i mot fremja arealbruk.

Med bakgrunn i ovannemnde saksopplysningar og vurdering, og med tilvising til planforslaget, rår rådmannen til at formannskapet legg saka ut til offentleg ettersyn i seks veker.

Konsekvensar for folkehelse:

**Nei**

Konsekvensar for beredskap:

**Nei**

Konsekvensar for drift:

**Nei**

Konsekvensar for økonomi:

**Nei**

Fosnavåg, 18.02.2015

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

Jarl Martin Møller  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Aleksander Zahl Tarberg



# TEIKNFORKLARING

PBL § 12-5 REGULERINGSFØREMÅL OG 11-8 OMSYNSSONER

## 1 BYGNINGAR OG ANLEGG

(PBL § 12-5 nr. 1)

**E** ENERGIANLEGG

**LP** LEIKEPlass

**B/K** BUSTAD/KONTOR

## 2 SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR

(PBL § 12-5 nr. 2)

**SKV** KØYREVEG

**SPH** PARKERINGSANLEGG

## 3 SIKRINGSSONE

(PBL § 11-8 a.1, jf. § 12-6)

**FRISIKT** (H140)

## 4 FARESONE

(PBL § 11-8 a.3, jf. § 12-6)

**HØGSPENNINGSANLEGG** (H370)


## 5 INFRASTRUKTURSONE

(PBL § 11-8 a.3, jf. § 12-6)

**REKKJEFØLGJEKRAV GRØNTSTRUKTUR** (H450)

### LINJESYMBOL

- Plangrense
- Føremålsgrense
- Grense for sikringssone
- Grense for fareområde
- Grense for infrastruktursone
- Eidomsgrense som opphevast
- Byggjegrans
- Bygg som inngår i planen
- Bygg som utgår av planen
- Regulert senterlinje
- Regulert køyrebaneant
- Frisikttlinje
- Måle- og avstandlinje



### EIGARFORM:

- o\_V5 = Offentleg føremål
- f\_V5 = Felles føremål
- V5 = Privat føremål

GEODETISK DATUM	HØGDEREFERANSE	EKVIDISTANSE	KARTGRUNNLAG	
EUREF89 UTM-sone 32	NN1954	1 m	Grunnkart Herøy kommune	
REVISJONAR:			DATO	SIGN
SAKSHANDSAMING:			DATO	SIGN
Planutval				
Offentleg ettersyn				
Kommunestyref, eigen godkjenning				
<b>HERØY</b> kommune		<b>REGULERINGSENDRING</b> (detaljplan i hht. pbl § 12-3) FOR <b>"MYKLEBUST VEST II" I HERØY KOMMUNE</b>		
Forlagstillar: Herøy Eigedom AS		Tegn: EAH	Dato: 22.1.2015	Målestokk: 1:1000 (A3)
Utarbeidd av:		Nasjonal arealplan-ID:		Revisjon:
<b>AG Plan og Arkitektur AS</b> Webjørn Svendsengt. 12, 6150 Ørsta Tlf 700 61 600, E-post: firmapost@agplan.no, www.agplan.no		1515201409		
		Teikningsnummer:		
		2213-100		

## **"REGULERINGSENDRING (detaljplan i hht. pbl § 12-3) FOR MYKLEBUSTVATNET VEST II"**

Planidentifikasjon:	Kartnr. i kartarkivskap nr. 1	Eigengodkjenningsdato	Eigengodkjend av:
1515201409	XXX	xx.xx.2015	Herøy kommunestyre

### **Områdeomtale/plangrense:**

I nord: Grensar til gnr. 37 bnr. 48 og 238

I aust: Grensar til gnr. 37 bnr. 24, 67, 92, 159, 180, 309 og 347

I sør: Grensar til fylkesveg 654

I vest: Grensar til gnr. 37 bnr. 24, 79, 346 og 380

### **§§ 1-3 GENERELT**

#### **§ 1 - GYLDIGHETSOMRÅDE**

Desse føresegnene gjeld for det området som på plankartet er vist med reguleringsgrenser. Innanfor desse grensene skal areala nyttast - og bygningane plasserast - slik som planen (plankartet og føresegnene) fastset.

#### **§ 2 - ANDRE BESTEMMINGAR**

Desse føresegnene kjem i tillegg til dei til ei kvar tid gjeldande sentrale lover og kommunale vedtekter og føresegner. Kommunen kan vedta mindre endringar / justeringar i plan innanfor rammene av plan- og bygningslova (PBL).

#### **§ 3 - PRIVATRETTSLEGE AVTALAR**

Etter at denne reguleringsplanen med tilhøyrande føresegner er gjort gjeldande, kan det ikkje gjerast privatrettslege avtalar som er i strid med planen.

#### **§ 4 - REGULERINGSFØREMÅL**

Arealet innanfor reguleringsgrensene skal nyttast i samsvar med pbl til følgjande føremål slik:

##### Bygningar og anlegg (PBL. § 12-5, nr. 1)

- Energianlegg, E
- Leikeplass, LP
- Bustad/Kontor, B/K

##### Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL. § 12-5, nr. 2)

- Køyreveg, V
- Parkeringsanlegg, SPH (her i også parkeringsplass på grunnen)

##### Sikringssone (PBL. § 11-8 a.1, jf. § 12-6)

- Frisikt (H140)

##### Faresone (PBL. § 11-8 a.3, jf. § 12-6)

- Høgspenningsanlegg (H370)

##### Infrastruktursone (PBL. § 11-8 b, jf. § 12-6)

- Rekkjefølgjekrav grøntstruktur (H450)

### **§ 5 - FELLESFØRESEGNER**

a. Bebyggelsen skal plasserast innanfor dei regulert byggegrensene. Tillate bebygd areal (BYA) vert definert i samsvar med NS 3940: 2007. BYA gjev tillatt bebygd areal i prosent av tomta sitt nettoareal. Gesims- og mønehøgde vert målt ut frå gjennomsnittleg planert terreng rundt bygget, jf. rettleiar "T-1459 Grad av utnytting"

- b. Innanfor byggeområde kan det oppførast andre tekniske innretningar der dette er naudsynt. Frittstående bygg til slike føremål skal ha dimensjon, form og farge som er tilpassa bebyggelsen elles i området.
- c. Prinsippa om universell utforming skal leggjast til grunn for utforming av bygningar og anlegg innanfor planområdet.

## § 6 – AREALBRUK

Dersom garasje eller innvendig parkeringsplass ikkje vert bygd tilsvarande krav til tal parkeringsplassar, skal parkeringsplass reknast inn i grunnlaget for BYA med 20 m<sup>2</sup> pr. bilplass (gjeld også parkeringsplass på grunnen i området SPH).

Eksisterande transformatoriosk inngår i reguleringsplanen (merka E).

I område merka LP skal det leggjast til rette for leikeplass/felles opphaldsareal.

I område B/K skal det byggjast bustad og kontor.

- b. Grad av utnytting av tomtene er bestemt av tillate prosent utbygd areal (% - BYA):  
Maks BYA for B/K området er 40 %.  
Maks BYA for SPH området er 90 %.
- c. Leikeplassarealet LP skal sikrast mot køyreveg med gjerde i høgd 1 meter. Som inngang til leikeplassen skal nyttast grind eller sluse. Frå veg skal gjerde førast opp minst 5 m inn på leikeplass. Gjerde kan setjast i føremålsgrense.

## § 7 – BYGNINGAR OG ANLEGG (PBL. § 12-5, nr. 1)

### 1. Generelt:

Kommunen skal ved handsaming av byggjemelding sjå til at bygningane får ei god estetisk utforming, som er tilpassa bygget sin funksjon og omgjevnadene. Bygningar i same gruppe skal gjevast ei harmonisk utforming. Kommunen krev at det vert lagt særleg vekt på det samla arkitektoniske uttrykket i høve ei harmonisk områdeoppfatning. Det skal ikkje nyttast reflekterande materialar på bygningar eller anlegg. Unnateke er glasfasade. Parkeringsbehovet er føresettt dekt på eige areal, jf kommunen si vedtekt til § 69 nr. 3 og 4 i pbl. eller på tilgrensande areal som utbyggar disponerer – her SPH området.

### 2. Bygningar:

- a. Del av eksisterande transformatorstasjon inngår i reguleringsplanen, merka E. Det er vist omsynssone i breidd 5,0 m frå bygning. Parkeringsplass kan etablerast inntil 1 meter frå denne bygning. Dette etter nærare avklaring med netteigar. Garasje/carport kan etablerast innan vist byggjegrænse.
- b. B/K er kombinert bebyggelse og anleggsformål for bustad og kontor. I område merka B/K skal bygningar ikkje ha større gesims- og mønehøgde enn 11 meter. Delar av 1. etasje skal nyttast til parkering.  
Ved handsaming av byggjemelding skal kommunen sjå til at bygget får ei god estetisk utforming som er tilpassa bygget sin funksjon og omgjevnadene.  
For å oppnå tilfredsstillande støynivå innomhus er det krav om at stovene (opphaldsromma mot fylkesveg 654) har vindu og balkongdører  $R_w+C_{tr}= 31$  dB. Det er forutsett nytta balansert ventilasjon. For øvrige rom er det tilstrekkeleg med standard vindu.  
For å oppnå tilfredsstillande støynivå på balkong (privat uteplass) er det krav om 1,9 m høg skjerm for å oppnå  $L_{den} = 55$  dB på balkongane. Skjermen kan vere i glas 0,8 m frå vanleg brystning. Det må ordnast med avrenning av vatn. Skjermen må vere tett.

- c. Innan område SPH kan førast opp garasje-/carportanlegg. Tilkomst skal vere over området B/K. Bygningar skal ikkje ha gesimshøgde større enn 3,0 m og mønehøgde ikkje over 4,0 m. Mot nord kan bygning med større grunnflate enn 50 m<sup>2</sup> førast opp i føremålsgrrensa der byggegrense ikkje er vist.

### **§ 8 – SAMFERDSELSANLEGG/TEKNISK INFRASTRUKTUR (PBL. § 12-5, nr. 2)**

Køyreveg (V):

Køyrevegen merka V5 gjeld del av offentleg (kommunal) veg Svingen. Innanfor dette arealet skal det leggjast til rette for køyreveg med tilhøyrande grøft, skjeringar og fyllingar (skråningar). I vegareal kan det også leggjast VA-leidningar, el-, fiber- og telekablur. I tillegg til vist trafikkareal kjem nødvendig areal til vegskjeringar og fyllingar som kan leggjast på tomtegrunn/tilstøytande naboareal. Vegskråningar utanom grøfteareal skal tilsåast med stadeigen vegetasjon.

Parkeringsanlegg (SPH, her i også parkeringsplass på grunnen):

Området merka SPH skal brukast til parkeringsanlegg (her garasje-/carportanlegg) og parkeringsplassar på grunnen. Område SPH gjeld areal for området B/K og tilgrensande bustad.

### **§ 9 – UTEAREAL TILHØYRANDE BYGGJEAREAL**

- a. Leikeplassen merka "LP" er felles for område B/K planen. Leikeplassen skal ved utbygging setjast i ein slik stand at dei er eigna for leik og opphald, jf. TEK10 kap. 8 og tilhøyrande rettleiing. Leikearealet skal utformast som rekreasjons- og leikeområde.
- b. Ikkje utbygd del av tomt skal utformast tiltalande. Det er ikkje tillate å ha skjemmande skjeringar og fyllingar.
- c. Uteareal skal opparbeidast og ferdigstillast samstundes med bygningane/anlegget elles.
- d. Terreng, gjerde og hekkar langs gater og i kryss skal ikkje vere høgare enn 0,7 m over vegnivået med unnatak av regulert støyskjerm. Ved avkøyrslar gjeld krava ovanfor, men høgda skal ikkje vere over 0,5 m. Sjå elles føresegnene vedkomande frisktlinjer.

### **§ 10 – SIKRINGSSONE (PBL. § 11-8 a.1, jf. § 12-6)**

Frisikt (H140):

Frisiktsone i vegkryss må ikkje nyttast slik at det på noko tidspunkt hindrar fri sikt. Areal innanfor frisiktsone skal planerast ned til 0,5 m over tilgrensande vegar sitt nivå. Det skal ikkje plantast vegetasjon som kan hindre sikta i desse sonene.

### **§ 11 – FARESONE (PBL. § 11-8 a.3, jf. § 12-6)**

Høgspenningsanlegg (H370):

Med omsyn til ev stråling frå høgspent i trafostasjon er det i planen vist omsynssone, kode H370, med breidd 5,0 m frå føremålsgrrensa. Innanfor denne sona skal det ikkje førast opp bygningar med rom for opphald.

### **§ 12 – INFRASTRUKTURSONE (PBL. § 11-8 b, jf. § 12-6)**

Rekkjefølgjekrav infrastruktur (H430):

Rekkjefølgjekrav grøntstruktur (H450):

Som omsynssone, kode H450, er det vist område med krav om rekkjefølgje vedrørande leikeplass LP, jf. føresegnene § 12 b.

### **§ 12 – KRAV OM REKKJEFØLGJE (PBL. § 12-7 nr. 10)**

- 
- a. Leikeplass/opphaldsareal skal opparbeidast og ferdigstillast før leilegheitene eller kontorlokala innanfor planområdet kan takast i bruk, jf. B/K areal. Leikeplassen skal då vere ferdig planert på ein slik måte at arealet er eigna for leik og opphald.
  - b. Leikeplass/opphaldsareal skal opparbeidast og ferdigstillast før leilegheitene innanfor planområdet kan takast i bruk, jf. B/K arealet. Leikeplassen skal då vere ferdig planert på ein slik måte at arealet er eigna for leik og opphald. Gjerde langs offentleg veg (o\_V5) og tilbake i lengd 5 meter langs tomtegrense skal vere ferdigstilt samstundes, jf §6 pkt c.

Herøy kommune, xx/xx/2015

---

ordfører

---


rådmann



Herøy kommune  
Formannskapet

Pb. 274  
6099 Fosnavåg

# PLANOMTALE FOR REGULERINGSENDRING MYKLEBUSTVATNET VEST II HERØY KOMMUNE



Planområde

**AG Plan og Arkitektur AS**

Oppdraget sitt namn: Reguleringsendring Myklebustvatnet Vest II

Dokumentet sitt namn: Planomtale

Saks nr: 2213

Oppdragsgjevar: Herøy Eigedom AS  
Oppdragsgjevar sin representant: Ingolf Fylling/Sindre Thorseth

AG Plan og Arkitektur AS: Oppdragsleiar: Kåre Gjengedal, siv.ing./planleggar  
Medarbeidar: Eldar Hansen, GIS-ingeniør

Revidert						
	22.1.2015	16		kg	kg	
	Dato	Tal sider rapport		Utarbeida	Kontrollert	Godkjent

Signert rapport original er arkivet hjå AG Plan og Arkitektur AS

Oppdragsnr.	Dokumentnr.	Filnamn
2213	2213-02	P:\2213-Myklebust-Vest\Prosjektmappe\Plandata_tekstdokument\Planomtale\2213-Planomtal.doc

## Innhald

Innhald .....	3
1 Samandrag .....	4
2. Nøkkelopplysningar.....	5
3. Bakgrunn for planarbeidet .....	6
3.1 Bakgrunn og saksgang .....	6
3.2 Føremål med planarbeidet.....	6
3.3 Forvarsling .....	6
3.4 Vurdering av innspel.....	6
3.5 Planstatus .....	8
3.6 Drøfting med særskilde grupper, jf. PBL § 5-1.....	9
4. Omtale av planområdet .....	10
4.1 Lokalisering .....	10
4.2 Avgrensing av planområdet .....	10
4.3 Storleik .....	11
4.4 Området i dag .....	11
5 Omtale av planframlegget.....	12
5.1 Nøkkeldata .....	12
5.2 Planprinsipp .....	12
5.3 Vurdering av risiko og sårbarheit .....	13
5.4 Tilkomst til overordna vegsystem .....	13
5.5 Naturmangfaldlova .....	13
5.6 Universell utforming, tilrettelegging for rørsle- og orienteringshemma .....	14
5.7 Born og unge .....	14
5.8 Krav om rekkjefølgje.....	14
5.9 Medverknad .....	15
5.10 Juridiske/økonomiske konsekvensar for kommunen .....	15
5.11 Konsekvensutgreiing .....	15
5.12 Utbyggingsavtale .....	15
5.13 Føresegnene .....	15
5.14 Plankart (2213-100).....	15

### Vedlegg A:

A1: Vurdering av innspela/merknadene  
A2: Innkomne skriv

### Vedlegg B:

B1: Støyrapport (Sweco AS)  
B2: Sol-/skuggeanalyse  
B3: ROS-analyse  
B4: Vurderingar i hht Naturmangfaldslova

### Vedlegg C:

Utsendte dokument i samband med forvarsling

## 1 Samandrag

Planområdet ligg like ved Fylkesveg 654 på Myklebust i Herøy kommune. Gjeldande reguleringsplan (reguleringsplan for Myklebustvatnet vest, planID 200701) vart godkjent i Kommunestyret 5.9.2013.

Føremålet med reguleringsendringa er å flytte leikeplassen i gjeldande reguleringsplan til gnr. 37 bnr. 78 og endre den regulerte leikeplassen til parkering/garasjeanlegg for bustader/leilegheiter innan området.

Det vart halde oppstartsmøte med Herøy kommune 3.9.2014. Kommunen gav uttrykk for at dei er i utgangspunktet var positive til reguleringsendringa då det nye leikeområdet vart oppfatta som av like god kvalitet som det som allereie var regulert.

Tiltaket er av ein slik karakter at det ikkje er naudsynt med planprogram eller konsekvensutgreiing etter plan- og bygningslova §§ 4-1 og 4-2. Planarbeidet vart varsla med annonse i lokalavisa og informasjon på internett (Herøy kommune og AG Plan .. si heimeside), med frist for å kome med innspel sett til 21.10.2014. Det kom inn 7 innspel til planarbeidet.

Mange innspel tekne omsyn til, anten heilt eller delvis. Det er frå naboar/grunneigarar reist ein del spørsmål/ sett fram kritiske meiningar knytt til etablering av leikeplass på eksisterande bustadtomt ved å rive huset. Det er vidare vist «mykje trafikk i området». Sweco AS har gjennomført støyvurdering i høve til planlagt leikeplass. Det er ikkje nødvendig med støytiltak, jf vedlegg B1.

Planframlegget omfattar slike areal i daa:

Område	Storleik, daa	Utnytting, BYA	Tal tomter, Ev. kommentar
Energianlegg	3 m <sup>2</sup>		Gjeld E
Leikeplass	0,4		Gjeld f_LP
Bustad/kontor	1,9	40 %	Gjeld B/K
Køyreveg	0,3		Gjeld o_V5
Parkeringsanlegg	0,6	90 %	Gjeld SPH

Samla areal planframlegg	3,1 daa
--------------------------	---------

Tiltakshavar er Herøy Eigedom AS. Planarbeidet er utført av AG Plan og Arkitektur AS med Kåre Gjengedal (KG) som fagansvarleg. Eldar Hansen (EH) har assistert KG i arbeidet. Det regulerte området er i privat eige.

## 2. Nøkkelopplysningar

Kommunedel:	Myklebust, delplan Bergsøy
Stad/adresse:	6092 Fosnavåg
Gnr./bnr:	37/24, 37/48, 37/67, 37/78, 37/92, 37/159, 37/160, 37/180, 37/346 og 37/381
Forslagstillar:	Herøy Eigedom AS
Eksisterande planstatus:	I gjeldande reguleringsplanar: frittliggjande småhus, bustad/kontor, leikeplass, energianlegg og køyreveg
Planområdet sitt areal i daa:	ca. 3,1 daa
Viktigaste fremma reguleringsformål:	Frittliggjande einebustad, kontor, kontor/bustad, leikeplass/opphaldsareal
Aktuelle problemstillingar:	Leikeplass, parkering, støy
Kunngjering, dato (avis):	9.9.2014 (Vestlandsnytt)
Varslingsdato berørte partar (brev):	5.9.2014
Høyringsperiode:	9.9.2014 – 21.10.2014
Medverknad utover varsling (j/n):	N
Krav om konsekvensutgreiing (j/n):	N

### 3. Bakgrunn for planarbeidet

#### 3.1 Bakgrunn og saksgang

Tiltakshavar finn at leikeplassen er ugunstig plassert i gjeldande plan og har kjøpt eigedomen gnr. 37 bnr. 78 med sikte på å nytte denne til leikeplass. I drøfting med kommunen vurderer kommunen førebels at dei funksjonelle kvalitetane for ny løysing på leikeplass er likestilt med no regulert løysing sjølv om «ny leikeplass» på reguleringskartet er noko mindre i areal. Dette fordi no regulert areal inneheld trafokiosk med nødvendige avgrensingar, at arealet må bearbeidast meir grunna helling/skråning og at det trengst omfattande støytiltak for skjerming av leikearealet, jf avstanden til FV654 og tidlegare støyrapport. Etter tiltakshavar sitt syn er tomta 37/78 også ei betre løysing for leikefunksjonen i området. (Huset på eigedomen 37/78 er i heller dårleg stand og er føresett rive som del av opparbeiding av leikeplass).

Det er ei målsetting å få til betre parkerings- og garasjeanlegg for bygningsmassa som Herøy Eigedom AS eig i området. Med flytting av leikeplassen vil parkering og garasjeanlegg på noverande f\_LP - område kunne gje ei god løysing for arealbruken i B/K-området og tilgrensande bustadtomt (37/92).

#### Saksgang:

Det vart halde oppstartsmøte med Herøy kommune 3.9.2014. Kommunen gav uttrykk for at dei i utgangspunktet var positive til ei reguleringsendring som tenkt. Kommunen godkjende avgrensing av planområdet. (Plangrensa for SPH-området er litt justert).

Tiltaket er av ein slik karakter at det ikkje er nødvendig med planprogram eller konsekvensutgreiing etter plan- og bygningslova §§ 4-1 og 4-2.

#### 3.2 Føremål med planarbeidet

Føremålet med denne reguleringsendringa er å flytte gjeldande regulert leikeplass til gnr. 37 bnr. 78. I tillegg endre gjeldande leikeplass til parkering/garasjeanlegg.

Planendringa vert fremja som ein detaljplan iht. plan- og bygningslova §12-3.

#### 3.3 Forvarsling

Planarbeidet vart forvarsla i samsvar med plan- og bygningslova med annonse i Vestlandsnytt 9.9.2014 med frist for merknad 21.10.2014 samt skriv til grunneigarar, naboar og offentlege kommunale og statlege mynde.

Det kom inn til saman 7 innspel/merknader.

#### 3.4 Vurdering av innspel

Følgjande merknader/innspel kom inn som følgje av forvarsling/annonsering:

#### **Følgjande merknader/innspel er komne inn som følgje av annonsering 9.9.2014:**

- |  |                 |
|--|-----------------|
| 1) Elizabeth Larsen                      | dat. 22.09.2014 |
| 2) Statens vegvesen                      | dat. 24.09.2014 |
| 3) Noregs vassdrags- og energidirektorat | dat. 30.09.2014 |
| 4) Søre Sunnmøre Landbrukskontor         | dat. 07.10.2014 |
| 5) Ole Johan Hungnes, mfl                | dat. 19.10.2014 |
| 6) Møre og Romsdal fylkeskommune         | dat. 21.10.2014 |
| 7) Fylkesmannen i Møre og Romsdal        | dat. 21.10.2014 |

**Oppsummering – dei viktigaste innspela som vedkjem planen:**

- Det vert reist spørsmål ved plangrensa – den avvik frå førre plan.
- Riving av bustad på bnr. 37/78 – er det søkt om riving?
- Kva inneheld ei ROS-analyse?
- Påtenkt nytt leikeareal er mindre eigna enn som i gjeldande plan
- Nytt leikeareal synest som ei gunstig løysing. Må sjekke ut at soltilhøva er tilfredstillande  
Må vurdere den nye leikeplassen ut frå RPR for barn- og unge når det gjeld fysiske tilhøve (pkt 5).
- Ønskjer at all tungtrafikk og spesielt trafikken til bnr. 381 vert flytta til sør/vestleg side mot drosjesentralen


**Oppsummering – korleis innspela er tekne omsyn til i framlegg til plan:**

- Plangrensa er valt ut frå ei praktisk grense i høve reguleringa sitt føremål. Planen gjeld endring av leikeplassområdet. Leikeplassane og mellomliggande areal er teke med. Grensa var allereie godkjent av kommunen ved forvarslinga.
- Riving av bustaden på 37/78 er ei sak for seg som ikkje vedkjem sjølv regulerings-saka. Tiltakshavar vurderer bustaden på eigeidomen til å vere i slik stand at det ikkje er tenleg å renovere huset med sikte på å heve standarden til dagens nivå/tenlege bruksstandard.
- Ei ROS-analyse er vurdering av aktuelle risikofaktorar knytt til arealbruken. Vi nyttar her (og i andre saker) ei momentliste som er utarbeidd av fylkesmannen. I denne saka har vi vidare også eiga støyvurdering knytt til leikeplassen. Viser til vedlegg.
- Det er ulikt syn på kor eigna den noverande og den nye leikplassen er til føremålet. I merknad frå fleire grunneigarar i område vert det noverande arealet vurdert som best. Både tiltakshavar og vi vurderer den nye plassen til å vere best. Slikt syn har også kommunen, fylkeskommunen og fylkesmannen ytra – på vilkår av diverse dokumentasjon. Vår vurdering viser at den nye leikeplassen er godt eigna til føremålet. Støy, sol tilhøve, arealet si eignaheit i hht RPR for born og unge er vurdert.

Sjå elles nærmare vurdering av innspela og dei enkelte innspela, vedlegg A1 og A2.

### 3.5 Planstatus

Planområdet er i dag regulert:




Planområdet er i dag regulert til bygningar – frittliggjande småhus (FS6) og køyreveg (V5) i reguleringsplanen "Myklebustvatnet vest" (eigengodkjent 25.1.2007).

I gjeldande reguleringsendring for Myklebustvatnet vest (eigengodkjent 23.2.2012) består planområdet av bustad/kontor (B/K), leikeplass (LP) og energianlegg (E).

Sør for fylkesveg 654 er det to planar:

- Reguleringsplan for "Eggesbønes alders- og sjukeheimsområde", eigengodkjent 21.11.1986.
- Bebyggelsesplan for "Kvithaugsmyra", eigengodkjent 25.4.2000.





Biletet overfor viser gjeldende reguleringsplanar. Raud stipla strek er plangrensa for denne plansaka.

### 3.6 Drøfting med særskilde grupper, jf. PBL § 5-1

Det har ikkje vist seg å vere naudsynt med møte for særskilde grupper i denne saka, jf. innkomne skriv.

## 4. Omtale av planområdet


### 4.1 Lokalisering

Planområdet ligg like ved fylkesveg 654 på Myklebust i Herøy kommune.



### 4.2 Avgrensing av planområdet

Planområdet gjeld eigedomane 37/24, 37/48, 37/67, 37/78, 37/78, 37/92, 37/159, 37/160, 37/180, 37/346 og 37/381. Den nye leikeplassen omfattar berre eigedomen 37/78.




Eigedommane innanfor planområdet er i privat eige med unntak av den kommunale vegen Svingen. Tilkomst til området er frå fylkesveg 654.

Plangrensa er valt ut frå ei praktisk avgrensing i høve arealsamanhengen i området. Areal som skal endrast må ligge innanfor ei (1) plangrense og vere avgrensa på oversiktleg vis. Plangrensa følgjer gnr. 37 bnr. 78, del av veg V5, område B/K og leikeplassen f\_LP. Arealbruken til K- og B/K-område er i gjeldande reguleringsendring er føresett uendra.

#### 4.3 Storleik

Planområdet omfattar om lag 3,1 daa.

#### 4.4 Området i dag



Svingen

Gnr. 37 bnr. 78

Gnr. 37 bnr. 381

FV654

På gnr. 37 bnr. 380 like vest for planområdet er det taxisentral. Bygget på gnr. 37, bnr. 381 husar i dag Lensmannskontor og IT-verksemnd, leilegheiter i 2. etasjer er under bygging.

Gnr. 37 bnr. 78 er ei bustadhus som tiltakshavar Herøy Eigedom AS har kjøpt.

På sørsida av gnr. 37, bnr. 381, er det eit stort asfaltert areal, som vert nytta til parkering.

## 5 Omtale av planframlegget

### 5.1 Nøkkeldata

Areala i planframlegget er delt i følgjande føremål:

Område	Storleik, daa	Arealbruk	Utnytting, BYA	Tal tomter, Ev. kommentar
Energianlegg	3 m <sup>2</sup>			Gjeld E
Leikeplass	0,4			Gjeld f_LP
Bustad/kontor	1,9		40 %	Gjeld B/K
Køyreveg	0,3			Gjeld o_V5
Parkeringsanlegg	0,6		90 %	

Samla areal planframlegg	3,1 daa
--------------------------	---------

Viser elles til føresegnene.

### 5.2 Planprinsipp

#### Innleiing:

Føremålet med reguleringsendringa er å flytte leikeplassen i gjeldande reguleringsplan (reguleringsendring Myklebustvatnet vest) til gnr. 37 bnr. 78 og endre den regulerte leikeplassen til parkering/garasjeanlegg for parkeringsdekninga til bygget på område B/K og tilgrensande bustad.

#### Arealbruk:

Bygningar og anlegg (PBL. § 12-5, nr. 1)

#### Energianlegg (E):

Arealet er ikkje endra i høve gjeldande plan.

#### Leikeplass (LP):

Noverande leikeplass vert erstatta av ny. I vedlegg A1 er det gjort ei vurdering av den nye leikeplassen i høve dei rikspolitiske retningslinjene **for born og unge** (som nedfelt i **T-2-08**).

Det er sett av eitt areal til leikeplass/opphaldsareal innanfor planområdet som har like stort bruksareal som for arealet som ligg inne i gjeldande plan. Brukskvaliteten er også tilsvarende eller betre.

Nye berekningar viser at den nye leikeplassen ikkje er utsett for støy over grenseverdiane i T-1442.

Vi har revidert sol-/skuggeanalysen og teikna utsol/skuggeforholdet for 21.3, 21.6 og 21.9. For alle dagar kl. 12 og kl 18, viser til vedlegg B2.

Berekningane, jf vedlegg, viser:

Dato	kl	% skugge på leikearealet
21.3	12	25
	18	50
21.6	12	0
	18	15
21.9	12	25
	18	50

Så langt vi kan sjå vil soltilhøva vere tilfredstillande då leikeplassen minst har 50 % solareal dei viste dagane (om sommaren vesentleg meir).



Bustad/Kontor (B/K):

Formålet er ikkje endra i høve gjeldande reguleringsplan.

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL § 12-5, nr. 2)Køyreveg (V):

Ligg som i gjeldande plan. Veg o\_V5 gjeld del av offentlig (kommunal) veg Svingen. Del av frisktline er tatt inn i henhold til gjeldande plan, nordvest i planområdet.

Parkeringsplass (SPH):

Arealet som i gjeldande plan er leik- og opphaldsareal. I tillegg er arealet mellom eksisterande bustadhus og tidlegare leikeplass teke med. Dette fordi tiltakshvar ønskjer å bygge garasje/carport her inntil bustadhuset. Parkeringsplass/parkeringsanlegg (her i også garasje-/carportanlegg) skal gje betre parkeringsdekning for utbygginga på B/K-området og gje plass til framtidig garasje-/carportanlegg for leilegheitene og tilgrensande bustad. I føresegnene er sett opp utnyttingsgrad BYA 90%. Parkeringsplass skal reknast som 20 m<sup>2</sup>. Med garasje-/carportanlegg vert utnyttinga vesentleg mindre, men 90 % er sett som grense om arealet berre vert nytta for parkering på grunnen.

Del av eksisterande transformatorstasjon inngår i reguleringsplanen, merka E. Det er vist omsynssone i breidd 5,0 m frå bygning som tidlegare. Parkeringsplass kan etablerast inntil 1 meter frå denne bygning. Garasje/carport kan etablerast innan vist byggjegrænse. Sona kjem i berøring med areal avsett til parkeringsplass SPH. Møre Nett AS meiner dette er akseptabelt, då dette er eit trafikkareal/bygg der brukarane berre vil opphalde seg i korte periodar.

Faresone (PBL § 11.8 a.3, jf. § 12-6)Høgspenningsanlegg (H370):

Ikkje endra i høve gjeldande plan.

Infrastruktursone (PBL § 12-7, nr. 12)

Ikkje endra i høve gjeldande plan.

### 5.3 Vurdering av risiko og sårbarheit

Støy:

Sweco AS har vurdert støysituasjonen på nytt i høve til omplassering av leikeplassen og byggjetiltaket som er i gang på området B/K. Rapporten ( RIAKU Herøy, 37/381 – vedlegg B1) viser at det ikkje er nødvendig med støytiltak i hht krava i T-1442.

Andre forhold:

Så langt vi kan sjå av offentlege databasar er det ikkje forhold knytt til risiko og sårbarheit eller andre samfunnsmessige konsekvensar som talar i mot fremja arealbruk.

Vedlagt følgjer ei generell ROS-vurdering, jf. skjema i vedlegg B3.

### 5.4 Tilkomst til overordna vegsystem

Tilkomst til området blir som i dag, frå fylkesveg 654.

### 5.5 Naturmangfaldlova

Vi her teke med vurdering i høve Naturmangfaldslova sjølv om endringa av arealbruken her berre gjeld om disponering av utbygd bustadtomt til leikeplass, dette i hht lova sitt formelle krav. Viser til vedlegg B4.

Vurdering:Kunnskap (§8):

Vi oppfatar kunnskapsgrunnlaget i nasjonale databasar som tilfredstillande for vurderingar etter naturmangfaldslova i denne saka.

Førevar prinsippet (§9):

Sjekkliste har ikkje avdekkja noko spesielle registreringar av naturmangfald. Ut ifrå dette vil planframlegget ikkje gi vesentleg verknad for naturmiljøet.

Samla belastning (§10):

Sett i samanheng med at sjekkliste ikkje har avdekkja noko spesielle registreringar, vert verknaden av planframlegget ikkje regna som vesentleg for naturmiljøet.

Overvaking (§11):

Så langt vi kan sjå vil det ikkje vere naudsynt med ytterlegare overvaking av naturmiljøet enn det som allereie er etablert per i dag.

Alternativ lokalisering (§12):

Viser til at området i gjeldande plan er regulert og utbygd. Der er ikkje alternativ anna enn som vist. Ikkje utbygde areal er del av «verneområde».

Konklusjonen er at den samla belastninga av planframlegget ikkje medfører vesentleg skade på naturmangfaldet i strid med forvaltningsmåla for naturtypar og økosystem (§4) og artar (§5).

5.6 Universell utforming, tilrettelegging for rørsle- og orienteringshemma

Det vert vist til PBL §§ 1-1 og 29-3, jf. også TEK10. I føresegnene heiter det at : «Prinsippa om universell utforming skal leggast til grunn for utforming av bygningar og anlegg innanfor planområdet».

Leikeplassen er tilnærma flat og vil kunne lagast til i hht dei formingskrava som gjer seg gjeldande.

Område for «Parkeringsanlegg/-plass ligg på nivå med første etasje i kontorbygg. Universelt tilgjenge vil difor vere greitt å få til i samsvar med krava i TEK.

Viser elles til godkjent byggesak vedkomande utbygging av leilegheiter på område B/K.

5.7 Born og unge

Reguleringsplanen no gjeld flytting av leikeplassen til nytt område. Det nye området ligg inntil tilkomstvegen til området på ei noverande bustadtomt. Byte av areal til leikeføremål er vurdert i hht funksjonskrava sett i rettleiar T-02-08. Vi viser til kommentar til FM sitt innspel i vedlegg A1.

#### **Vurdering av den nye leikeplassen (og den «gamle» leikeplassen) i høve rettleiar punkt 5 sine bokstavpunkt:**

Ad a.:

Den nye leikeplassen er ikkje utsett for forurensning, støy, trafikkfare og annen helsefare. Leikeplassen vert sikra med gjerde (og grind eller sluse) mot bilveg.

Ad b.:

Arealet er like stort som plassen i gjeldande plan. Plassen er flat og vil kunne nyttast til ulike typar aktivitetar – for ulike aldersgrupper i alle årstider.

Ad d.:

Det nye arealet erstattar fullt ut arealet som er sett av i gjeldande reguleringsplan. Arealet er like stort, er betre m.o.t. støy (treng ikkje støyskjerming) og er ikkje nytta av born i dag, dvs omdisponerer ikkje friluftssareal eller tilsvarande.

Det vert vist til sol/skuggeanalysen i vedlegg B2.

Forholdet til barn og unge er vurdert og ein kan ikkje sjå at område som i dag vert nytta av barn og unge kjem dårlegare ut i forslag til plan enn ved dagens regulerte situasjon.

5.8 Krav om rekkjefølgje

Krav om rekkjefølgje er i samsvar med gjeldande plan, men tilpassa endra arealbruk og endra plangrense. Det er teke med krav om gjerde langs køyreveg. I føresegnene heiter det:

- a. Leikeplass/opphaldsareal skal opparbeidast og ferdigstillast før leilegheitene eller kontorlokala innanfor planområdet kan takast i bruk, jf. B/K areal. Leikeplassen skal då vere ferdig planert på ein slik måte at arealet er eigna for leik og opphald.
- b. Leikeplass/opphaldsareal skal opparbeidast og ferdigstillast før leilegheitene innanfor planområdet kan takast i bruk, jf. B/K arealet. Leikeplassen skal då vere ferdig planert på ein slik måte at arealet er eigna for leik og opphald. Gjerde langs offentleg veg (o\_V5) og tilbake i lengd 5 meter langs tomtegrense skal vere ferdigstillt samstundes, jf §6 pkt c.

### 5.9 Medverknad

Det er gjennomført varslingsplanarbeid i samsvar med reglane i PBL. I tidleg fase av planarbeidet var førebelse skisser drøfta med administrasjonen.

Det er ikkje halde eige møte med særskilde grupper, jf innspel under forvarslinga. Planframlegget er utforma med bakgrunn i dei samla merknadene og tiltakshavar sine ønskje om tilrettelegging og utbygging av området.

### 5.10 Juridiske/økonomiske konsekvensar for kommunen

Då Herøy kommune ikkje eig areal innanfor planområdet og planen heller ikkje har med offentlege byggeareal, vil planen ikkje medføre juridiske og/eller økonomiske konsekvensar for kommunen. Einaste offentlege areal, er området for eksisterande kommunal veg Svingen.

### 5.11 Konsekvensutgreiing

Planarbeidet kjem ikkje inn under bestemmingane i "Forskrift om konsekvensutgreiingar etter plan- og bygningslova". Viser elles til omtalen av "Vurdering av risiko og sårbarheit" over, jf. pkt. 5.3.

### 5.12 Utbyggingsavtale

Det er ikkje teke med krav om utbyggingsavtale. Vi viser her til retningslinjene for bruk av utbyggingsavtalar i Herøy kommune. Etter det vi kjenner til vil ikkje tiltaket kome inn under regelverket til kommunen.

### 5.13 Føresegnene

Som grunnlag for føresegnene er gjeldande føresegner nytta. Berre endringar som følgje av flyttinga av leikeplassen og anna avgrensing av planområdet er endra.


### 5.14 Plankart (2213-100)

Planen er utarbeidd på bakgrunn av grunnkart levert av Herøy kommune.

Programvare brukt til framstilling av digitale data er AutoCAD MAP 3D 2015 saman med Novapoint 18.40 (basis, arealplan, veg utvida og virtual map) levert av Vianova Systems.

Planen er utforma i samsvar med dei krav som er gitt i Miljøverndepartementet sin rettleiar "forskrift om kart, stadfesta informasjon, arealplan og digitalt planregister". Jf. også plan og kart etter ny plan- og bygningslov dat. 1. 7.2009.

Utsnitt frå plankart (nedfotografert): neste side

  
Kåre Gjengedal  
Siv.ing./planleggar

Fagansvarleg areal-,  
infrastruktur- og samferdselsanlegg





## Vedlegg A1:

### "REGULERINGSENDRING MYKLEBUSTVATNET VEST II "

#### VURDERING AV MERKNADER VED FORVARSLING

Planarbeidet vart forvarsla i hht plan- og bygningslova ved annonse i Vestlandsnytt 9.9.2014 samt skriv til grunneigarar, naboar og offentlege kommunale og statlege mynde. Frist for merknad er sett til 21.10.2014.

#### **Følgjande merknader/innspel er komne inn som følgje av forvarslinga/annonseringa:**

- |  |                 |
|--|-----------------|
| 1) Elizabeth Larsen                      | dat. 22.09.2014 |
| 2) Statens vegvesen                      | dat. 24.09.2014 |
| 3) Noregs vassdrags- og energidirektorat | dat. 30.09.2014 |
| 4) Søre Sunnmøre Landbrukskontor         | dat. 07.10.2014 |
| 5) Ole Johan Hungnes, mfl                | dat. 19.10.2014 |
| 6) Møre og Romsdal fylkeskommune         | dat. 21.10.2014 |
| 7) Fylkesmannen i Møre og Romsdal        | dat. 21.10.2014 |

#### **Utdrag frå og kommentar til dei enkelte merknadene/innspela:**

##### 1. Elizabeth Larsen

###### **Utdrag:**

1. Planområdet gjeld eigedomane gnr. 37 bnr. 92, 160, 180, 346, 380 og 381.

Stiplet planområde fra tidligere omsøkt omregulering integrerer bnr 380 som er Taxisentralen. Plankartet (25/10-2011) integrerer også bnr 92 innenfor det stiplede området. Eiendommene som er avgrenset med stiplet linje på dette dokumentet avviker betydelig fra den nylig mottatte reguleringsendringen (5/9-2014). Her ser man at den stiplede linjen integrerer Ingolf Fylling sin nylig kjøpte eiendom bnr 78 (kjøpt våren 2014) og en betydelig del av vei5/Svingen i sitt område, videre er bnr 92 ikke implementert i denne planen. Dette undres man over og ønsker svar på.

2. Etter at Ingolf Fylling kjøpte bnr 92 så ble dette huset en tid utleid til kontorvirksomhet, senere til beboelse/leietaker. Huset og hagen var satt i betydelig stand av tidligere eiere. Naboer her i Svingen fikk høre at Ingolf Fylling hadde planer om å rive dette huset og bruke grunnen til parkering. Som en ser så står huset der ennå - heldigvis. Det etterspørres imidlertid om det noen gang ble sendt søknad om riving eller om dette bare var løse rykter.

3. Ingolf Fylling kjøpte tidligere i år bnr 78 etter vår tidligere nabo Bjørn Fredriksen sin død. Eiendommen har tilkomst rett nord for og ganske vis a vis utkjøringen til garasjene til bnr 381, Politistasjonen. I følge den nylig mottatte reguleringsendringen ønsker Ingolf Fylling nå å rive dette huset (bnr 78) og bruke eiendommen til leikeområde. Leikeområdet som på tidligere reguleringsplan er plassert sør for bnr 92 - senere også omsøkt plassert øst for bnr 92. Påtenkt leikeareal i den sist mottatte reguleringsplanen er nå mindre i areal enn i forrige plan der leikearealet er sør for bnr 92, som ligger mot gangvei og dernest hovedvei. De aller fleste vil nok være enig i at denne plasseringen med god støyskjerming er et tryggere alternativ enn et leikeområde på til bnr 78 som grenser direkte ut i en sterkt trafikkert vei5/Svingen og som er uten gåsone.

4. Slik det ser ut ønsker Ingolf Fylling nå å bryte opp en småhusrekke og rive et fullt beboelig hus. Småhusbebyggelsen er nedfelt i gjeldene reguleringsplan og omhandlet opprinnelig både nord og sørsiden av vei5/Svingen. I gjeldende reguleringsplan er området nord for Vei5/Svingen fremdeles definert som småhusbebyggelse. Den økte trafikken i gata og den betydelige økningen av tungtrafikk (leveranser m.m.) utgjør daglige utfordringer og risiko ikke bare for oss som bor her men for alle som bruker vei5/Svingen. Vei 5/Svingen er ikke et barnevennlig område. Ønsket er der og det kan skje men ikke uten at noen tar grep. Riving av et fullt beboelig hus på denne siden av vei 5/Svingen vil ikke bare bryte småhusbebyggelse/mønsteret her i gata men vil også bidra til utrygghet med tanke på fremtiden for alle her og påvirker livskvaliteten til hver og en av oss som har heimen/barndomsheimen sin her i Svingen.

5. I følge reguleringsendringen(5/9-14) skal det gjennomføres en enkel ROS – analyse. Det etterspørres om hva denne vil omhandle og det ønskes tilbakemelding om resultatet av denne.

#### **Kommentar:**

Ad. punkt 1:

Plangrensa er valt ut frå ei praktisk avgrensing i høve arealsamanhengen i området. Planendringa gjeld endring av noverande regulert leikeplass til parkeringsplass/garasjeanlegg og endring av noverande bustadtomt 37/78 til leikeplass. Areal som skal endrast må ligge innan ei (1) plangrense og vere avgrensa på oversiktleg vis. Plangrensa følgjer gnr. 37 bnr. 78, del av veg V5, område B/K og leikeplassen f\_LP. Arealbruken til no regulert K- og B/K-område er føresetta uendra.

Ad. punkt 2: Huset på gnr. 37 bnr. 92 er i planframlegget føresetta rive til fordel for etablering ny leikeplass. Søknad om riving av eksisterande bygg er ei sak for seg som.

Ad. punkt 3: Vi er samde i at leikeplassen får ei betre lokalisering slik den no vert foreslått. I drøftingar med Herøy kommunen vurderte kommunen også at dei funksjonelle kvalitetane for ny løysing på leikeplass er likestilt med no regulert løysing sjølv om «ny leikeplass» på kartet er noko mindre i areal. Viser også til merknad under der Møre og Romsdal fylkeskommune som er positiv til flyttinga.

Ad. punkt 4: Når det gjeld trafikken på vei5/Svingen, så kan vi ikkje sjå at vegen har slik trafikk at den vi vere farleg å nytte. – korkje for dei som bur på nordsida eller dei som no skal bu på sørsida i leilegheitene innan område B/K. Til vegen er knytt 12 bustader (i dag) drosjesentralen, og bygget innan B/K området der det no er under oppføring 9 leilegheiter medan 1. etg. vert nytta til kontor og lager. Den samla bebyggelsen i området er ikkje omfattande og vil ikkje, slik vi ser det, skape trafikk i ei slik mengd at trafikktryggleiken vert eit problem. Vi viser elles til skrivet frå vegvesenet som ikkje har merknad til planendringa. Det å bryte opp ei småhusrekke og innlemme ein leikeplass ser vi ikkje på som noko trussel mot resterande bebyggelse.

Ad. punkt 5: ROS-analysen det visast til er ei sjekklister for vurdering av risiko og sårbarheit i saker etter plan- og bygningslova. Vi nyttar sjekklister utarbeidd av Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

## 2. Statens vegvesen

### **Utdrag:**

*Statens vegvesen har ingen merknad til varsla reguleringsarbeid.*

**Kommentar:**

Ingen vesentlege, innspelet vert teke til vitande.

3. Noregs vassdrags- og energidirektorat

**Utdrag:**

*NVE har ingen innspel til planarbeidet.*

**Kommentar:**

Ingen vesentlege, innspelet vert teke til vitande.

4. Søre Sunnmøre Landbrukskontor

**Utdrag:**

*Ut frå våre sakområde har vi ingen merknad til detaljplanen.*

**Kommentar:**

Ingen vesentlege, innspelet vert teke til vitande.

5. Ole Johan Hungnes, mfl

**Utdrag:**

Brevet har i hovudsak same ordlyd som merknad nr.1 frå Elizabeth Larsen, men unnatak av:

*Frå pkt. 3:*

*«Vi som naboer som kjenner dette område svært godt mener at denne plasseringen (som i gjeldande plan) med god støyskjerming er et tryggere alternativ enn et likeområde på bnr. 78 som grenser direkte ut i en strekt trafikkert vei 5 Svingen og som er uten gåsone»*

*Frå pkt. 4:*

*Forslag til endring av farlig trafikk ifm bnr 381.*

*Vi ynskjer at all trafikk og spesielt tungtransport til bnr. 381 som Bring og Posten vert flytta frå veg 5 Svingen til sørvestleg side mot RV654 og drosjesentral. Varemottak for bygget er i dag, og i ny skisse plassert på austsida mot V5 og Svingen 21. Dette er etter vårt syn uheldig for oss som bur der med familiar, små barn og kjæledyr. Betre vert det heller ikkje med planlagt leikeplass i området og auka tilfang av barn i området langs vegen, det er allereie i dag uoversiktleg og farleg for barna og alle som ferdast til fots. V5 er i dag sterkt belasta med trafikk til dette bygget heile døgnet fordi innkøyring frå RV654 er avstengt i sørvest ved drosjesentralen.*

**Kommentar:**

Vi viser til vurdering av merknad nr. 1 frå Elizabeth Larsen.

Ad pkt. 3:

I føresegnene er teke med at leikeplassen skal sikrast med gjerde langs offentlig veg. Vi kan elles ikkje sjå at trafikksituasjonen i området er slik at gåsone (ev gangfelt) er nødvendig. Trafikkskapinga i området kjem frå heller liten bebyggelse/bygningsmasse.

Ad. Pkt 4:

Når det gjeld forslag til endring av plasseringa av varemottaket er ikkje dette vurdert i denne reguleringsaka. Bygget vert i dag nytta i hht godkjent bruk, det er under bygging leilegheiter på bygget i området B/K og den auken i trafikken som måtte skje som følge av slik utbygging ligg innan ramma av føresetnadene i gjeldande reguleringsplan. Bygget på B/K-området husar politistasjon og ei dataverksemd. Vegen har ikkje gjennomkøyring. Verksemda som har leveransar med varebil (Datatech) opplyser at talet leveransar varierer mellom 1 – 4 pr døgn. Oftare 1 gong enn 4 gongar som snitt. Tiltakshavar opplyser at varebil har varierende storleik frå varevogn/liten lastebil/ og lastebil – alle med varekasse.

All trafikk i området må ta omsyn i hht trafikklovgevinga. Vi må difor kunne legge til grunn at trafikantane køyrer forsvarleg og tek naudsynte omsyn. Som tidlegare kommentert kan vi ikkje sjå at trafikkmengda i området er slik at leikeplass på nordsida av vegen Svingen vil vere problematisk. Leikeplassen vert sikra med gjerde mot vegen og «tilfeldig» springing ut i vegbana under leik vert såleis hindra.

## 6. Møre og Romsdal fylkeskommune

### Utdrag:

*Også frå vår side ser det ut som om flytting av leikearealet lenger unna den trafikkerte vegen er ei gunstig løysing, sjølv om det inneber kryssing av internvegen. Vi går ut frå at denne har svært liten trafikk. Ein må sjå til at soltilfanget er tilstrekkeleg. Utover dette har vi ikkje vesentlege merknader.*

### Kommentar:

Som kommentert over meiner vi vegen «Svingen» ikkje har trafikk som inneber trafikkfare for born og unge ut over normale forhold. I området vert det knytt ca 20 bustader/leilegheiter til vegen medrekna leilegheitene under oppføring. Bygget på B/K-området husar politistasjon og ei dataverksemd. Vegen har ikkje gjennomkøyring.

I tidlegare regulerings sak utarbeidde vi sol/skyggeanalyse. Denne er no opp gradert vedkomande den nye leikeplassen.

Sol-/skuggeanalysen er teikna ut for 21.3, 21.6 og 21.9. For alle dagar kl. 12 og kl 18.

Berekningane, jf vedlegg, viser:

Dato	kl	% skugge på leikearealet
21.3	12	25
	18	50
21.6	12	0
	18	15
21.9	12	25
	18	50

Så langt vi kan sjå vil soltilhøva vere tilfredstillande då leikeplassen minst har 50 % solareal dei viste dagane (om sommaren vesentleg meir).

Vi viser elles til kommentaren til FM sitt innspel, jf merknad under.

## 7. Fylkesmannen i Møre og Romsdal

### Utdrag:

*Vi har ikkje sett på erstatningstomta i felt, men ut frå at det nye arealet ligg meir skjerma for støy og meir sentralt i bustadområdet kan det i utgangspunktet verke som ei god løysing. Kommunen må likevel gå gjennom dei grunnleggande krava som er sett i RPR for barn- og unge når det gjeld fysiske tilhøve (pkt 5).*

### Kommentar:

- Storleik leikeplass i gjeldande reguleringsplan: 0,5 da eks areal til omsynssone kring nettstasjon. Frådrag : areal til støyskjerming 0,1 daa. Rest til leikeplass : 0,4 daa
- Storleik leikeplass i ny reguleringsplan: 0,4 daa

I dei rikspolitiske retningslinjene **for born og unge** (som nedfelt i **T-2-08**) finn vi følgjande:

## «5. Krav til fysisk utforming

- a. Arealer og anlegg som skal brukes av barn og unge skal være sikret mot forurensning, støy, trafikkfare og annen helsefare.
- b. I nærmiljøet skal det finnes arealer hvor barn kan utfolde seg og skape sitt eget lekemiljø. Dette forutsetter blant annet at arealene:
- er store nok og egner seg for lek og opphold
  - gir muligheter for ulike typer lek på ulike årstider
  - kan brukes av ulike aldersgrupper, og gir muligheter for samhandling mellom barn, unge og voksne.
- c. Kommunene skal avsette tilstrekkelige, store nok og egnet areal til barnehager.
- d. Ved omdisponering av arealer som i planer er avsatt til fellesareal eller friområde som er i bruk eller er egnet for lek, skal det skaffes fullverdig erstatning. Erstatning skal også skaffes ved utbygging eller omdisponering av uregulert areal som barn bruker som lekeareal, eller dersom omdisponering av areal egnet for lek fører til at de hensyn som er nevnt i punkt b ovenfor, for å møte dagens eller framtidens behov ikke blir oppfylt.»

### **Vurdering av den nye leikeplassen (og den «gamle» leikeplassen) i høve T-2-08 punkt 5 sine bokstavpunkt:**

#### **Ad a.:**

Den nye leikeplassen er ikkje utsett for nemnde forhold. Leikeplassen vert sikra med gjerde (og grind eller sluse) mot bilveg.

#### **Ad b.:**

Arealet er like stort som plassen i gjeldande plan. Plassen er flat og vil kunne nyttast til ulike typar aktivitetar – for ulike aldersgrupper i alle årstider.

#### **Ad c.:**

Gjeld barnehagar.

#### **Ad d.:**

Det nye arealet erstattar fullt ut arealet som er sett av i gjeldande reguleringsplan. Arealet er like stort, er betre m.o.t. støy (treng ikkje støyskjerming) og er ikkje nytta av born i dag, dvs omdisponerer ikkje friluftareal eller tilsvarande.

### **Oppsummering – dei viktigaste innspela som vedkjem planen:**

- Det vert reist spørsmål ved plangrensa – den avvik frå førre plan.
- Riving av bustad på bnr. 37/78 – er det søkt om riving?
- Kva inneheld ei ROS-analyse?
- Påtenkt nytt leikeareal er mindre eigna enn som i gjeldande plan
- Nytt leikeareal synest som ei gunstig løysing. Må sjekke ut at soltilhøva er tilfredstillande
- Må vurdere den nye leikeplassen ut frå RPR for barn- og unge når det gjeld fysiske tilhøve (pkt 5).
- Ønskjer at all tungtrafikk og spesielt trafikken til bnr. 381 vert flytta til sør-/vestleg side mot drosjesentralen

### Oppsummering – korleis innspela er tekne omsyn til i framlegg til plan:

- Plangrensa er valt ut frå ei praktisk grense i høve reguleringa sitt føremål. Planen gjeld endring av leikeplassområdet. Leikeplassane og mellomliggande areal er teke med. Grensa var allereie godkjent av kommunen ved forvarslinga.
- Riving av bustaden på 37/78 er ei sak for seg som ikkje vedkjem sjølv regulerings-saka. Tiltakshavar vurderer bustaden på eige dom til å vere i slik stand at det ikkje er tenleg å renovere huset med sikte på å heve standarden til dagens nivå/tenlege bruksstandard.
- Ei ROS-analyse er vurdering av aktuelle risikofaktorar knytt til arealbruken. Vi nyttar her (og i andre saker) ei momentliste som er utarbeidd av fylkesmannen. I denne saka har vi vidare også eiga støyvurdering knytt til leikeplassen. Viser til vedlegg.
- Det er ulikt syn på kor eigna den noverande og den nye leikplassen er til føremålet. I merknad frå fleire grunneigarar i område vert det noverande arealet vurdert som best. Både tiltakshavar og vi vurderer den nye plassen til å vere best. Slikt syn har også kommunen, fylkeskommunen og fylkesmannen ytra – på vilkår av diverse dokumentasjon. Vår vurdering viser at den nye leikeplassen er godt eigna til føremålet. Støy, sol tilhøve, arealet si eignaheit i hht RPR for born og unge er vurdert.

Kåre Gjengedal  
Siv.ing./planleggar RIF

## Eldar Hansen

**Fra:** Elizabeth Larsen <elizabethlarsen1@me.com>  
**Sendt:** 22. september 2014 15:41  
**Til:** postmottak@heroy.kommune.no; AG-Firmapost  
**Kopi:** Ole Johan Hungnes  
**Emne:** Reguleringsendring 05092014Svingen AGPlan Fylling

Dato:	<u>22.9.2014</u>
Saksbeh.:	<u>KG</u>
Ark.nr./Prosjnr.	<u>2213</u>
Kopi til:	<u>Sakodok.</u>

Til Herøy kommune  
AG Plan og Arkitektur AS

### Reguleringsendring Myklebust Vest

Vedr.: OPPSTART AV PRIVAT REGULERINGSARBEID, datert 5/9-2014 med tilbakemeldingsfrist 21/10-2014.

Siden 1996 har det pågått en kontinuerlig prosess med utbygging og påbyggingsplaner vedrørende gnr 37/bnr 381 vei 5/Svingen. I denne prosessen har naboene i gata i liten grad blitt tatt på alvor og har heller ikke i særlig grad blitt hørt. Det er imidlertid vi her i Svingen som kjenner hvor skoen trykker.

#### Kommentar til søknaden om reguleringsendring:

Viser til tidligere omsøkt reguleringsplan som omhandler PLANOMTALE FOR REGULERINGSPLAN FOR GNR. 37, BNR. 380 MFL. – HERØY KOMMUNE, datert 25.10.2011. Prosjekt 2095 AG Plan og Arkitektur AS – Ørsta. 4.2 Avgrensing av planområdet:

Planområdet gjeld egedomane gnr. 37 bnr. 92, 160, 180, 346, 380 og 381.

*Stiplet planområde fra tidligere omsøkt omregulering integrerer bnr 380 som er Taxisentralen. Plankartet (25/10-2011) integrerer også bnr 92 innenfor det stiplede området. Eiendommene som er avgrenset med stiplet linje på dette dokumentet avviker betydelig fra den nylig mottatte reguleringsendringen (5/9-2014). Her ser man at den stiplede linjen integrerer Ingolf Fylling sin nylig kjøpte eiendom bnr 78 (kjøpt våren 2014) og en betydelig del av vei5/Svingen i sitt område, videre er bnr 92 ikke implementert i denne planen. Dette undres man over og ønsker svar på.*

Etter at Ingolf Fylling kjøpte bnr 92 så ble dette huset en tid utleid til kontorvirksomhet, senere til beboelse/leietaker. Huset og hagen var satt i betydelig stand av tidligere eiere. Naboer her i Svingen fikk høre at Ingolf Fylling hadde planer om å rive dette huset og bruke grunnen til parkering. Som en ser så står huset der ennå - heldigvis. Det etterspørres imidlertid om det noen gang ble sendt søknad om riving eller om dette bare var løse rykter.

Ingolf Fylling kjøpte tidligere i år bnr 78 etter vår tidligere nabo Bjørn Fredriksen sin død. Eiendommen har tilkomst rett nord for og ganske vis a vis utkjøringen til garasjene til bnr 381, Politistasjonen. I følge den nylig mottatte reguleringsendringen ønsker Ingolf Fylling nå å rive dette huset (bnr 78) og bruke eiendommen til leikeområde. Leikeområdet som på tidligere reguleringsplan er plassert sør for bnr 92 - senere også omsøkt plassert øst for bnr 92. Påtenkt leikeareal i den sist mottatte reguleringsplanen er nå mindre i areal enn i forrige plan der leikearealet er sør for bnr 92, som ligger mot gangvei og dernest hovedvei. De aller fleste vil nok være enig i at denne plasseringen med god støyskjerming er et tryggere alternativ enn et leikeområde på til bnr 78 som grenser direkte ut i en sterkt trafikkert vei5/Svingen og som er uten gåsoner.

Slik det ser ut ønsker Ingolf Fylling nå å bryte opp en småhusrekke og rive et fullt beboelig hus. Småhusbebyggelsen er nedfelt i gjeldene reguleringsplan og omhandlet opprinnelig både nord og sørsiden av vei5/Svingen. I gjeldende reguleringsplan er området nord for Vei5/Svingen fremdeles definert som småhusbebyggelse. Den økte trafikken i gata og den betydelig økningen av tungtrafikk (leveranser m.m.) utgjør daglige utfordringer og risiko ikke bare for oss som bor her men for alle som bruker vei5/Svingen. Vei 5/Svingen er ikke et barnevennlig område. Ønsket er der og det kan skje men ikke uten at noen tar grep.

Riving av et fullt beboelig hus på denne siden av vei 5/Svingen vil ikke bare bryte småhusbebyggelse/mønsteret her i gata men vil også bidra til utrygghet med tanke på fremtiden for alle her og påvirker livskvaliteten til hver og en av oss som har heimen/barndomsheimen sin her i Svingen.

I følge reguleringsendringen(5/9-14) skal det gjennomføres en enkel ROS – analyse. Det etterspørres om hva denne vil omhandle og det ønskes tilbakemelding om resultatet av denne.

Mvh Elizabeth Larsen  
Svingen 13, 6092 Fosnavåg





## Statens vegvesen

AG Plan og Arkitektur AS  
Webjørn Svendsen gate 12  
6150 ØRSTA

Dato:	1.10.2014
Saksbeh.:	KG
Ark.nr./Prosjnr.:	2213
Kopi til:	Saksdok.

Behandlande eining:  
Region midt

Sakshandsamar/innvalsnr:  
Hallvard Sæverud - <tom>

Vår referanse:  
2014/109231-002

Dykkar referanse:


Vår dato:  
24.09.2014


### Fv 654 - Herøy kommune - Detaljplan - Varsel om reguleringsendring del av Myklebust Vest - Uttale

Viser til skriv av 5.9.2014 frå AG Plan og Arkitektur AS med varsel om oppstart av arbeid med reguleringsendring del av reg.planen Myklebust Vest i Herøy.

Statens vegvesen har ingen merknad til varsla reguleringsarbeid.

Plan- og trafikkseksjonen  
Med helsing

  
Gitte Beiermann  
kst. seksjonsleiar

  
Hallvard Sæverud

Kopi: Herøy kommune  
Fylkeskommunen  
Fylkesmannen

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region midt  
Fylkeshuset  
6404 Molde

Telefon: 02030  
Telefaks: 71 27 41 01  
firmapost-midt@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Vestre Olsvikveg 13  
6022 ÅLESUND

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Landsdekkende regnskap  
9815 Vadsø  
Telefon: 78 94 15 50  
Telefaks: 78 95 33 52



Noregs  
vassdrags- og  
energidirektorat

NVE

AG Plan og Arkitektur as  
Webjørn Svendsen gate 12  
6150 ØRSTA

Dato:	30.9.2014
Saksbeh.:	KG
Ark.nr./Prosjnr.:	2213
Kopi til:	Saksdok.

Vår dato: 30.09.2014  
Vår ref.: 201404772-2  
Arkiv: 323  
Dykkar dato: 05.09.2014  
Dykkar ref.: Eldar Hansen

Sakshandsamar:  
Terje Systad

## Innspel til oppstart av reguleringsendring del av Myklebust Vest - GBnr 37/78 - Omregulering av leikeplass - Herøy kommune

Vi syner til Dykkar brev dagsett 5.9.2014. Saka gjeld varsel om oppstart for arbeid med detaljreguleringsplan for del av Myklebust Vest. Føremålet med reguleringsarbeidet er å omregulere leikeplassen i gjeldande reguleringsplan til parkering/garasjeanlegg for bustader innan området.

NVE har ingen innspel til planarbeidet.

Med helsing

Brigt Samdal  
regionsjef

Terje Systad  
overingeniør

*Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.*

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no  
Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor  
Middelthunsgate 29  
Postboks 5091, Majorstuen  
0301 OSLO


Region Midt-Norge  
Vestre Rosten 81  
7075 TILLER

Region Nord  
Kongens gate 14-18  
8514 NARVIK

Region Sør  
Anton Jenssensgate 7  
Postboks 2124  
3103 TØNSBERG

Region Vest  
Naustdalsvn. 1B  
Postboks 53  
6801 FØRDE

Region Øst  
Vangsveien 73  
Postboks 4223  
2307 HAMAR



# Søre Sunnmøre Landbrukskontor

Landbrukskontor for kommunane Herøy - Ulstein - Hareid

AG Plan og Arkitektur AS  
Webjørn Svendsen gate 12  
6150 ØRSTA

Telefon: 70 08 64 70  
Adresse: Dragsundvegen 6, 6080 Gurskøy  
E-post: [kontor@landbrukskontoret.no](mailto:kontor@landbrukskontoret.no)  
Heimeside: [www.landbrukskontoret.no](http://www.landbrukskontoret.no)

Dykkar ref: Bjørnar Sporstøl


Vår ref: AKL

Dato: 07.10.2014

## Uttale til reguleringsendring del av Myklebust vest i Herøy kommune

Ut frå våre saksområde har vi ingen merknad til reguleringsendringa.

Med helsing

  
Anne Kathrine Løberg  
Landbrukssjef

Dato:	<u>7.10.2014</u>
Saksbeh.:	<u>KG</u>
Ark.nr./Prosjnr.:	<u>2213</u>
Kopi til:	<u>Sakdok.</u>

Herøy Kommune  
6099 Fosnavåg  
PB 274

Ved.: Saksbehandlar  
Epost: [postmottak@heroy.kommune.no](mailto:postmottak@heroy.kommune.no)

Dato:	<u>20.10.2014</u>
Saksbeh.:	<u>KG</u>
Ark.nr./Prosjnr.	<u>2213</u>
Kopi til:	<u>Saksdok.</u>

Dykkar referanse  
Gnr 37 Bnr 381

Dato  
19.10.2014

**Tilsvaer AG Plan og Arkitektur AS varsel om oppstart av privat planarbeid.  
Reguleringsendring (PBL § 12-3) Del av "Myklebust Vest", varsel om igangsetting av  
planarbeid, jf.PBL § 12-8 datert 5.9.2014.**

Viser til motteke varsel med svarfrist 21.10.2014.

Siden 1996 har det pågått en kontinuerlig svært belastende prosess med utbygging, påbyggingsplaner, søknader på dispensasjon fra reguleringsplan vedrørende gnr 37/bnr 381 vei 5 Svingen. I denne prosessen har naboene i gata i liten grad blitt tatt på alvor og har heller ikke i særlig grad blitt hørt. Vi forstår eit behov for auke av boenheter i området, men er av den oppfatning at det er fullt ut mogelig å få til dette i området uten å redusere bukvalitet for alle som bur i Svingen idag.

**Å redusere eksisterende antal bueiningar med 1-2 for å få 7 nye finn vi uhensiktsmessig og ordet frimerkeregulering kjem verkeleg til sin rett.**

Det er imidlertid vi her i Svingen som kjenner hvor skoen trykker.

#### 1. Avgrensing av planområdet:

Planområdet gjeld eigedomane gnr. 37 bnr. 92, 160, 180, 346, 380 og 381.

*Stiplet planområde fra tidligere omsøkt omregulering integrerer bnr 380 som er Taxisentralen. Plankartet (25/10-2011) integrerer også bnr 92 innenfor det stiplede området. Eiendommene som er avgrenset med stiplet linje på dette dokumentet avviker betydelig fra den nylig mottatte reguleringsendringen (5/9-2014). Her ser man at den stiplede linjen integrerer Ingolf Fylling sin nylig kjøpte eiendom bnr 78 (kjøpt våren 2014) og en betydelig del av vei 5 Svingen i sitt område, videre er bnr 92 som tilhører Ingolf Fylling ikke implementert i denne planen.*

***Dette undres man over og ønsker svar på snarest ?***

#### 2. Bnr 92

Etter at Ingolf Fylling kjøpte bnr 92 så ble dette huset en tid utleid til kontorvirksomhet, senere til beboelse/leietaker. Huset og hagen var satt i betydelig stand av tidligere eiere. Naboer her i Svingen fikk høre at Ingolf Fylling hadde planer om å rive dette huset og bruke grunnen til parkering. Som en ser så står huset der ennå - heldigvis.

**Det etterspørres imidlertid om det noen gang ble sendt søknad om riving eller om dette bare var løse rykter ?**

#### 3. Bnr 78

Ingolf Fylling kjøpte tidligere i år bnr 78 etter vår tidligere nabo Bjørn Fredriksen sin død. Eiendommen har tilkomst rett nord for og ganske vis a vis utkjøringen til garasjene til bnr 381, Politistasjonen. I følge den nylig mottatte reguleringsendringen ønsker Ingolf Fylling nå å rive dette huset (bnr 78) og bruke eiendommen til leikeområde. Leikeområdet som på tidligere reguleringsplan er plassert sør for bnr 92 - senere også omsøkt plassert øst for bnr 92. Påtenkt leikeareal i den sist mottatte reguleringsplanen er nå mindre i areal enn i forrige plan der leikearealet er sør for bnr 92, som ligger mot gangvei og dernest hovedvei.

**Vi som naboer som kjenner dette området svært godt mener at denne plasseringen med god støyskjerming er et tryggere alternativ enn et leikeområde på til bnr 78 som grenser direkte ut i en sterkt trafikkert vei 5 Svingen og som er uten gåsone !**

4. Vei 5 Svingen med småhusbebyggelse og trafikksikkerhet.

Slik det ser ut ønsker Ingolf Fylling nå å bryte opp en småhusrekke og rive et fullt beboelig hus. Småhusbebyggelsen er nedfelt i gjeldene reguleringsplan og omhandlet opprinnelig både nord og sørsiden av vei5/Svingen. I gjeldende reguleringsplan er området nord for Vei5/Svingen fremdeles definert som småhusbebyggelse. Den økte trafikken i gata og den betydelig økningen av tungtrafikk (leveranser m.m.) utgjør daglige utfordringer og risiko ikke bare for oss som bor her, men for alle som bruker vei5/Svingen.

**Vei 5 Svingen er pr.idag ein trafikkarfarlig vei og ift omsøkt reguleringsendring kan dette bli enda verre om det ikke vert tatt eit grep no.**

**Riving av et fullt beboelig hus på denne siden av vei 5/Svingen vil ikke bare bryte småhusbebyggelse/mønsteret her i gata men vil også bidra til utrygghet med tanke på fremtiden for alle her og påvirker livskvaliteten til hver og en av oss som har heimen/barndomsheimen sin her i Svingen.**

Forslag til endring av farlig trafikk ifm bnr 381

Vi ynskjer at all trafikk og spesielt tungtransport til bnr 381 som Bring og Posten vert flytta frå veg 5 Svingen til sørvestleg side mot RV654 og drosjesentral.

Varemottak for bygget er i dag, og i ny skisse plassert på austsida mot V5 og Svingen 21.

Dette er etter vårt syn uheldig for oss som bur der med familiar, små barn og kjæledyr.

Betre vert det heller ikkje med planlagt leikeplass i området og auka tilfang av barn i området langs vegen, det er allereie i dag uoversiktleg og farleg for barna og alle som ferdast til fots.

V5 er idag sterkt belasta med trafikk til dette bygget heile døgnet fordi innkøyring frå RV654 er avstengt i sørvest ved drosjesentralen.

5. ROS analyse

I følge reguleringsendringen(5/9-14) skal det gjennomføres en enkel ROS – analyse.

**Det etterspørres om hva denne vil omhandle og det ønskes tilbakemelding om resultatet av denne.**

Vi ber om at dei folkevalde i Herøy tek våre merknader til følge.

Med helsing

Magnhild Nerland	Sign.
Mona Skinnes	Sign.
Elizabeth Larsen	Sign.
Ole Johan Hungnes	Sign.
Hilde J Brandal	Sign.

Kontaktperson :

Ole Johan Hungnes  
Holbergsgate 44D  
7015 Trondheim  
Epost [ole.hungnes@siemens.com](mailto:ole.hungnes@siemens.com)





Møre og Romsdal  
fylkeskommune

AG Plan og Arkitektur AS  
Webjørn Svendsen gate 12  
6150 ØRSTA

Dato:	21.10.2014
Saksbeh.:	KG
Ark.nr./Prosjnr.	2213
Kopi til:	Saksdok.

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
	05.09.2014	56273/2014/REGULERINGSPLAN/1515	Johnny Loen, 71 25 82 88	21.10.2014

## Herøy kommune - detaljregulering - reguleringsendring - Myklebust Vest - fråsegn ved varsel om oppstart

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Også frå vår side ser det ut som om flytting av leikearealet lenger unna den trafikkerte vegen er ei gunstig løysing, sjølv om det inneber kryssing av internvegen. Vi går ut frå at denne har svært liten trafikk. Ein må sjå til at soltilfanget er tilstrekkeleg. Utover dette har vi ikkje vesentlege merknader.

*Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.*

Med helsing

Ole Helge Haugen  
Fylkesplansjef

Johnny Loen  
Plansamordnar

Kopi:  
Herøy kommune  
Statens vegvesen, Region midt  
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, her





Saksbehandlar, innvalstelefon  
fagsjef Jon Ivar Eikeland, 71258468

Vår dato  
21.10.2014  
Dykkar dato  
05.09.2014

Vår ref.  
2014/5509/JOEI/421.4  
Dykkar ref.

AG Plan og Arkitektur AS  
Webjørn Svendsen Gate 12  
6150 ØRSTA

Dato:	<u>23.10.2014</u>
Saksbeh.:	<u>KG</u>
Ark.no./Prosjnr.	<u>2213</u>
Kopi til:	<u>Saksdok.</u>

## Herøy kommune Reguleringsendring del av Myklebust vest Fråsegn ved varsel om oppstart av planarbeid

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

### Barn og unge sine interesser

Vi har ikkje sett på erstatningstomta i felt, men ut frå at det nye arealet ligg meir skjerna for støy og meir sentralt i bustadområdet kan det i utgangspunktet verke som ei god løysing. Kommunen må likevel gå gjennom dei grunnleggande krava som er sett i RPR for barn- og unge når det gjeld fysiske tilhøve (pkt 5).

Med helsing

Sveinung Dimmen (e.f.)  
samordnar

Jon Ivar Eikeland  
fagsjef

**Kopi:** Herøy kommune  
Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde  
Statens vegvesen, Region midt

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*



---

# RAPPORT

---

HERØY EIGEDOM AS

## RIAKU Herøy 37/381, revidert rapport

OPPDRAGSNUMMER 13358001

### VEGTRAFIKKSTØY



RIAKU01

16.01.2015

SWECO NORGE AS  
BRG AKUSTIKK

KJETIL FOLLESØ



EDVARD FALCH (KS)



## Endringsliste

VER.	DATO	BESKRIVELSE	KONTR. AV	UTARB. AV
0	01.07.2011	FØRSTE VERSJON	BERNT HEGGØY	SIGURD SOLBERG
1	16.01.2015	NY BEREGNING FOR FLYTTET LEKEPLASS. TEKST ENDRET IHHT TIL NY PLAN.	EDVARD FALCH	KJETIL FOLLESØ

## Sammendrag

Det er beregnet støy fra vegtrafikk mot planlagte boliger på Myklebust i Herøy kommune. Støyen er vurdert etter planretningslinje T-1442.

Det er vist flere ulike grader av støybeskyttelse for prosjektet. Disse inkluderer skjerming ved vegen, eventuell skjerming av balkongene (private uteareal) og isoleringstiltak på bygningen. Hvilke tiltak som er nødvendig avhenger av hva kommunen krever.

Rapporten er revidert for å ta hensyn til endret plassering av lekeplass ihht forslag til ny reguleringsplan, og redusert høyde på påbygg fra 2 til 1 ekstra etasje. Trafikktall er oppjustert etter telling i 2013 og fremskrevet til 2035.

Det er ikke behov for ekstra skjerming på lekeplass med ny plassering som vist i forslag til ny reguleringsplan.

## Innholdsfortegnelse

<b>1</b>	<b>Innledning</b>	<b>1</b>
<b>2</b>	<b>Begreper</b>	<b>1</b>
<b>3</b>	<b>Forutsetninger og metode</b>	<b>1</b>
<b>4</b>	<b>Kriterier for støy</b>	<b>2</b>
4.1	T-1442	2
4.2	NS 8175	3
<b>5</b>	<b>Beregnet og vurdert utendørs støy</b>	<b>3</b>
<b>6</b>	<b>Innendørs støy</b>	<b>3</b>
<b>7</b>	<b>Referanser</b>	<b>4</b>
	<b>Vedlegg</b>	<b>5</b>
<b>A.</b>	<b>Påbygg 2. etasje</b>	<b>6</b>
<b>B.</b>	<b>Utendørs støy</b>	<b>7</b>
<b>C.</b>	<b>Innendørs støy og isolasjonstiltak ut over standard</b>	<b>8</b>

## 1 Innledning

Sweco Norge AS har fått i oppdrag å beregne og vurdere støy fra vegtrafikk mot planlagt boligutbygging på 37/381 i Herøy kommune. Denne rapporten er en revidert versjon av rapport nr 5888-1 fra Kilde AS<sup>1</sup>. Det skal søkes om å bygge en 2. etasje med totalt 7 leiligheter og uteareal/lekeplass er foreslått flyttet lenger vekk fra veien.

Oppdraget er løst på grunnlag av tilsendt materiale fra oppdragsgiver.

## 2 Begreper

I rapporten benyttes følgende faglige begreper for støy:

**Døgnmidlet støynivå ( $L_{p,A,24h}$ )** er energigjennomsnittlig A-veid støynivå innendørs over et døgn.

**Støynivå dag-kveld-natt ( $L_{den}$ )** er et døgnmidlet støynivå utendørs der støybidragene i kveldsperioden (19-23) er gitt et tillegg på 5 dB og støybidragene i nattperioden (23-07) er gitt et tillegg på 10 dB.

**Maksimalt støynivå ( $L_{5AF}$  og  $L_{p,AF,maks}$ ):** For vegtrafikk utendørs er A-veid maksimalt støynivå  $L_{5AF}$  definert til det som overskrides av de 5 % mest støyende (tunge) kjøretøyene. I regelverket for innendørs støy er maksimalt støynivå definert som det absolutt høyeste støynivået  $L_{p,AF,maks}$ , og en regner antallet overskridelser av dette. Maksimalt støynivå brukes til å vurdere risiko for søvnforstyrrelse der det er stor nattrafikk.

**$R_w + C_{tr}$ :** uttrykk/begrep for vinduers lab.målte lydisolering mot vegtrafikkstøy. Gjelder komplett vindu/dør med karm og ramme.

## 3 Forutsetninger og metode

Vedlegg A gir en oversikt over den planlagte boligutbyggingen.

Et kontorbygg med 1.etg står i dag på gnr/bnr 37/381. Denne etasjen skal endres til kontor/forretning. En 2. etg skal bygges på, denne skal inneholde totalt 7 leiligheter. Høyde for 2.etg – midt på vindu – er 5.4 m over mark, jfr vedlegg A. Det er vist en utbygging av 2. etg på skissen.

Felles uteareal/lekeplass for boligene skal legges på nabetomt gnr/bnr 37/78.

De 7 boligene er vist med balkong mot sør. Dersom disse skal tjene som private uteplasser, må de enten skjermes med høy skjerm langs veien eller med balkongskjerm for hver leilighet.

Trafikken på FV 654 Myklebustvegen er oppgitt i Nasjonal Vegdatabank til å være  $\dot{A}DT = 6430$  kjt/døgn med en tungtrafikkandel på 6 % for 2013. For et prognoseår 2035 (20 år frem i tid, jf. T-1442) er trafikken regnet 30 % høyere, det vil si  $\dot{A}DT = 8360$  kjt/døgn. Skilthastigheten er 60 km/t.

Utendørs vegtrafikkstøy er beregnet etter gjeldende nordiske beregningsmetode<sup>2</sup>. Innendørs støy er regnet etter gjeldende norske metode<sup>3</sup>. Det er benyttet SOSI kart med 1m koter som digitalt kartunderlag.

## 4 Kriterier for støy

### 4.1 T-1442

Miljøverndepartementets planretningslinje T-1442<sup>4</sup> har anbefalte grenser for støynivå utenfor støyømfintlige rom i nye boliger. Støygrensene for vegtrafikk er vist i Tabell 1.

- Tabell 1: Anbefalte grenser for vegtrafikkstøy ved etablering av ny støyende virksomhet og bygging av boliger, sykehus, pleieinstitusjoner, fritidsboliger, skoler og barnehager. Alle tall oppgitt i dBA, frittfeltverdier.

Støykilde	Støynivå på uteplass og utenfor rom med støyfølsom bruk (stue og soverom) $L_{den}$	Støynivå utenfor soverom, natt kl. 23 – 07
Veg	$L_{den} = 55$ dB	$L_{5AF} = 70$ dB

Planretningslinjen har ulike grenser for ulike typer støy. I tabell 1 er bare vegtrafikkstøy omtalt – fordi bare vegtrafikkstøy har praktisk interesse i den aktuelle saken. I de fleste saker er det støynivået  $L_{den}$  som er dimensjonerende.

De anbefalte støygrensene er også omtalt i T-1442 som nedre grense for gul sone – der gul sone er et område hvor støyfølsom bebyggelse kan oppføres på vilkår av at avbøtende tiltak gir tilfredsstillende støyforhold.

Den lokale planmyndigheten vil i noen tilfeller åpne for et kompromiss i grensene for utendørs støy - ved for eksempel å tillate bygging med én støybelastet side – dersom leilighetene er gjennomgående og har en stille side der alle eller de fleste støyfølsomme rommene (soverom og stuer) ligger. T-1442 åpner eksplisitt for slike kompromisser på steder der det av ulike grunner er ønsket en høy arealutnyttelse. På støysiden vil en i praksis, utenom byer, begrense tillatt støy til gul sone, det vil si slik at høyeste tillatte støynivå blir  $L_{den} = 65$  dB. Der slike kompromisser blir tillatt, bør det stå i kommuneplanen, og områder for kompromisset bør være definert / vist på kommuneplankartet.

Dersom lokal planmyndighet ikke åpner for bygging med enkelte støyfølsomme rom på støybelastet side, blir det mer begrenset hvilke tomtearealer som kan brukes til boliger. Således vil det da bare kunne bygges boliger utenfor gul sone og på steder der hele øverste etasje kan støyskjermes godt. For det aktuelle prosjektet vil dette innebære høy skjerm langs vegen.

## 4.2 NS 8175

TEK, plan- og bygningslovens tekniske forskrift, har i en egen standard NS 8175<sup>5</sup> gitt grenser for tillatelig støy som kommer utenfra og belaster nye boliger innendørs og på uteplasser. NS 8175 er samordnet med planretningslinje T-1442. Minstekravene i standarden er gitt i en egen lydklasse C.

For det aktuelle prosjektet er disse minstekravene aktuelle:

- Krav til innendørs døgnmidlet støynivå ( $L_{p,A,24h}$ ) høyst 30 dB i oppholdsrom.
- Krav til innendørs maksimalt støynivå ( $L_{p,AF,max}$ ) 45 dB i soverom dersom det er «mer enn 10 hendelser over dette nivået om natta» (vil ikke slå ut her).
- Krav til støynivå på uteplass skal ikke overstige nedre grenseverdi for gul sone i T-1442.

Støykravene i lydklasse C «tilsvarer tilfredsstillende lydforhold for et stort antall berørte personer» (ref. NS 8175:2012).

## 5 Beregnet og vurdert utendørs støy

Utendørs vegtrafikkstøy for prognoseåret 2035 uten skjerm vil være  $L_{den} = 67$  dB. Det er mulig at kommunen kanskje ikke vil godta så høyt støynivå. En viss støyskjerming langs vegen kan derfor vurderes nærmere. Dette er ikke videre utredet i denne rapporten.

Utendørs støy er vist i vedlegg B:

1) Felles uteareal/lekeplass på 37/78 får støynivå  $L_{den} < 52$  dB. Skjerming her er derfor ikke nødvendig for å tilfredsstille T-1442.

2) Bygningen, 2. etg, som har en stille side med støy  $L_{den} < 55$  dB. Støyen mot vegen kan håndteres på flere ulike måter:

- Uten skjerming av balkongene (private uteplasser) eller skjerming langs veg. Kommunen må i så fall godkjenne et høyere støynivå på støyside (67 dB) enn det som vanligvis blir godkjent i bysentre (65 dB). Boligene får ikke privat uteplass med tilfredsstillende støyforhold.
- Med skjerming av balkongene, men ikke langs veg. Det kreves 1.9 m høy skjerm for at støynivået skal bli  $L_{den} = 55$  dB på balkongene. Skjermen kan være i glass 0.8 m fra vanlig brystning 1.1 m. Det må ordnes med avrenning av vann. Skjermen må være tett.

## 6 Innendørs støy

For at kravene til innendørs støy skal tilfredsstillers må konstruksjonene utføres med kvaliteter som er vist i vedlegg C (vinduer/dører i stuene:  $R_w + C_{tr} = 31$  dB, balansert ventilasjon). Ellers: elementer med standard kvalitet.

## 7 Referanser

- <sup>1</sup> Rapport 5888-1, Herøy 37/381, Støyvurdering. Kilde Akustikk AS, 2011
- <sup>2</sup> Håndbok 064: Nordisk beregningsmetode for vegtrafikkstøy. Statens vegvesen. 2000.
- <sup>3</sup> Isolering mot utendørs støy. Beregningsmetode og datasamling. NBI, Håndbok 47, Oslo, 1999
- <sup>4</sup> Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging, T-1442, Miljøverndept., rev. 2013.
- <sup>5</sup> NS 8175 Lydforhold i bygninger – lydklasser for ulike bygningstyper. Standard Norge, rev. 2012

---

4 (8)

RAPPORT  
16.01.2015

RIAKU01  
RIAKU HERØY 37/381, REVIDERT RAPPORT





## Vedlegg



RAPPORT  
16.01.2015

RIAKU01  
RIAKU HERØY 37/381, REVIDERT RAPPORT


## A. Påbygg 2. etasje










Ny 2.etg med boliger.



7 leiligheter i 2. etg, med balkong mot veien.



-  E ENERGIANLEGG
-  LP LØKKEPLASS
-  B/K BUSTAD/KONTOR
-  SKV KØYREVEG
-  SPP PARKERINGSPLASS
-  FRISIKT (H140)
-  HØGSPENNINGSANLEGG (H370)


6 (8)

RAPPORT  
16.01.2015


RIAKU01  
RIAKU HERØY 37/381, REVIDERT RAPPORT

## B. Utendørs støy

Utendørs støy i prognoseår 2035 i 2. etg (h=5.4 m vist med røde punkt) og på skjermet felles uteareal (h=1.5 m, markert med grønt).



**Støy på privat uteplass, støy i prognoseår på balkong, 1.5 m over gulv, lokal skjerm 1.9 m vist i rød strek, L<sub>den</sub>.**



### C. Innendørs støy og isolasjonstiltak ut over standard



Innendørs støy krever at **stuene** mot FV 654/Myklebustvegen har vinduer og balkongdører  $R_W+C_{tr}= 31$  dB. Det er da regnet verste situasjon, hvor støy på balkonger er  $L_{den} = 67$  dB. Det er forutsatt balansert ventilasjon.

For de øvrige rom er det tilstrekkelig med standard vinduer.

# **SOL-/SKYGGEANALYSE**

## **REGULERINGSENDRING MYKLEBUSTVATNET VEST II**

### **HERØY KOMMUNE**

**22.1.2015**

#### **AG Plan og Arkitektur AS**

Rådgjevande arkitekt og ingeniør •arkitektbedriftene •Rådgivende ingeniørers forening RIF





SOL-/SKYGGEANALYSE

**21.MARS 2015 (VÅRJAMNDØGER) – KL. 12:00**

Skygge på nytt leikeareal: ca. 25%





SOL-/SKYGGEANALYSE

**21.MARS 2015 (VÅRJAMNDØGER) – KL. 18:00**

Skygge på nytt leikeareal: ca. 50%





SOL-/SKYGGEANALYSE

**21.JUNI 2015 – KL. 12:00**

Skygge på nytt leikeareal: 0 %





## SOL-/SKYGGEANALYSE

**21.JUNI 2015 – KL. 18:00**

Skygge på nytt leikeareal: ca. 15 %





SOL-/SKYGGEANALYSE

**23. SEPTEMBER 2015 (HAUSTJAMNDØGER) – KL. 12:00**

Skygge på nytt leikeareal: ca. 25 %





SOL-/SKYGGEANALYSE

**23. SEPTEMBER 2015 (HAUSTJAMNDØGER) – KL. 18:00**


Skygge på nytt leikeareal: ca. 50 %

**Namn på tiltak/plan:** 2013 - Reguleringsendring for del av Myklebustvatnet Vest II

**Sjekkliste for vurdering av risiko og sårbarheit i saker etter plan- og bygningslova**

Utarbeidd av Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Revidert 02.01.2013

Emne		Er det knytt uakseptabel risiko til følgjande forhold?	Nei	Ja
Naturgitte forhold	a	Er området utsett for snø-, jord-, steinskred eller større fjellskred?	X	
	b	Er det fare for flodbølger som følgje av fjellskred i vatn/sjø?	X	
	c	Er det fare for utgliding av området (ustabile grunnforhold)? <i>Ikkje som vi eller tiltakshavar kjenner til. Vi legg til grunn at TEK sine krav til byggegrunn vert undersøkt/avklara ved prosjektering.</i>		
	d	Er området utsett for flaum eller flaumskred, også når ein tek omsyn til auka nedbør som følgje moglege av klimaendringar?	X	
	e	Er skogbrann/lyngbrann i området til fare for bustader/hus?	X	
	f	Er området sårbart for ekstremvær/stormflo – medrekna ev. havnivåstiging?	X	
	g	Treng det takast særskilte omsyn til radon? <i>Ikkje aktuelt då tiltaket inneber flytting av leikeplass. Viser elles til radonmåling tidlegare utført, der verdiane var under anbefalt tiltaksgrense.</i>	X	
	i	Anna (spesifiser)?	X	
	Omgivnad	a	Er det regulerte vassmagasin med spesiell fare for usikker is i nærleiken?	X
b		Er det terrengformasjonar som utgjir spesiell fare (stup etc.)?	X	
c		Vil tiltaket kunne føre til overfløyming i lågareliggande område?	X	
d		Anna (spesifiser)?	X	
Verksemdsrisiko	a	Omfattar tiltaket spesielt farlege anlegg?	X	
	b	Kan utilsikta/ukontrollerte hendingar i nærliggande verksemdar utgjere risiko?	X	
Brann/ulykkesberedskap	a	Har området mangelfull sløkkjevassforsyning (mengde og trykk)?	X	
	b	Har området problematiske tilkomstruter for utrykkingskjøretøy?	X	
Infrastruktur	a	Er det kjende ulykkespunkt på transportnettet i området? <i>Ja, utanfor planområdet v/ fylkesveg 654.</i>		X
	b	Kan utilsikta/ukontrollerte hendingar på nærliggande transportårer inkl. sjø- og luftfart utgjere risiko?	X	
	c	Er det transport av farleg gods til/gjennom området? <i>Ja, utanfor planområdet v/ fylkesveg 654.</i>		X
Kraftforsyning	a	Er området påverka av magnetfelt frå høegspenlinjer?	X	
	b	Er det spesiell klatrefare i høegspenmaster?	X	
	c	Vil tiltaket endre (styrke/svekke) forsyningstryggleiken i området?	X	
Vassforsyning	a	Er det mangelfull vassforsyning i området?	X	
	b	Ligg tiltaket i eller nær nedslagsfeltet for drikkevatt, og kan dette utgjere ein risiko for vassforsyninga?	X	
Sårbare objekt	a	Medfører bortfall av følgjande tenester spesielle ulemper for området: - elektrisitet ? - teletenester? - vassforsyning? - renovasjon/spillvatn?	X	
	b	Er det spesielle brannobjekt i området?	X	
	c	Er det omsorgs- eller oppvekstinstitusjonar i området?	X	
Er området påverka/forureina frå tidlegare bruk	a	Gruver: opne sjakter, steintippar etc.?	X	
	b	Militære anlegg: fjellanlegg, piggrådsperringar etc.?	X	
	c	Industriverksemd som t.d. avfallsdeponering?	X	
	d	Anna (spesifiser)?	X	
Ulovleg verksemd	a	Er tiltaket i seg sjølv eit sabotasje-/terrormål?	X	
	b	Finst det potensielle sabotasje-/terrormål i nærleiken?	X	

Emne/kommentar	Bilde
<p>Infrastruktur</p> <p>FV654: ÅDT 6430, 60/50 km/t</p> <p>Det er registrert eitt (1) ulykkespunkt nær planområdet dei siste 4 år, av typen lettare skadd.</p> <p>Det er også transport av farleg gods på denne vegstrekninga.</p> <p><i>Kommentar:</i> <i>Ulykkespunktet ligg utanfor sjølve planområdet ved fylkesvegen. På denne vegstrekninga er det også transport av farleg gods til/frå Fosnavåg.</i></p>	 <p>Ulykkespunkt</p>

Sjekklista er gjennomgått den 22 / 1 - 2015 av sign: \_\_\_\_\_



## 2213- Reguleringsendring Myklebustvatnet Vest II, Herøy kommune

### SJEKKLISTE NATURMANGFALD

Dato: 22.1.2015

Nr.	Moment	Vurdering/kommentar
1.	Kva økosystem, naturtypar og artar vert råka av planen?	Sjekklista har ikkje avdekka noko registreringar, jf. punkta nedanfor.
2.	Kva effekt vil planen ha på landskap, økosystem, naturtypar og artar.	Viser til at vi ikkje har funne registreringar.
3.	Korleis er tilstanden for dei aktuelle økosystema, og utviklinga i tal lokalitetar av naturtypepane og bestandane av artane på landsbasis og lokalt (på staden)?	Viser til at vi ikkje har funne registreringar.
4.	Ligg det føre faglege rapportar og utgreiingar om naturmangfald i det aktuelle planområdet?	Ikkje som vi kjenner til.
5.	Vil planen påverke trua og nær trua artar og naturtypar på Norsk rødliste for artar 2010 / naturtypar 2011?	Trua artar: nei Trua naturtypar: nei  <i>Kjelder:</i> <a href="http://www.artsdatabanken.no">www.artsdatabanken.no</a> <a href="http://www.naturbase.no">www.naturbase.no</a>
6.	Vil planen påverke trua og nær trua naturtypar på Norsk rødliste for naturtypar 2011?	Nei.  <i>Kjelder:</i> <a href="http://www.artsdatabanken.no">www.artsdatabanken.no</a> <a href="http://www.naturbase.no">www.naturbase.no</a>
7.	Vil planen påverke registrerte naturtypar eller prioriterte artar?	Naturtypar: nei Prioriterte artar: nei  <i>Kjelde:</i> <a href="http://www.naturbase.no">www.naturbase.no</a>
8.	Vil planen påverke verneområder, nærrområder til verneområder, marint beskytta områder eller verna vassdrag (jf. Verneplan for vassdrag)?	Nei.  <i>Kjelde:</i> <a href="http://www.naturbase.no">www.naturbase.no</a> <a href="http://www.nve.no">www.nve.no</a> (NVE Atlas)
9.	Vil planen påverke tilstanden i sjø eller vassførekomstar?	Nei, planen grensar ikkje direkte til sjø og vatn.  <i>Kjelde:</i> <a href="http://vanmiljo.miljodirektoratet.no">http://vanmiljo.miljodirektoratet.no</a>
10.	Vil planen påverke registrerte kulturlandskap?	Nei.  <i>Kjelde:</i> <a href="http://www.naturbase.no">www.naturbase.no</a>
11.	Vil planen påverke miljøregistreringar i	Nei.



## 2213- Reguleringsendring Myklebustvatnet Vest II, Herøy kommune

---

	skog?	<i>Kjelde: <a href="http://www.skogoglandskap.no">www.skogoglandskap.no</a></i>
12.	Vil planen påvirke inngrepsfrie naturområde (INON)?	Nei. <i>Kjelde: <a href="http://www.dirnat.no/inon">www.dirnat.no/inon</a></i>
13.	Er det kunnskapsmangel?	Så langt vi kjenner til er det ikkje vesentlege "opne hol" i kunnskapsgrunnlaget for planområdet vedkomande naturmangfald i tilgjengelege databasar og rapportar.

### **VURDERING**

#### Kunnskap (§8):

Vi oppfattar kunnskapsgrunnlaget i nasjonale databasar som tilfredstillande for vurderingar etter naturmangfaldslova i denne saka.

#### Førevar prinsippet (§9):

Sjekkliste har ikkje avdekkja noko spesielle registreringar av naturmangfald. Ut ifrå dette vil planframlegget ikkje gi vesentleg verknad for naturmiljøet.

#### Samla belastning (§10):

Sett i samanheng med at sjekkliste ikkje har avdekkja noko spesielle registreringar, vert verknaden av planframlegget ikkje regna som vesentleg for naturmiljøet.

#### Overvaking (§11):

Så langt vi kan sjå vil det ikkje vere naudsynt med ytterlegare overvaking av naturmiljøet enn det som allereie er etablert per i dag.

#### Alternativ lokalisering (§12):

Viser til at området i gjeldande plan er regulert og utbygd. Det er ikkje alternativ anna enn som vist. Ikkje utbygde areal er del av «verneområde».

Konklusjonen er at den samla belastninga av planframlegget ikkje medfører vesentleg skade på naturmangfaldet i strid med forvaltningsmåla for naturtypar og økosystem (§4) og artar (§5).

Vi gjer elles merksam på at planendringa i hovudsak gjeld omdisponering av utbygd bustadtomt til leikeplass.

# AG Plan og Arkitektur AS

Rådgjevande arkitekt og ingeniør • arkitektbedriftene • MNAL • arkitektbedriftene • RIF

Ørsta 5.9.2014

Grunneigarar, off. mynde, organisasjonar


## Tiltak:

### OPPSTART AV PRIVAT REGULERINGSARBEID

I samsvar med § 12-8 i Plan- og bygningslova (27.6.2008) vert det med dette varsla oppstart av arbeid med

### **REGULERINGSENDRING del av "MYKLEBUST VEST" I HERØY KOMMUNE**

Planområdet ligg like ved Fylkesveg 654 på Myklebust i Herøy kommune. Føremålet med reguleringsendringa er å flytte leikeplassen i gjeldande reguleringsplan til gnr. 37 bnr. 78 og endre den regulerte leikeplassen til parkering/garasjeanlegg for bustader innan området.



## Tiltakshavar:

Tiltakshavar er Herøy Eigedom AS. Utførande konsulent er AG Plan og Arkitektur AS.

**AG Plan og Arkitektur AS**  
Webjørn Svendsen gate 12  
6150 ØRSTA  
Besøksadr: Webjørn Svendsen gate 12  
6150 ØRSTA

Telefon: 70 06 16 00  
www.agplan.no  
firmapost@agplan.no


Sentral Godkjenning: 2002011841  
Org.nr: 884 182 042 MVA

ARKITEKTUR • AREALPLANLEGGING • VEGPLANLEGGING • VATN- OG AVLØPSANLEGG • ANDRE ANLEGG OG  
KONSTRUKSJONAR • PROSJEKTLEIING • BYGGJELEIING •



**Planområde:**

Planområdet er på om lag 3,1 daa, og omfattar eigedomar innanfor vist plangrense, jf. kartutsnitt under. Plangrensa er godkjent av kommunen.



Planområde /plangrense: **— — — — —**


Plangrensa er valt ut frå ei praktisk avgrensing i høve arealsamanhengen i området. Areal som skal endrast må ligge innan ei (1) plangrense og vere avgrensa på oversiktleg vis. Plangrensa følgjer gnr. 37 bnr. 78, del av veg V5, område B/K og leikeklassen f\_LP (jf neste side som viser plangrensa på noverande reguleringsplan). Arealbruken til B/K-området skal ikkje endrast.

**Utsendt varsel:**

Vi har nytta grunneigar- og naboliste motteke frå Herøy kommune, ut ifrå plangrensa vist ovanfor.

### Gjeldande reguleringsplan:

Planområdet er regulert, viser til gjeldande reguleringsplan "Myklebustvatnet Vest" (planID 200701), med tilhørende reguleringsendring (planID 201209) godkjent 5.9.2013. Arealet som dette tiltaket omfatter er i denne planen regulert som bustadareal, bustad/kontor, leikeplass, energianlegg og køyreveg.



*Utsnitt av gjeldande plansituasjon. Avgrensing av planområdet er markert med raud stipla strek.*

### Litt om bakgrunnen for reguleringsendringa:

Tiltakshavar finn at leikeplassen er ugunstig plassert i gjeldande plan og har kjøpt eigedomen gnr. 37 bnr. 78 med sikte på å nytte denne til leikeplass. I drøfting med kommunen vurderer kommunen førebels at dei funksjonelle kvalitetane for ny løysing på leikeplass er likestilt med no regulert løysing sjølv om «ny leikeplass» på kartet er noko mindre. Dette fordi no regulert areal inneheld trafokiosk med nødvendige avgrensingar, at arealet må bearbeidast meir grunna helling/skråning og at det trengst omfattande støyttiltak rundt leikeplassen, jf avstanden til FV654. Etter tiltakshavar sitt syn er tenkt leikeplassløysing også ei betre løysing for leikefunksjonen i området. (Huset på eigedomen er i heller dårleg stand og er føresett rive som del av opparbeiding av leikeplass).

Det er ei målsetting å få til betre parkerings- og garasjeanlegg for husværa som skal byggast innan B/K-området enn kva B/K-området i gjeldande reguleringsplan gjev rom for. Med flytting av leikeplassen vil parkering og garasjeanlegg på noverande f\_LP -område kunne gje ei god løysing for arealbruken i B/K-området.

**Tilkomst:**

Tilknytning til Fylkesveg 654 er tenkt som i gjeldande reguleringsplan.

**Nye reguleringsfremål:**

Reguleringsendringa inneber i hovudsak flytting av leikeplassen. Nytt arealfremålet vil bli parkeringsplass ev. parkeringsanlegg som erstattar leikeplassarealet i gjeldande plan. Trafokiosken på området (noverande f\_LP) vil bli oppretthalden.

**Planprosess, medverknad:**

Det vart halde oppstartsmøte med Herøy kommune på rådhuset 3.9.2014 i samsvar med PBL § 12-8. Kommunen har godkjend avgrensinga av planområdet.

I planarbeidet vil ein i samarbeid med kommunen drøfte/avklare ev. overordna forhold som vert berørt av reguleringsendringa.

Basert på innspel i tilknytning til forvarslinga vil vi vurdere om det er behov for avklaringar opp mot særskilte grupper som: Eldrerådet, Råd for menneske med nedsett funksjonsevne, Ungdomsrådet og Barnerepresentanten.

**Opp mot grunneigarar og naboar:**

Det vil bli halde møte med grunneigarar og naboar etter behov.

**Type reguleringsplan:**

Reguleringsplanen vil bli fremja som ein detaljplan etter plan- og bygningslova § 12-3.

**Konsekvensane av planen, ROS, jf Plan- og bygningslova §§ 4-1, 4-2 og 4-3:**

Tiltaket er vurdert til å ikkje vere av eit slikt omfang og av slikt karakter at det er naudsynt med planprogram og/eller KU etter PBL §§ 4-1 og 4-2. Som del av saka vil det verte utarbeidd eit notat som viser kva registreringar som ligg føre i nasjonale databasar vedkomande natur, miljø og samfunn, jf forskrift om konsekvensutgreiing vedlegg II og § 4.

Det vil bli utarbeidd ei enkel risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS) som del av planarbeidet.

**Innspel/merknader til varsel om oppstart:**

Innspel/merknader til planarbeidet skal vere skriftlege og sendast til:

<b>AG Plan og Arkitektur AS</b>	
(e-post):	<u><a href="mailto:firmapost@agplan.no">firmapost@agplan.no</a></u> <b>Frist: 21.10.2014</b>
(postadresse):	Webjørn Svendsen gate 12, 6150 Ørsta
E-post og ev skriv skal vere merka: Reguleringsendring Myklebust Vest	

Eventuelle spørsmål til planarbeidet kan rettast til:


Underteikna, eller til :  
Herøy Eigedom AS v/ Ingolf Edvard Fylling tlf. 70 08 96 30

**Vidare saksgong:**

Planforslaget

Siktemålet er å ferdigstille framlegg til plan i løpet av hausten 2014. Framlegg til plan vil då bli lagt fram for formannskapet i Herøy kommune med sikte på vedtak om offentlig ettersyn av planframlegget. Innspel/merknadar som er komne inn som følge av denne oppstartsmeldinga/annonsen, vil bli gjort greie for. Planforslaget vert deretter lagt ut til offentlig ettersyn i 6 veker. Interesserte får då nytt høve til å kome med innspel/merknader til planforslaget før vidare politisk handsaming.

Vennleg helsing


  
Kåre Gjengedal  
Siv.ing./planleggar, RIF

Vedlegg:

- Annonse

Kopi:

- Herøy Eigedom AS v/ Ingolf Edvard Fylling (sendt pr. e-post)



Lokalisering av planområdet



Anlegg- og driftsavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

-

---

Sakshandsamar:	JRG	Arkivsaknr:	2014/1507
		Arkiv:	Q11

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
14/15	Maritim og teknisk komite	24.02.2015
45/15	Formannskapet	03.03.2015

### SØKNAD OM OVERTAKING AV PRIVAT VEG I BONDESTOKKSUND.

#### Møtebehandling:

Det vart halde synfaring i saka.

Anlegg og driftsleiar Jon Rune Våge orienterte.

Folk/SP, Bjarne Kvalsvik kom med slikt nytt framlegg: «Herøy kommune overtek privat veg i Bondestokksund som omsøkt.

Ein føresetnad for overtakinga er at vegen med nødvendig areal vert vederlagsfritt overdregen til kommunen»

Rådmannen si tilråding vart vedteken mot 1 røyst. Folk/SP, Bjarne Kvalsvik røysta for framlegget frå Folk/SP.

#### Tilråding i Maritim og teknisk komite - 24.02.2015

Ein finn ikkje at kommunen på noverande tidspunkt kan overta den private vegen i Bondestokksund.

Vegen skal framleis ha status som privat veg.

#### Tilråding frå rådmannen:

Ein finn ikkje at kommunen på noverande tidspunkt kan overta den private vegen i Bondestokksund.

Vegen skal framleis ha status som privat veg.

Særutskrift: Anlegg og driftsavdelinga, her

**Vedlegg:** Kopi av søknad frå oppsitjarane i Bondestokksund

**Saksopplysningar:**

Ein har motteke brev frå oppsitjarane i Bondestokksund der dei ber om at den private vegen på øya vert overteken til kommunal veg (jfr. vedlegg).

Vegen er om lag 400 meter lang og har ei varierende vegbreidde på 2,5 – 3,0 meter. Vegen har grusdekke med varierende standard. Deler av strekinga er nedslitt og drenering i form av stikkrenner og grøfter langs vegen er mangelfull.

Det er i dag 8 fastbuande husstander på øya.

Brua over til Bondestokksund er kommunal. Brua vart bygd i 1962 og renover/oppgradert i 2008. I samband med denne oppgraderinga kom det opp spørsmål om styrke/kapasitet for brua. Ved at ein ikkje greidde å framskaffe teikningar for armering m.v., gjekk ein til det skritt å foreta ei scanning av armering i bjelkar og brudekke. Med basis i spennvidder, tverrsnittsgeometri og armeringsmengde gjorde konsulentfirmaet Conplan AS ei berekning av brua sin reelle kapasitet.

Konsulentfirmaet konkluderte med eit anbefalt akseltrykk på 6 tonn. Total last brua kan belastast med vart berekna til 20 tonn på eitt felt.

**Vurdering og konklusjon:**

Ei eventuell overtaking av denne vegen vil i første omgang utløyse eit behov for forsterking/oppgradering til kommunal standard. Ved at den kommunale brua har avgrensa kapasitet, vil tyngre køyretøy ikkje kunne passerer. For å illustrere problemet vil t.d. kommunen sin lastebil ikkje kunne nyttast her. Eit tenkt framtidig vedlikehaldsarbeid vil derfor reint praktisk vere utfordrande og fordyrande.

Det kommunale vegnettet inneheld i dag mange små vegstubbar og blindvegar. Fleire av desse er tilkomstveg for noke få husstander. Utfrå ei økonomisk vurdering ville det slik ein ser det, for fleire av desse vore naturleg med ei omklassifisering til privat veg evt. fellesavkøyrslø.

I medhald av ovannemnde vil det slik ein ser det ikkje vere naturleg å påta seg eit ansvar for fleire slike vegar. Ein vil såleis rå i frå at kommunen tek på seg ansvaret for vegen i Bondestokksund.

Fosnavåg, 02.02.2015

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

Jon Rune Våge  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Jan Reidar Gjerde





Bonestokksund 20-9-2014

AD

HERØY KOMMUNE	
RADMANNEN	
2014/1507	JRG
25 SEPT. 2014	
Q11	
	1

Til Herøy kommune v/teknisk etat.

**Søknad til Herøy kommune om overtaking av privat veg i Bondestokksund**

Vi oppsitjarane i Bondestokksund er samde om at tida kanskje er inne no til att denne vegen også blir en del av de kommunale vegnettet.

Vi er i dag 8 husstander på øya, så dei siste åra har trafikken og slitasjen på denne vegen auka sterkt, vi har bla. reinholdsverket sine kjøretøy som også nytter denne vegen.

Denne vegen måler fra øst til vest ca. 500 meter.

Vi vil med denne søknaden ønske at kommunen kunne overta vøling og vedlikeholdet.

Vi håper på et positivt svar fra dere

På vegne av oppsitjarane på Bondestokksund V/ Rolf-Arne Nilsen. Bondestokksund 5, 6070 Tjorvåg.

Margot Andersen  
Harry Andersen  
David Andersen  
Kjell Paulsen Plusund  
Ann-Iren Hatloy  
Erling Henry Storøy  
Marit Luise Storøy  
Sigrun Hauge  
Haugen Hauge  
Janne B. Jøsef Loken  
Ola-Helge Nilsen  
Haugjeod G. Nilsen

Aneta Dzidkic  
Tomaz Drešnje

Rolf-Arne Nilsen  
Bondestokksund 5.  
6070 Tjorvåg



Bonestokkrund 20-9-2014

AD

HERØY KOMMUNE	
RADMANNEN	
2014/1507	JRG
25 SEPT. 2014	
Q11	
	1

Til Herøy kommune v/teknisk etat.

Søknad til Herøy kommune om overtaking av privat veg i Bondestokksund

Vi oppsitjarane i Bondestokksund er samde om at tida kanskje er inne no til att denne vegen også blir en del av de kommunale vegnettet.

Vi er i dag 8 husstander på øya, så dei siste åra har trafikken og slitasjen på denne vegen auka sterkt, vi har bla. reinholdsverket sine kjøretøy som også nytter denne vegen.

Denne vegen måler fra øst til vest ca. 500 meter.

Vi vil med denne søknaden ønske at kommunen kunne overta vøling og vedlikeholdet.

Vi håper på et positivt svar fra dere

På vegne av oppsitjarane på Bondestokksund V/ Rolf-Arne Nilsen. Bondestokksund 5  
6070 Tjorvåg.

Margot Andersen  
Harry Andersen  
David Andersen  
Kjell Paulsen Flusund  
Ann-Iren Hatloy  
Erling Henry Storøy  
Marit Luise Storøy  
Sigrun Hauge  
Fallegr. Hauge  
Janne K. Jøsef Loken  
Ola Helge Nilsen  
Haugjeed G. Nilsen

Ancha Dzidkic  
Tomaz Dzidkic

Rolf-Arne Nilsen  
Bondestokksund 5.  
6070 Tjorvåg

Referatsaker

Referatsaker



Jon-Arild Goksøy

Bakkevegen 26  
6098 NERLANDSØY

Saksnr 2013/1312	Arkiv 231	Dykkar ref	Avd /sakshandsamar ANLD / JRV	Dato 05.02.2015
---------------------	--------------	------------	----------------------------------	--------------------

## AREALBEREKNING OG AVGIFTSGEBYR - OPPSUMMERING ETTER MØTE 02.02.2015

Til stades: Rådmann Olaus-Jon Kopperstad  
Driftsingeniør Fred Arnesen  
Anleggs- og driftsleiar Jon Rune Våge  
Abonnent Jon Arild Goksøy

### Bakgrunn for møtet:

I samband med utsendt faktura vedk. avlaupsgebyr for 2. termin 2014 har Jon Arild Goksøy kome med merknader til/klaga på arealberekninga som dannar grunnlag for fakturering av variabel del av avlaupsgebyret. Abonnent har med bakgrunn i dette halde tilbake delar av fakturert avlaupsgebyr. Merknaden/klagen er spesielt knytt til at garasjar som er samanbygde med eit bustadhus vert teke med i berekningsgrunnlaget, medan evt. frittstående garasjar ikkje vert teke med. Merknaden er også knytt til at kommunen bruker BRA(bruksareal) som berekningsgrunnlag.

### Drøfting:

Problemstillinga vart drøfta og Jon Arild Goksøy la fram sitt syn på saka. Han meiner det ved arealberekninga nemnt ovanfor er ei openberr forskjellshandsaming. Frå kommunen si side vart det m.a. opplyst/påpeikt at:

- Måten arealet skal bereknast på er fastsett i lokal forskrift.
- Kommunen meiner å ha lik praksis ved arealberekning som dannar grunnlag for fastsetjing av avlaupsgebyr for ulike eigedomar.
- Praksis går ut på at frittstående garasjar, uthus og løder m.m. ikkje vert rekna med sjølv om dei står på ein bustadeigedom. Bustad og samanbygde

bygningdeler innafor omsluttande veggjar vert med i berekningsgrunnlaget.  
Evt. andre bygningar med bufunksjon på same eigedom vert også rekna med.

- Det er ikkje høve til å klage på lovleg vedtekne forskrifter.
- Avlaupsforskrifta opnar for at avlaupsgebyret vert berekna etter målt forbruk etter prinsippet vatn inn=vatn ut. Abonnet må då installere vassmålar og vert fakturert etter faktisk forbruk.

### **Vurderingar/konklusjon:**

I alt lov- og forskriftsverk skal det godt gjerast at ikkje nokon føler seg urettvist råka eller forskjellshandsama. Det kjem alt an på kva side ein ser ei sak frå. Ofte må ein gjere ei best mogleg avveging mellom ulike alternativ.

**Frå kommunen si side meiner ein at gjeldande forskrift og praksis vedkomande arealberekning i tilknytning til fastsetjing av avlaupsgebyr ikkje medfører særleg forskjellshandsaming. Dersom ein ikkje er nøgd med måten forbruksgebyret er fastsett på har ein, som nemnt ovanfor, moglegheita for å få forbruket fastsette etter målt forbruk. Med bakrunn i dette kan ein ikkje sjå at abonenten har grunnlag for å halde tilbake delar av avlaupsgebyret og krev at det vert innbetalt omgåande.**

Eventuelle renter og purregebyr farm til møtet 02.02.2015 vart halde vert fråfalle.

Kopi av dette brevet vert sendt Formannskapet som referatsak.

Med helsing

Jon Rune Våge  
Avdelingsleiar

Kopi:  
Formannskapet, referatsak  
Geir Egil Olsen, her  
Fred Arnesen, her  
Susann Fosnavåg, her



**UTTALE TIL SAK OM UTLYSING AV VAKANTE STILLINGAR I 2015**

HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg.nr. 2015/99	Saksbeh.
25 FEB. 2015	
Ark. kode P	
Ark. kode S	
J.nr.	Dok.nr. 5
Kassasjon	

**Desse møtte:**

Fagforbundet: Eli Karin Kvalsund, Marina Hoff Myking

Delta: Marit Iversen Skår, Kari Elsebø

Nito: Tore Langvatn

HVO: Olaug Andreassen

**Gjennomgang av innmeldte stillingar som leiarane ynskjer å lyse ut.**

**Vakanse lærlingar 2015:** Det er viktig for rekruttering og Herøy kommune har eit samfunnsansvar. Dei tillitsvalde meiner at talet på lærlingar i 2015 bør vere på inntil 8 lærlingplassar.

**Vakanse personal- og organisasjonsavdelinga 2015:** Når ein av medarbeidarane gikk ned 60% i stilling i 2013 så mista ein vesentlig kapasitet i avdelinga, på løn. Ytterligere reduksjon av kapasiteten vil gå ut over forsvarlig drift. Avdelinga kjører løn og økonomi for: Herøy kommune, søre Sunnmøre landbrukskontor, opplæringskontoret for søre Sunnmøre og Herøy kyrkjelige fellesråd. På bakgrunn av dette er dei representerte tillitsvalde samde i at tilsetjing bør skje ved overlapping.

**PPT Herøy:** Det kan lysast ut 50% stilling, men tenesta må sjåast på samla med leiarstillinga i PPT.

**Psykiatrisk helsevern:** Når avdelinga i lengre tid har vore driven med redusert bemanning så ser vi det naturleg at det vert tilsett som foreslått når det heller ikkje vil føre til auka kostnader for kommunen.

**Bu- og habilitetsavdelinga:** Vi kan ikkje sjå at avdelinga får løyst oppgåvene med 11 brukarar utan å få tilsette i denne stillinga.

**Brannvern og anlegg- og driftsavdelinga:** Det er viktig for anlegg- og driftsavdelinga at ein får tilsett ingeniørar i vakante stillingar då ein normalt rekrutterer brannbefal frå teknisk sektor. Vakante stillingar i Herøy brannvern må ein få lyse ut for ikkje å få større belastning på mannskapa. Dei utfører lovpålagte kommunale oppgåver og går turnusvakter, ei veke i gongen og vi har ikkje muligheit å sette inn vikarar om nokon er sjuk.

**Avdelingsleiar ved Myrvåg omsorgssenter:** Vi ser det som svært uheldig at den største avdelinga innan pleie og omsorgsavdelinga vert ståande utan leiar.

23.02.15

*Eli Karin Kvalsund*

*Marina Hoff Myking*

*Kari Elsebø*

*Marit Iversen Skår*

*Olaug Andreassen*

*Tore Langvatn*

*Georgine Myking*